



**UNIVERSITETET I BERGEN**  
Institutt for samanliknande politikk

**Masteroppgåve i samanliknande politikk**

*Frå sinke til føregangsland på transpersonars rettar  
- Analyse av bakgrunnen for Noregs lov om endring av juridisk kjønn*

**Malin Solheim Moldestad**  
**Haust 2016**

## **Samandrag**

I løpet av to år gjekk Norge frå å vere ei sinke når det gjelder transpersonar sine rettar til å bli eit føregangsland med diskrimineringsvern grunna kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og verdas mest liberale lov om endring av juridisk kjønn. Oppgåvas målsetnad er å undersøkje kva som var bakgrunnen for den nye lova om endring av juridisk kjønn, og om ei slik ny lov ha innverknad på folk flest sine haldingar til endring av juridisk kjønn. Det teoretiske rammeverket for studien er mobiliseringsteori og internasjonal normdiffusjon. Ei underliggende problemstilling er dermed om lova primært er drivet fram som følgje av nasjonal mobilisering eller internasjonal normdiffusjon. Forskinsstrategien for oppgåva er ein casestuide av den nasjonale og den internasjonale politiske og rettslege utviklinga på dette feltet med mål om å identifiserer viktige hendingar eller aktørarar som har hatt ein innverknad på den norske utviklinga. Problemstillinga blir angrepet av datatriangulering: dokumentanalyse, intervju og haldningsundersøking. For å svare på den andre delen av problemstillinga har eg gjennomført eit survey-eksperiment som undersøkjer om internasjonale eller nasjonale føresetnadar kan påverke val av preferanse for praksisar for å endre juridisk kjønn. Resultata mine viser at nasjonal mobilisering har vore avgjeraande for den rettslege utviklinga i Norge. Det var ikkje mogleg å forsvare tvangsterilisering i regi av staten ovanfor Norske organisasjonar, og umuleg i lys av internasjonal normutvikling som definerer transpersonars rettar i eit menneskerettsleg perspektiv. I tillegg konkluderte LDO med at den norske praksisen var i strid med norsk diskrimineringslov. Survey-eksperimentet gav også fruktbare resultat, og viser at tilleggsinformasjon om norsk praksis og lovforslag hadde ein effekt på preferansar om praksis for å endre juridisk kjønn.

## Forord

Då var eg også endelig ferdig med masteroppgåva mi. Det har vore ei berg-og-dalbane utan like. Det det skal bli så godt å puste letta ut, og ikkje bråvakne i panikk over at eg gløymde å legge til ei kjeldetilvising, eller redsel for at eg gløymde å lagre dokumentet.

Frå (spøk) til alvor har mastertida ved UiB vore ei gjevande tid. Eg må først og fremst rette den største takken til rettleiaren min, Siri Gloppen. Takk for at du alltid er positiv, takk for at du alltid har så god tru på meg, spesielt når eg ikkje har det sjølv. Eg vil også takke alle dei hyggjelege folka i prosjektet *Centre on Law & Social transformation* for ei lærerik tid som venskapleg assistent. Tida mi i prosjektet var viktig for valet av temaet for problemstillinga mi, og det har eg ikkje angra på.

Eg vil også rette ein takk til det gode samhaldet på lesesalen, dagen blir ikkje den same utan felleslunsj og BT quiz. Eg må spesielt nemne sidakameratane mine Stine Mari og Marta for støtte og utløp for frustrasjon i løpet av skriveprosessen.

Til sist må eg sjølvsagt takke familien min som alltid kjem med oppmuntringar og forsikrar meg om at det skal gå bra.

# Innhaldsoversyn

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 Forskingsspørsmål.....</b>	<b>2</b>
<b>1.2 Avgrensing.....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 Sentrale omgrep og distinksjonar.....</b>	<b>4</b>
1.3.1 Trans og cis.....	4
1.3.1. Kjønn.....	5
1.4.3 Transpersoner og transseksuelle .....	6
<b>1.4 Oppgåvas struktur.....</b>	<b>7</b>
<b>2 Teoretisk rammeverk .....</b>	<b>9</b>
<b>2.1 Juridisk og moralsk rett.....</b>	<b>9</b>
2.1.1 Transpersonars rettar .....	10
<b>2.2 Politisk mobilisering.....</b>	<b>10</b>
2.2.1 Politisk mogleiksstruktur .....	11
2.2.2 Mobilisering .....	12
2.2.3 Framing.....	14
<b>2.4 Internasjonal normdiffusjon.....</b>	<b>15</b>
2.4.1 Transnasjonale lobby-nettverk .....	16
2.4.3 Statsidentitet .....	17
2.4.2 Internasjonalt press og sosialisering .....	18
<b>2.5 Lov og haldningar.....</b>	<b>19</b>
<b>3 Forskinsdesign og metode .....</b>	<b>21</b>
<b>3.1 Casestudie som forskingsstrategi .....</b>	<b>23</b>
<b>3.2 Datainnsamling.....</b>	<b>24</b>
3.2.1 Dokumentanalyse .....	24
3.2.2 Intervju.....	25
3.2.3 Survey-undersøking .....	28
<b>3.4 Data og datakvalitet .....</b>	<b>30</b>
3.4.1 Reliabilitet og validitet.....	32
3.4.2 Grunnlag for generalisering.....	33
<b>4 Internasjonal rettsutvikling for transpersoner .....</b>	<b>34</b>
<b>4.1 Internasjonale aktørar.....</b>	<b>35</b>
4.1.1 Dei sameinte statar .....	35
4.1.2 Europarådet.....	36
4.1.3 Den europeiske union.....	37
4.1.4 Internasjonale interesseorganisasjonar.....	37
<b>4.2 Transseksualisme definert som sjukdom.....</b>	<b>38</b>
<b>4.3 Diskrimineringsvern .....</b>	<b>40</b>
4.3.1 Den europeiske union.....	40
4.3.2 Europarådet.....	42
4.3.3 Dei sameinte nasjonane .....	43
<b>4.4 Juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet .....</b>	<b>44</b>
4.4.1 Vilkår for å endre juridisk kjønn .....	46
<b>4.5 Internasjonal utvikling på nasjonalt nivå .....</b>	<b>50</b>

<b>5 Kjønn i den norske staten.....</b>	<b>53</b>
<b>5.2 Endring av juridisk kjønn .....</b>	<b>55</b>
<b>5.3 Nasjonale aktørar .....</b>	<b>58</b>
5.3.1 Interesseorganisasjonar .....	58
5.3.2 Politiske parti .....	59
5.3.3 Likestillings- og diskrimineringsombodet .....	60
<b>6.0 Diskrimineringsvern.....</b>	<b>60</b>
<b>6.1 Diskrimineringsvern for transseksuelle .....</b>	<b>62</b>
<b>6.2 Diskrimineringsvern for transpersonar .....</b>	<b>63</b>
6.2.1 Betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bofile og transpersoner.....	63
6.2.2 Eit heilskapleg diskrimineringsvern?.....	64
6.2.3 Diskrimineringslova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk .....	66
<b>7 Anerkjening av juridisk kjønn.....</b>	<b>69</b>
<b>7.1 Amnesty Internationals kritikk av Norge.....</b>	<b>69</b>
7.1.1 The state decides who I am .....	69
7.1.2 Skriv for liv.....	70
<b>7.2 LDO: transpersonar diskriminerast .....</b>	<b>71</b>
<b>7.3 Rett til rett kjønn .....</b>	<b>74</b>
<b>7.4 Ny lov om endring av juridisk kjønn .....</b>	<b>76</b>
7.4.1 Høyring .....	77
7.4.2 Prop. 74 L Lov om endring av juridisk kjønn .....	78
7.4.3 Lovvedtaket .....	80
<b>8 Norske holdninger til transepsoner .....</b>	<b>81</b>
<b>8.1 Haldningar til transpersonar .....</b>	<b>82</b>
8.1.1 Resultat .....	83
<b>8.2 Haldningar til endring av juridisk kjønn.....</b>	<b>84</b>
8.2.1 Resultat .....	87
<b>8.3 Haldningar til ein tredje kjønnskategori .....</b>	<b>92</b>
7.3.1 Resultat .....	93
<b>9 Nasjonal mobilisering eller internasjonal normdiffusjon?.....</b>	<b>94</b>
<b>Konklusjon .....</b>	<b>96</b>

## **Tabell og Figurliste**

<i>Figur 1 Oversikt over datagrunnlag</i>	31
<i>Figur 2 Trans Right Map 2016</i>	51
<i>Figur 3 Ordsky</i>	83
<i>Figur 4 sektordiagram av variabel 2a</i>	88
<i>Figur 5 Sektordiagram av variabel 2b</i>	89
<i>Figur 6 Sektordiagram av variabel 2c</i>	90
<i>Figur 7 Sektordiagram av variabel 2d</i>	91
<i>Figur 8 Samla stolpediagram av survey-eksperimentet</i>	92
<i>Figur 9 Haldningar til ein tredje kjønnskategori</i>	94
<i>Tabell 1 Distinksjonar i transposisjonar</i>	6
<i>Tabell 2 To utvals t-test for 2a og 2b</i>	89
<i>Tabell 3 To utvals t-test for 2a og 2c</i>	90
<i>Tabell 4 to utvals t-test for 2a og 2d</i>	91



# 1 Innleiing

I 2014 anerkjente Facebook mangfaldet av kjønnsidentitetar ved å innføre ei liste av 56 moglege kjønnskategoriar i tillegg til mann og kvinne, og ein person kan velje opp til ti kjønnskategoriar på sin profil.<sup>1</sup> Etter klagar frå personar som ikkje identifiserte seg med nokre av dei nye valalternativa for kjønn gjorde Facebook tidleg i 2015 det mogleg for brukarar å formulere sin eigen kjønnsidentitet. Nasjonale myndigheter er derimot ikkje like liberale når det kjem til mangfaldet av kjønnsidentitet, og storparten av juridiske rammeverk baserer seg på tokjønnsmodellen. Dette inneberer det både juridisk og sosialt i dei fleste tilfelle kun er tilrettelagt for to kjønn: mann eller kvinne. Transpersonar utfordrar den etablerte tokjønnsmodellen og det er stor variasjon i korleis nasjonale myndigheter har handtert dette.

Få samfunn har gått vekk frå tokjønnsmodellen, men nokre har heller etablert praksistar som gjer det mogleg å endre juridisk kjønn til det ”andre kjønnet”. Fleire statar anerkjenner dermed retten til å endre juridisk kjønn, men det er variasjon i kva vilkår som må oppfyllast for å få mogleiken til dette. Den vanlegaste praksisen er at personar må få diagnosen transseksualisme og gjennomføre fullstendig kjønnsbekreftande behandling, som inneberer medisinsk behandling, inkludert irreversibelsterilisering. I følgje Transgender Europe sin *Trans Right Map 2016* er det seks statar som forbyr endring av juridisk kjønn, og 23 statar som har eit absolutt krav om kjønnsbekreftande behandling og sterilisering for å endre juridisk kjønn (TGEU 2016b). Dette gir eit ganske dystert bilet av transpersonar sine rettar i Europa, men det er likevel teikn på betring av situasjonen. Vi er altså vitne til ei progressiv utvikling i Europa. Transpersonar sin rett til å endre juridisk kjønn har i aukande grad blitt knytt til menneskerettar, og steriliseringskravet har generert debatt, og blitt kritisert av ei rekke menneskerettsorganisasjonar. I 2014 var det 12 europeiske land som tillét at personar fikk endre juridisk kjønn utan krav om sterilisering, men i løpet av 2016 har dette talet auka til 16 land, deriblant Norge. Det er dog viktig å merke seg at fleire av desse landa framleis har medisinske vilkår for å endre juridisk kjønn sjølv om det ikkje er krav om sterilisering.

---

<sup>1</sup> ”When 58 gender choices aren’t enough: Facebook launches “fill in the blank” option for users”, *Daily Mail* (Associated Press 2015). Oversikt over dei tidlegare alternativa for kjønnsidentitet.

I juli 2016 var lova om endring av juridisk kjønn vedteken i Norge. Lova opphevar medisinsk behandling og kirurgiske inngrep som vilkår for å endre juridisk kjønn, og garanterer retten til å endre juridisk kjønn basert på eiga oppfatning av kjønnsidentitet. Lova er radikal, og Norge gjekk frå å ein svært restriktiv praksis til å plasserer seg i verdstoppen av progressive lovar for endring av juridisk kjønn. På den andre sida er det merknadsverdig at Norge er seint ute. Norge oppfattar seg sjølv som, og blir internasjonalt sett på som, ein forkjempar for lhbt-rettar, og var tidleg ute med å legalisere likekjønna ekteskap i 2009. Når det kjem til rettar for transpersonar har Norge derimot vore seint ute. Dette reiser ei interessante problemstilling, korleis gjekk Norge frå å ha ein svært restriktiv praksis til å få ei av verdas mest progressive lover om endring av juridisk kjønn?

Transpersonar sine rettar har vore i skuggen av lesbiske og homofile sine rettar i fleire kontekstar. Vi er vitne til ei spennande utvikling på dette feltet, og det er mange interessante forskingsspørsmål knytt til denne utviklinga. Det har blitt etterspurt meir forsking på lhbt-rettar generelt, men spesielt transperson sine rettar. Årsaka til at valte dette temaet er først og fremst at det er manglande forsking på dette feltet. I tillegg presenterte Norge er eit veldig interessant case, eit paradoks. For det første har Norge lenge hevda seg om ein internasjonal forkjempar for lhbt-rettar, men truverdigheita til denne bodskapen vart utfordra av den norske staten si behandling av transpersonar. For det andre er Norge i ein komparativ kontekst seint ute med å identifisere manglande vern og juridisk anerkjenning av transpersonar. Det verkar dog som at Norge vil gjere skikkelig opp for seg. I løpet av to år har Norge gått frå å ha eit totalt fråverande juridisk rammeverk for transpersonar, til å lovfeste kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk som diskrimineringsgrunnlag og få verdas mest liberale lov om endring av juridisk kjønn. Situasjonen er framleis ikkje perfekt, men i løpet av to år tok Norge eit stort sprang. I denne oppgåva vil eg prøve å få klarheit i kva som var bakgrunnen for den progressive lova, og identifisere relevante aktørar og hendingar i ein nasjonal og internasjonal kontekst.

## 1.1 Forskingsspørsmål

Temaet for denne oppgåva er den rettslege utviklinga for transpersonar i Norge, og føremålet er å undersøkje bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn. Eg har eit to-delt forskingsspørsmål som eg ønskjer å undersøke i denne oppgåva.

Forskingsspørsmålet er som følgjer:

*Kva var bakgrunnen for den nye lova om endring av juridisk kjønn og kan ei slik ny lov få innverknad på folk flest sine haldningar til endring av juridisk kjønn?*

Den første delen av forskingsspørsmålet tar sikte på å undersøke kva som er bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn. For å svare på denne problemstillinga må eg kartleggje den norske rettsutviklinga for transpersonar. Føremålet er å identifisere viktige aktørar og hendingar som kan forklare kvifor den nye lova vart vedtatt. Som følgje av at litteratur om politisk aktivisme og mobilisering har lagt vekt på internasjonale organisasjonar si rolle i norm- og lovutforming ville eg også undersøke internasjonal politikk og lovutforming på dette feltet opp mot den norske utvikling, for å identifisere moglege effektar på den norske lova om endring av juridisk kjønn. Spørsmålet blir dermed om lova primært er driven fram av nedanfrå/nasjonalt eller ovanfrå/internasjonalt. Den underliggende problemstillinga er:

*Er lova hovudsakleg eit resultat av nasjonal mobilisering eller internasjonal normdiffusjon?*

Den andre delen av forskingsspørsmålet tar for seg forholdet mellom lov og haldningar. Det er ein brei litteratur som undersøker forholdet mellom lov og haldningar og årsaksretninga, om haldningar påverkar lov og/eller omvendt. Eg forsøker eigentleg å illustrere begge årsaksretningane i denne oppgåva. Først undersøkjer eg om normer fremja av internasjonale og nasjonale aktørar er ei drivkraft bak den nye lova ved å overtyde norske myndigheter om at den gamle praksisen var utdatert og måtte justerast i lys av nye verdiar og haldningar til transpersonars rettar. I tillegg har eg ei survey undersøking som gir innsikt i om lova har støtte i den generelle befolkninga, og om nasjonale og internasjonale føresetnadar har innverknad på norske haldningar til praksis for å endre juridisk kjønn. Sidan sosialt stigma og mangel på aksept er en stor belastning for transpersoner er det viktig å forstå i kva grad endring av lovgiving om skifte av juridisk kjønn kan ha ei tyding for samfunnets holdningar på dette området. Lova har ein direkte effekt for personar som ønskjer å endre juridisk kjønn, og vil gjere kvarдagen deira betrakteleg betre. Det er likevel interessant å undersøkje om lova

også påverkar resten av befolkninga sine haldningar endring av juridisk kjønn. For å svare på dette spørsmålet gjennomførte eg eit survey-eksperiment om haldningar til endring praksisar for å endre juridisk kjønn.

## 1.2 Avgrensing

Transpersonars rettar er eit stort tema og det var nødvendig å avgrense oppgåva.

Utgangspunktet for oppgåva er retten til å endre juridisk kjønn som er eit sentralt tema for organisasjonar som arbeidar for transpersonars rettar. Sidan eg undersøkjer bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn vil eg analysere den rettslege utviklinga for transpersonar i Norge og internasjonalt. Medisinske rettar er eit anna særskilt viktig tema for transpersonar, meir spesifikt retten til kjønnsbekreftande behandling om det er ønskjeleg. Dette er eit viktig tema som eg gjerne ville inkludere i oppgåva, men eg måtte avgrense oppgåva med omsyn til formkrav til ei masteroppgåve. Sidan diagnose og kjønnsbekreftande behandling var vilkår for å endre juridisk kjønn i Norge blir det medisinske aspektet av transpersonar sin rettskamp ein del av oppgåva, men som vilkår for å endre juridisk kjønn. Retten til kjønnsbekreftande behandling blir dermed ikkje eit fokus i denne oppgåva, men eg vil igjen understreke viktigheten av dette temaet. I tillegg til medisinske rettar er diskrimineringsvern og retten til å endre juridisk kjønn kjernesakar for transrørsla, og dette står sentralt i denne oppgåva.

## 1.3 Sentrale omgrep og distinksjonar

Terminologien på dette feltet er kompleks, så det er nødvendig å definere sentrale omgrep og viktige distinksjonar som er gjennomgåande i oppgåveteksten.

### 1.3.1 Trans og cis

Først er det eit skilje mellom transpersonar og cispersonar. Trans er ei samlenemning for personar med *kjønnsinkongruens*, altså manglande samsvar mellom kjønn tildelt ved fødsel basert på kjønnsorgan og eigen oppfatning av ens kjønnsidentitet. *Kjønnsidentitet* er ein persons indre oppleving av å vere kvinne, mann, både kvinne og mann eller ingen av dei. Korleis kjønn oppfattast og kva forventningar som er knytt til personers kjønn varierer mellom kulturar og samfunn. Ein *tokjønnsmodell* er likevel norma i mange samfunn, der det

både juridisk og sosialt i dei fleste tilfelle kun er tilrettelagt for to kjønn: mann og kvinne. Personar med kjønnsinkongruens kan utfordre tokjønnsmodellen ved å identifisere seg som noko anna en mann eller kvinne. Ein cisperson identifiserer seg med det biologiske kjønnet han eller ho er fødd med. Omgrepet er dermed nytta som ein motsetnad til transperson, og tydeleggjer at alle har ein kjønnsidentitet, ikkje berre kjønnsminoritar som transpersonar.

I utlandet nyttast ofte det engelske framandordet «transgender», men i Norge var det ønskje om å nytte eit norsk ord. Det oppsto dermed eit behov for å etablere eit omgrep som dekkja rekkjevidda av det engelske ordet transgender, og i 2005 inngjekk FTPN i samarbeid med språkrådet og fremja omgrepet transperson (FTPN 2016). Dette omgrepet har sidan blitt nytta av organisasjonar som representerer transpersonar sine interesser og norske myndigheter. Samstundes har nokre nye dokument som Helsedirektoratets rapport *Rett til rett kjønn* nytta ”personar med kjønnsinkongruens” som eit samleomgrep for alle personer som opplev mangel på samsvar mellom eigen kjønnsidentitet og registrert juridisk kjønnsstatus. I denne oppgåva vel eg likevel å nytte transpersonar (transgender) framfor personar med kjønnsinkongruens. For det første blir personar med kjønnsinkongruens først og fremst nytta i medisinsk terminologi. I tillegg er transperson (transgender) eit internasjonalt anerkjent omgrep, samt at transperson er i tråd med omgropsbruken i norsk diskrimineringslov.

### **1.3.1. Kjønn**

Personer med kjønnsinkongruens utfordrar det tradisjonelle synet på kjønn som dikotomien kvinne-mann, kjønn er nemleg ein kompleks kategori med fleire dimensjonar. Eg vil trekkje fram fire dimensjonar av kjønn: kroppsleg, sosialt, psykologisk og juridisk kjønn. Det er viktig å utvide forståinga av kjønn for å forstå kompleksiteten i transpersonars forhold til kjønn, samt myndigheters forhold til transpersonar. *Kroppsleg* eller somatisk kjønn omhandlar ytre kjønnsteikn, genitalia, som er grunnlaget for kjønnsbestemming ved fødselen (Van der Ros 2014, 4). *Sosialt* kjønn er det kjønnet andre oppfattar deg som, og som du sosialiseras inn i. Den sosiale konstruksjonen av kjønn byggjar på kultur- og samfunnsskapte normer og forventningar til personers oppførsel og utsjånad basert på kjønn. Tidleg i barndomen blir vi stadig eksponert for forventingar basert på kjønn, rosa blir oppfatta som ein ”jentefarge” medan blått blir ”gutefarge”, og i leikebutikkar er det tydelege skilje mellom ”jenteleikar” og ”guteleikar”. *Psykologisk* kjønn er individets eigen oppfatning og oppleveling av sitt kjønn, dets kjønnsidentitet. Psykologisk kjønn blir ofte reflektert i ein person sitt *kjønnsuttrykk*, korleis ein bevisst eller ubevisst uttrykker sin kjønnsidentitet. *Juridisk* kjønn er

samfunnets offisielle registrering av kjønn, den kjønnsverdien ein nyfødd får tillagt ved fødsel og som registrerast i folkeregisteret. Denne dimensjonen er særleg aktuell i transpersoners møte med staten. Mange transpersoner opplev eit manglande samsvar mellom sitt juridiske kjønn (synleggjort i identitetspapir som pass, førarkort og bankkort) og sin kjønnsidentiteten.

### **1.4.3 Transpersoner og transseksuelle**

Terminologi og distinksjonar nytta om personar som ikkje kjenner samsvar mellom kjønn tillagt ved fødsel og kjønnsidentitet er kompleks. Roen (2002) skil mellom kategoriane neither/nor, om dei som føler seg som kvinne eller mann, og both/neither om dei opplever å høyre til begge kjønn og dei som ikkje identifiserer seg som kvinne eller mann (Roen 2002). Van der Roos (2014) tok utgangspunkt i dette, men utarbeida sin eigen typologi med fire distinksjonar i transposisjonar. Eg valte å inkludere denne tabellen for å gi ei oversiktleg innføring i terminologien nytta innanfor denne tematikken. Eg omsette innhaldet frå bokmål til nynorsk.

**Tabell 1 Distinksjonar i transposisjonar**

Forståing av kjønn	Forhold til kjønn	Val av kjønnskategori(er)	Posisjon i transspekteret
Binær	Avviser kjønn tillagt ved fødselen	Enten/eller	Transseksuell med eller utan diagnose, transkjønnet med eller utan diagnose
Kontinuum	Avviser det gjensidig utelukkande ved tokjønnsmodellen	Både/og	Transvestitt, transperson med fleire kjønnsuttrykk, androgyn
Fleire enn to kjønn	Avviser tokjønnsmodellen	Ønskjer eks. et tredje kjønn X	Kjønnsvariant, kjønnskreativ
Kjønn irrelevant	Avviser kjønn som identitetsmarkør	Verken/eller	Kjønnsavvisar, kjønnsskeiv

Kjelde: (Van der Ros 2014, 59)

Transperson (transgender) er eit samleomgrep for undergrupper av personar som har eit kjønnsuttrykk eller ein kjønnsidentitet som ikkje er i samsvar med sitt kroppslege kjønn. Det er viktig å understreke mangfaldet innanfor dette samleomgrepet, og tabellen over viser at transpersonar har ulik forståing av kjønn som identitetsmarkør. Det er altså ein hovuddistinksjon mellom transpersonar som anerkjenner tokjønnsmodellen og transpersonar

som avvisar den binære kjønnskategorien og utfordrar tokjønnsmodellen. Van der Ros delar dei som anerkjenner tokjønnsmodellen inn i to undergrupper: 1) personer som kjenner at dei hører til eit bestemt kjønn og som ønskjer å markere sin kjønnsidentitet som enten mann eller kvinne og vil følgje samfunnets normer for sosialt kjønn, og 2) dei som ikkje anerkjenner kjønn som ein gjensidig utelukkande kategori men eit kontinuum med mann og kvinner som ytterpunkt (Van der Ros 2014, 64). Dei førstnemnte har dermed eit binært forhold til kjønn, men dei avvisar kjønnet tillagt ved fødsel og opplev at dei hører til det ”andre kjønnet”.

Personar under denne ”kategorien” opprettheld tokjønnsmodellen og blir ofte kalla transseksuelle, transkjønnet. Dei andre identifiserer seg med det mannlege og kvinnelege kjønnet i ulik grad, og transvestittar, transpersonar med fleire kjønnsuttrykk og androgyn er døme på personar i denne undergruppa. På den andre sida er det personar som avvisar tokjønnsmodellen ved at dei identifiserer seg som eit anna kjønn enn mann eller kvinne. Desse personane kan ha eit ønske om ein tredje juridisk kjønnskategori sidan dei ikkje føler seg heime under kategorien mann eller kvinne. I tillegg er det nokon som avviser kjønn som identitetsmarkør, og ønskjer derfor ikkje å definere seg i ein kjønnskategori.

Ein anna relevant distinksjon på transfeltet er skiljet mellom personar med diagnosen transseksualisme, ofte skildra som ”transseksuelle” og personar med kjønnskongruens utan denne diagnosen, som går under samleomgrepet ”transpersonar”. Definisjon av dette skiljet er ikkje uproblematisk. Transseksuelle er ei undergruppe av transpersonar, og internasjonalt blir dei rekna under samleomgrepet transgender. Samstundes er denne distinksjonen svært relevant i denne oppgåva sidan distinksjonen er sentral i forholdet til rettar knytt til diskrimineringsvern og endring av juridisk kjønn.

## 1.4 Oppgåvas struktur

I kapittel 2 presenterer eg det teoretiske rammeverket for oppgåva mi, som består av fire hovuddelar: mobilisering, internasjonal normdiffusjon og forholdet mellom lov og haldning. Føremålet med oppgåva er å analysere bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn, og eg er spesielt interessert i om nasjonal mobilisering eller internasjonal normdiffusjon er den primære forklaringa bak lova. Eg skal også undersøkje begge årsaksretningane for forholdet mellom lov og haldning. Eg er spesielt interessert i om nasjonale eller internasjonale føresetnadar kan påverka haldninga til lova om endring av juridisk kjønn. Kapittel 3

presenterer forskingsdesignet og metoden eg har nytta i oppgåva. Eg har valt casestudie som forskingsstrategi, og metodar eg har nytta for å samle inn data: dokumentanalyse, intervju og survey-undersøking. Eg avsluttar kapitellet med å vurdere datamaterialets datakvalitet og grunnlag for generalisering. Det fjerde kapittelet er ei analyse av den internasjonale politiske og rettslege utviklinga om transpersonars rettar. Kapittelet innleiar med ei kort oversikt over viktige internasjonale aktørar, og ein del om transseksualisme definert som ein sjukdom. Vidare er det ein analysedel av internasjonal utvikling knytt til diskrimineringsvern av transpersonar, og ein analysedel av internasjonal utvikling knytt til retten til å endre juridisk kjønn og vilkår som regulerer denne praksisen. Eg avslutta kapittelet med ei kort innføring om andre land sine praksisar for å endre juridisk kjønn. Det femte kapittelet handlar om kjønn i den norske staten. Her skildra eg gjeldande praksis for namneendring og tidlegare praksis for å endre juridisk kjønn. Avslutningsvis gir eg ei oversikt over viktige nasjonale aktørar i den rettslege utviklinga av transpersonars rettar i Norge. Det sjette kapittelet analyserer lovprosessen til vedtaket om diskrimineringslova om seksuell orientering, der eg skil mellom diskrimineringsver for transseksuelle og transpersonar sin situasjon. Kapittel sju tar for seg viktige hendingar, som Amnesty sin kritikk av den norske praksisen for å endre juridisk kjønn, og LDO si avgjerd om at transpersonar diskriminerast, og dokumentasjon av førearbeidet til lova om endring av juridisk kjønn. Kapittel 8 presenterer resultata frå survey-undersøkinga. Kapittel 9 er ein diskusjonsdel som vurderer problemstillingane i lys av det teoretiske rammeverket og empiriske funn i analysen. Dette kapittelet avsluttast med ei kort oppsummering i ein konklusjon.

## 2 Teoretisk rammeverk

I dette kapittelet vil eg legge fram det grunnleggjande teoretiske rammeverket for oppgåva. Det består av fire hovuddelar: den første handlar om rettar, den andre om nasjonal mobilisering, den tredje om internasjonal normdiffusjon, og den fjerde om forholdet mellom lov og haldningar.

### 2.1 Juridisk og moralsk rett

Forskningsobjektet i denne oppgåve er å forstå kva som var bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn gjennom analyse av nasjonal og internasjonal rettsutvikling for transpersonar. Rettar står dermed sentralt i oppgåva, men det er viktig å markere skilje mellom juridiske rettar og moralske retter. Juridiske rettar er nedfelt i lov eller i eit system av formelle reglar og handhevast gjennom domstolar (Heywood 2004, 185). Moralske rettar har derimot ingen juridisk substans, men er moralske krav eller normer om kva som bør vere rett. Moralske rettar er dermed ”ideelle” rettar som gir personar ein fordel som dei treng eller fortinar, og reflekterer kva personar bør ha frå eit moralsk eller religiøst perspektiv. Det er til dømes mange organisasjonar og enkeltpersonar som meiner at personar av same kjønn bør få lov til å gifte seg på lik linje som to personar av motsett kjønn, medan andre kan argumentere for at dette ikkje bør vere lov frå eit religiøst perspektiv. Så lenge retten til likekjønna ekteskap ikkje er lovfesta er dette ein moralsk rett, men om det blir vedtatt i lov blir det transformert til ein juridisk rett.

Menneskerettar blir sett på som moralske rettar av høgste orden. Då menneskerettserklæringa vart vedteken av FNs generalforsamling i 1948 vart det understrekt at erklæringa ikkje var ein bindande traktat, men Eleanor Roosevelt skildra erklæringa som ”set up of a common standard of achievement for all peoples and all nations” (Risse og Sikkink 1999, 1).

Menneskerettar er bokstaveleg talt rettar menneske har fordi dei er menneske, dei er dermed universelle rettar i den forstand at dei høyrar til alle menneske uavhengig av nasjonalitet, rase, kjønn, religion eller kva som helst anna. Menneskerettar er også fundamentale sidan umistelege, dei kan ikkje bli bytta inn eller tilbakekallast. Fleire menneskerettar har i

transformerst til internasjonale eller nasjonale juridiske rettar. Om nasjonar adopterer menneskerettar i sine nasjonale lovverk blir dei transformert frå moralske til juridiske rettar.

### **2.1.1 Transpersonars rettar**

Lhbt-rettar har i aukande grad blitt eit viktig tema i internasjonal politikk. I denne oppgåva er det rettar for transpersonar som er sentralt. Aktivistnettverket Transgender Europe (TGEU) som arbeidar for å betre transpersonar sin rettslege status i Europa, og publiserer ein årleg indeks over transrettar i Europa. Indeksen er delt inn i fem kategoriar: 1) juridisk anerkjenning av kjønn, 2) asyl, 3) vald og hatefulle ytringar 4) diskrimineringsvern, og 5) familierettar (TGEU og ILGA-Europe 2015). I denne oppgåva er det diskrimineringsvern og juridisk endring av kjønn som er relevant sidan det har vore tema og blitt vedtatt i norsk lovgjeving. Retten til juridisk anerkjenning av kjønn, eller mogleiken til å endre juridisk kjønn er ei kjernesak for mange transpersonar og organisasjonar som fremjar deira interesse. Det er to formar for juridisk anerkjenning av eins kjønnsidentitet. Den mildaste forma er juridisk namneendring, den andre er endring av juridisk kjønnsstatus i offentleg dokumentasjon som pass, førarkort og i nokre tilfelle personnummer. Indeksen viser også kva vilkår som må oppfyllast for å endre juridisk kjønn i dei ulike landa, deriblant krav om diagnose, medisinsk behandling, kirurgi, sterilisering, skilsmisse og aldersgrense. Målet for TGEU og andre likesinna er at praksisen for å endre juridisk kjønn skal vere åtskild frå helsevesenet, at det ikkje skal vere krav om diagnose, medisinsk behandling eller kirurgiske inngrep for å endre juridisk kjønn.

### **2.2 Politisk mobilisering**

Studiar av politisk aktivisme tar ofte utgangspunkt i Social *movement theory*, eller *contentious politics*. Studieobjektet er det samle: kollektiv handling for å oppnå eit felles mål. Sosial rørsle teori søker å forklare opphavet til sosiale rørsler og deira grad av suksess. Tilly (2004) definerer ei sosial rørsle som ”a sustained, organized public effort making collective claims on target authorites” (Tarrow 2005, 6) Kjernen i sosiale rørsler er felles interesser eller vierdiar som blir uttrykt gjennom ei felles mål som blir fremja gjennom kollektiv handling. Contentious politics består av at samla klynger av personar formar offentlege og kollektive

krav om endring til andre klynger av personar eller store politiske aktørar (McAdam, Tarrow, og Tilly 2009, 261). Desse teoretiske perspektiva er nærståande og fokuserer på dei same nøkkelkonsepta for å forklare kollektiv aktivisme: politisk mogleiksstruktur, mobiliseringsstruktur og framing.

## **2.2.1 Politisk mogleiksstruktur**

Storparten av statsvitenskapleg litteratur om nye sosiale rørsler har utvikla teoriar som forklarar sosiale rørslers opphav, strategival og grad av suksess. Denne litteraturen legg stor vekt på politisk mogleiksstruktur, som refererer til konsistente dimensjonar av det politiske miljøet som driv eller motverkar kollektiv handling (Tarrow 2005, 23). Den politiske mogleiksstrukturen består eksogene dimensjonar som forsterkar eller hemmar mogleiken for mobilisering. McAdam (1996) har basert på tidlegare litteratur utpeika fire viktige dimensjon av politisk mogleiksstruktur: 1) Det institusjonaliserte politiske systemets grad av openheit, 2) Stabiliteten av elitekoalisjonar, 3) eksistensen av allierte i eliten, og 3) statens kapasitet og tilbøyelighet til undertrykking (McAdam 1996, 27). Dei ulike dimensjonane er ikkje like relevante i denne oppgåva, den fjerde dimensjonen er meir passande i autoritære regimer og mindre passande i ein norsk kontekst.

Den første dimensjonen er det politiske det institusjonaliserte politiske systemets grad av openheit. Denne dimensjonen refererer til statiske mogleikar og refererer til meir stabile trekk ved politiske institusjonar som byråkratiske organ, formelle mekanismar som regulerer tilgang til politiske myndigheiter, og statens kapasitet til å gjennomføre endringar (Smith og Fetner 2010, 17). Desse mogleikane blir derfor rekna som statiske, sidan dei er relativt konsekvente over tid, sjølv om det ikkje er umuleg å endre. Det politiske systemets grad av openheit, altså tilgang til myndigkeitene, blir rekna som ein viktig dimensjon. Sosiale rørsler, og spesielt minoritetsrørsler, er avhengig av frie og trygge rom for å organisere seg og mobilisere støtte for at krava deira skal bli høyrde.

Den nemnte dimensjon blir eit utrykk for strukturell mogleikar, den andre og tredje dimensjonen har derimot ein meir dynamisk karakter. Viktige dynamiske mogleikar knytt til sosiale rørsler er stabilitet av elitekoalisjonar, moglege allierte innan den politiske eliten. Splittingar i elitekoalisjonar kan skape mogleikar til å få nye allierte i eliten. Om sosiale rørsler vil vere ein reell aktør for endring er viktig at dei har ein god relasjon til eller eit

samarbeid med politiske elitar. Politisk kontekst har også blir understrekt ein faktor som kan fostre mobilisering. Midlertidige kriser eller kritiske hendingar kan opne ein politisk mogleiksstruktur, men med ein føresetnad om at sosiale rørsler oppfattar mogleiken som byr og utnyttar den (J. Smith og Fetner 2010, 17) For å oppsummere er openheit heilt nødvendig for at politiske krav skal blir høyrt, men ikkje tilstrekkeleg om politiske elitar ikkje er mottakelege for krava.

Politisk openheit er ein mindre relevant dimensjon i denne oppgåva. Eg vil argumentere for at det er ganske tydeleg at den politiske strukturen i Norge generelt er open og inkluderande. Det er etablerte organisasjonar som arbeidar for å fremje transpersonar sine rettar, og det er norske tilskotsordningar til frivillige organisasjonar. Norske myndigheter har ved fleire anledningar uttrykt støtte til lhbt-rettar nasjonal og internasjonalt (UD 2013, BLD 2008). Norge har også ein sterk høringskultur, der alle forslag til lover og forskrifter blir sendt til relevante organisasjonar eller næringsliv for å få innspel til det aktuelle forslaget. Norge var også relativt tidleg ute med å vedta viktige rettar for homofile, som diskrimineringsvern og likekjønna ekteskap. I denne studien skal undersøkje kva som var drivkraftene bak lova om endring av juridisk kjønn, og interaksjonen mellom aktivistar og myndighetene er meir interessant enn den politiske strukturen. Dei nasjonale dimensjonane som er interessante er mobilisering av krav om rettar for transpersonar og den politiske elitens mottakelegheit for desse krava. Anna litteratur legg også vekt på at sosial rørsler sjølv kan utvide deira politiske mogleikar, og legg større vekt på interne kjenneteikn ved den sosiale rørsla.

## **2.2.2 Mobilisering**

Sjølv om den politiske mogleiksstruktur er gunstig, er det avgjerande at den sosiale rørsla har kapasitet til utnytte mogleikar som oppstår. Ressursmobilisering refererer derfor til interne kjenneteikn ved den sosiale rørsla: formelle og uformelle organisasjonar og nettverk, samt rutinar for kommunikasjon og koordinering mellom grupper av menneske. McCarthy og Zald (1977) var pionerar for dette teoretiske perspektivet og dei fokuserer hovudsakleg på materielle ressursar og organisatorisk kapasitet og strategiske tilnærmingar som faktorar med innverknad på organisasjonars mogleikar til å mobilisere støtte (McCarthy og Zald 1977). Det første aspektet av ressursmobilisering er organisatoriske kjenneteikn ved rørsla. McCarthy og Zald la vekt på at formelle organisasjonar (sosial rørsle organisasjonar) var avgjerande for utviklinga av sosiale rørsler. Dette underbyggjar dei med at sosiale rørsle organisasjonar i

moderne tid har blitt profesjonalisert, og viser til at ein stor del arbeidet i sosiale rørsler blir utført av betalte profesjonelle som arbeider med å samle inn og administrere pengar, ressursar og tid (McCarthy og Zald 1977, 1227). Til tross for at sosial rørsle organisasjonar har blitt meir profesjonelle er framleis stor variasjon knytt til fleire viktige dimensjonar. Ein av desse er tilgang til eksterne ressursar som pengar eller mediedekking. Ressursmobilisering kan derfor tolkast som eit uttrykk for institusjonalisering av sosial rørsle og deira aktivitet.

Nyare litteratur om sosiale rørsler har fokusert på konseptet om mobiliseringsstuktur. Dette konseptet blir nytta av analytikarar sidan det er meir fruktbart for analysar av formelle og uformelle organisasjonar eller aktørar i sosiale rørsler. Sidan sosiale rørsler og nettverk i hovudsak består av ein kombinasjon av ulike sett av aktørar, nokre er eksplisitt organisert rundt rørslas målsetnadar (formelle), medan andre er organisert for andre sosiale føremål (Smith og Fetner 2010, 31). Faktorane under analyse er dog dei same. Keck og Sikkink (1998) hevdar at lobbynettverk er mest effektive når dei tette og består av mange aktørar. Tettleik referer til at det er eit sterkt forhold mellom grupper i nettverker, og at det er pålitelege kanalar for regelmessig informasjonsveksling innanfor nettverket (Keck og Sikkink 1998, 19). Det er kanskje logisk at større rørsler eller nettverk har betre føresetnadar for å mobilisere støtte, men om det ikkje er godt etablerte kanalar for informasjonsutveksling og generell kommunikasjon større nettverk kan vil mobiliseringa vere mindre slagkraftig. Godt samarbeid og tydeleg arbeidsfordeling er dermed også kjenneteikn av meir organiserte nettverk og rørsler.

Det andre aspektet er ulike strategiar og handlingsrepertoaret. Sosiale rørsler har ulike strategiske mål, blant anna å mobilisere støttespelarar eller å nøytraliserer eller transformerer masser og elite til sympatisørar for å oppnå målet om politisk endring (McCarthy og Zald 1977, 1217). Rørlene må derfor velja passande taktikkar for å oppnå dei ulike målsetnadane. Val av strategiske tilnærmingar blir i tur påverka av organisatoriske kjenneteikn og tilgang til ressursar. Konvensjonelle tilnærmingar til aktivisme tar utgangspunkt i formelle politiske institusjonar som å mobilisere veljarar eller å drive lobbyverksemrd ovanfor den politiske eliten. Ein anna strategisk tilnærming tar utgangspunkt i ”outsider” aktivisme som offentleg demonstrasjonar, underskriftskampanjar eller sivil ulydnad. Mobiliseringsstruktur er altså eit uttrykk for den sosiale rørla si rolle i å fostre mobilisering, strategiske val av aktivisme og produserer samfunnsendringar.

### **2.2.3 Framing**

I sosial rørsle teori refererer ”framing” til fortolkingsrammer, altså utforming og vinkling av verdiar, identitet og politiske mål. Målet med framing er å reformulerer eigne verdiar og motiv for å tilpasse dei sånn at dei kan appellere til potensielle støttespelarar eller medlem. Keck og Sikkink argumenterer for at konstruksjonar av kognitive frames er ein essensiell komponent i aktivistar sine politiske strategiar. Aktivistar prøvar å bringe sakar på den offentlege agendaen ved å utforme dei på innovative måtar for å mobilisere støtte (Keck og Sikkink 1998, 17).

Snow og Benford (1988) definerer tre element i vellukka framing: diagnostisk, prognostisk og motiverande. Det diagnostiske element dreiar seg om å finne ei passande fortolkingsramme for å konstruerer eit sosialt problem (Porta og Diani 2006, 76). Med andre ord er målet å diagnostisere eit samfunnsproblem og overtyde potensielle støttespelarar om at det er viktig og relevant sak. Målet er å formulerer ein tydeleg og mektig bodskap som vil appellere til eit breitt publikum. Samstundes er det viktig at informasjon som underbyggjer saka er truverdig, og det er derfor avgjerande at informasjonen er godt dokumentert (Keck og Sikkink 1998, 19). Målet blir dermed å finne ein god balanse mellom ein dramatisk og merksemgsvekkjande presentasjon av godt dokumentert og påliteleg informasjon. Ein vellukka konstruksjon av eit problem er avhengig av at dei ansvarlege aktørane blir identifisert. Det er lettare å mobilisere støtte om det er tydeleg kven som har skulda for problemet. Det prognostiske elementet tar sikte på forslag til strategiske og taktiske løysingar på problemet. Denne fortolkingsramma fungerer som ein guide på korleis overtyde om at rørsla har funne løysinga på problemet og dette er den rette løysinga. Det er lettare å mobilisere støtte til aktivisme mot eit problem om det blir presentert konkrete mål som vil løyse det aktuelle problemet. Det motiverande elementet er knytt til å overtyde masser om at handling er nødvendig. Målet er å generalisere eit bestemt problem og demonstrere relevansen for potensielle støttespelarar eller medlem. Det motiverande elementet av framing vil sjølv sagt variere basert på kven målgruppa er, og ulike argumentasjon kan nyttast for å appellere til ulike interesser som er investert i det aktuelle problemet.

I same tråd har Keck og Sikkink (1998) sin studie av transnasjonale lobbynettverk argumenterer dei for at det er to sakkarakteristikkar særleg har ført til vellukka mobilisering: 1) sakar som involverer fysisk skade av sårbare individ, spesielt når det er ei kort og tydeleg

årsakskjede som tildelar ansvar, og 2) sakar som involverer juridisk likestilling av mogleik (Keck og Sikkink 1998, 27). Kampanjar som viser at sårbare eller uskuldige individ blir utsett for fysisk skade vil skape ein naturleg reaksjon av medkjensle og medhug, og dermed auke sjansen for at fleire vill støtte den aktuelle saka. Den kausale historia er også viktig sidan den etablerer kven som er ansvarleg og skuldig, samtidig må den må vere kort og overtydande. Det er enklare å mobilisere ei sak mot ein spesifikk aktør som er direkte ansvarleg for problemet.

## 2.4 Internasjonal normdiffusjon

Forsking på internasjonale relasjoner har studert kva innverknad normer og identitetar har på statleg åtferd, og spesielt kva innverknad det internasjonale menneskeretsregimet har på nasjonal lov og politikkutforming (Risse og Sikkink 1999). Teoriar om internasjonal normdiffusjon baserer seg på at internasjonale normer kan ha ein effekt på nasjonal policyendring. Det norm blir definert som ein standard for passande åtferd for aktørarar med ei gitt identitet (Finnemore og Sikkink 1998, 891) Internasjonale normer er grunna i transnasjonale nettverk og internasjonale institusjonars etablering av såkalla *soft law* som uttrykker ei verdi eller ei norm, men som ikkje er juridisk bindande. I statsvitakapleg litteratur kan soft law inkludere omfattande etiske overtydingar, uformelle førestillingar om beste praksis, politiske idear og avgjerder eller anbefalingar frå bestemte internasjonale organisasjonar som ikkje er bindande (Kollman 2009, 41). Internasjonale lover og normer påverkar satar sin åtferd, ved at det representerer ein standardar for passande oppførsel definert i form av rettar og pliktar. FNs menneskerettar er eit relevant døme på normer, men Reglar utgjer derimot spesifikke applikasjonar av normer i spesielle situasjonar (Cortell og Davis 1996). Ei norm er ikkje ein regel før den blir implementert i lov.

Verdssamfunnsteori argumenterer for at nasjonale politiske debattar og politiske reformer blir påverka av ein overnasjonal kulturell og diskursiv orden med normative prinsipp om aktuelle politiske mål og strukturar (Towns 2012, 186). Dette teoretiske perspektivet hevder også at eit politisk standpunkt har ein tendens til å spreie seg raskare når det er i samsvar med generelle overnasjonale verdiar. Ei forventing som følgjer denne tilnærminga er at statar med dette band til den internasjonale arenaen bør ha eit høgare sannsyn for å justere sine nasjonale lover og praksisar ut frå desse normene.

Internasjonal normutforming kan dermed ha ein påverknad på statar ved at det blir definert kva som er passande eller riktig åtferd. Tidlegare forsking på internasjonal normdiffusjon har lagt vekt på faktorar som aukar sjansane for suksessfull normdiffusjon: 1) Transnasjonale lobby-nettverk, 2) internasjonalt press og sosialisering, 3) statsidentitet og 4) nasjonale kontekst. Nasjonal kontekst har allereie blitt drøfta

#### **2.4.1 Transnasjonale lobby-nettverk**

Som følgje av globalisering og internasjonalisering har det vakse fram transnasjonal aktivisme. Desse nye sosiale rørslene har spreidd seg over landegrenser og nyttar transnasjonal mobilisering. Litteratur om internasjonale relasjonar og sosiale rørsler har markert viktigheten av lobby-nettverk sin innverknad på internasjonal diffusjon av rettslovgjeving. Keck og Sikkink (1998) definerer *transnational advocacy networks* som transnasjonale nettverk som ”er organisert for å fremje saker, prinsipielle idear og normer, og dei involverer ofte individ som fremjar politisk endring som ikkje lett kan knytast til ei rasjonell forståing av deira ”interesser” (Keck og Sikkink 1998, 9). Det er ingen god norsk omsetjing av omgrepet, men eg har valt å bruke transnasjonale lobby-nettverk. Desse nettverka kan inkludere ei mengde aktørar som mellom anna internasjonale og nasjonale ikkje-statlege lobbyorganisasjonar, media, stiftingar, delar av den lovgjevande og/eller utøvande forsamlinga, brukarorganisasjonar eller enkeltindivid som intellektuelle eller kjende personar. Tarrow (2005) har undersøkt framvekst av transnasjonale lobby-nettverk, og introduserte internasjonalisme som mogleiksstruktur i *The new transnational activism*. Ho definerer konseptet internasjonalisering som tre samanhengande trendar: 1) aukande horisontal tettleik av relasjonar mellom statar, regjeringsmedlem og ikkje-statlege aktørar, 2) betre vertikale linkar mellom subnasjonale, nasjonale og internasjonale nivå, og 3) forbetra formell og uformell struktur som inviterer transnasjonal aktivisme og forenklar formasjonen av nettverk av ikkje-statlege, statlege eller internasjonale aktørar (Tarrow 2005, 8). Internasjonalisering og eksistensen av transnasjonale samarbeidspartnarar kan altså betre nasjonal mogleiksstruktur.

Risse, Ropp og Sikkink (1999) hevdar at transnasjonale lobby-nettverk er heilt avgjerande for diffusjon av internasjonale normer på menneskerettsarenaen, og at dei har tre konkrete føremål som kan føre til nasjonal endring. For det første kan dei overvake statar som bryt normer og setje det på agendaen for å auke den moralske bevisstheten om den aktuelle saka

(Risse og Sikkink 1999, 5). Dette kan ha ein direkte effekt på staten som gjer lovbroten, men også ein indirekte effekt som ei påminning til liberale statar om sin identitet som pådrivar for menneskerettar. For det andre blir nasjonale opposisjonsgrupper sine krav styrka og meir legitime når dei kan vise til støtte frå internasjonale lobby-nettverk, som vil styrke den nasjonale mobiliseringa mot myndighetene. For det tredje skapar kombinasjonen av desse strategiane eit transnasjonalt strukturpress der den bestemte regjeringen blir utsett for eit samtidig press ”nedanfrå” og ”ovanfrå”. Keck og Sikkink definerer dette som eit *bumerangmønster*, som oppstår når nasjonal opposisjon har manglande allierte i eliten og nasjonal mobilisering blir blokkert. I slike situasjoner kan nasjonal opposisjon søkje etter internasjonale allierte og prøve å leggje eit press på staten utanfrå, samstundes som dei legg press på staten innanfrå (Keck og Sikkink 1998, 13).

Fernández og Lutter (2013) legg også vekt på at internasjonale organisasjoner kan stimulerer diffusjonseffekten ved å promotere visse normer og verdiar gjennom å utvikle strategiar for å implementere desse prinsippa gjennom tydeleg utarbeiding av informasjonsskriv med oppmodingar og anbefalingar (Fernández og Lutter 2013, 107). Eit relevant døme er lhbt-aktivistar si utforming av Yogyakarta prinsippa i 2007 som består av ei rekke prinsipp om bruken av internasjonale menneskerettar i relasjon til seksuelle orientering og kjønnsidentitet.

#### **2.4.3 Statsidentitet**

I studiar som undersøkjer effekten av normdiffusjon blir statsidentitet framheva som ein viktig faktor som forklarar variasjon av effekt. Statsidentitet byggjar på idear om naturen og hensikta til ei bestemt styreform, som er djupt innebygd i varige statsstrukturar som juridiske rammeverk, konstitusjon, administrativt apparat og ideologisk rammeverk (Guowitz 2006, 43). Statsidentitet kan vere sjølverklært i konstitusjon, lovverk eller myndigheiters ytringar. Det blir til dømes slått fast i Norges grunnlov § 2 at ”Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene” (*Kongeriket Norges Grunnlov* 1814), og Norge er dermed eit sjølverklært liberalt demokrati. Statsidentitet formar statens interesser og prioriteringar. Styrking av menneskerettar vil til dømes vere ei naturleg interesse for ein demokratisk stat, men er mindre typisk for ein autoritær stat. Statsidentitet påverkar dermed styresmakters vurdering av effektiviteten, legitimitet og viktigheten av ulike normer, og dermed korleis styresmakter vil respondere til press til å innføre desse normene. Både statlege

og ikkje-statlege aktørar opererer innanfor statsidentitetens struktur og avgrensingar. Om den norske regjeringa til dømes ville ekskludere personar med låg utdanning frå å stemme ved val ville responsen vore at det ikkje er rett fordi Norge er eit liberalt demokrati.

Sjølv om identitetar er sjølverklært er dei også relasjonelle, dei må bli anerkjent av ”andre”. Det er kjenneteikn og forventningar knytt til statsidentitet, og Risse og Sikkink hevdar til dømes at statar som høyrer til samfunnet av liberale statar (identitet) må respektere visse menneskerettsnormer (Risse og Sikkink 1999, 8). Store avvik frå desse forventningane vil føre til at ein fell utanfor samfunnet av den statsidentiteten, om ein stat regelmessig handlar i strid med sin sjølverklærte identitet blir ikkje identiteten anerkjent av andre statar. Eit døme er ”konkurrerande autoritære regimer” som er sjølverklærte demokrati med demokratiske institusjonar, men som internasjonalt ikkje blir anerkjent som demokrati på grunn åtferd som ikkje er konsekvent med demokrati som misbruk av statsressursar eller trakassering av opposisjonskandidatar eller veljarane deira. Statsidentitet påverkar dermed statar sin åtferd i det internasjonale rom, samt sannsynet for at statar implementerer visse internasjonale normer på nasjonalt nivå.

#### **2.4.2 Internasjonalt press og sosialisering**

Internasjonal sosialisering inneberer at interaksjonar mellom statar i eit internasjonalt samfunn fører til kollektive forståingar om kva som er akseptabel åtferd, som igjen kan føre til endringar i statars identitet, interesser eller åtferd (Risse og Sikkink 1999, 11). Studiar om normdiffusjon har hevda at rettar diffunderast til statar når dei er overtydd om at norma er hensiktsmessig eller når dei fryktar kostnaden av internasjonalt press (Ayoub 2015, 298). Statleg sosialisering er ein bakgrunn for internasjonal normutforming, men jo breiare forståing det er for ulike normer eller rettar jo større sjanse er det for at denne norma kan bli implementert i nasjonal lov.

Risse, Ropp og Sikkink etablerte eit teoretisk rammeverk for sosialiseringsprosessar der menneskerettslege normer fører til varig endring i undertrykkande regimer. Norge er langt frå eit undertrykkande regime, men prosessen av å auke moralsk medviten, ”skampåføring”, argumentasjon, dialog og overtyding er relevant for alle regimetypar. Denne prosessen tar utgangspunkt i at det internasjonale menneskerettssamfunnet aukar moralsk medviten rundt ei spesifikk norm (Risse og Sikkink 1999, 15). Eit verkty som blir nytta for å oppnå dette er

skampåføring, der normbrytaren blir uthengt eller utestengt frå eit samfunn som følgje av upassande oppførsel. Skampåføring er mest effektiv når det skapar tydeleg skilje mellom insiders (menneskerettsvernadar) og outsiders (menneskerettsbrytarar). Regjeringar som er opptekne av sitt internasjonale omdømme kan bli fornærma om dei ikkje blir sette på som insiders, og det er større sjanse for at det justerer åtferda si. Målet er uansett å overtale leiatar om at åtferda deira er inkonsistent med den statsidentiteten dei ønskjer å høyre til. Eit døme som illustrerer dette er kritikken Det konservative partiet i Storbritannia fikk då dei forma gruppa European Conservatives and Reformists (ECR) i Europaparlamentet saman med det polske partiet Lov og rettferd i 2005 (Ayoub 2015, 298). Samarbeidet var basert på euroskepsis og anti-føderalisme, men britisk og internasjonal media kritiserte det britiske partiet for samarbeidet basert på Lov og Rettferd sin homofobiske retorikk. Kritikken vart så alvorlig at medlemmane i ECR gjekk langt for å bevise at dei ikkje var homofobiske, representantar frå Det konservative partiet deltok mellom anna under Gay pride i Warszawa.

Teoriar som legg vekt på internasjonalt press tar utgangspunkt i at internasjonale organisasjoner tar i bruk incentiver eller formar av press ovanfor statar, og fokuserer på kostnaden assosiert med å adoptere den bestemte norma (Finnemore og Sikkink 1998, 906; Ayoub 2015). I løpet av 1990-talet krevja til dømes EU at sokjarland må avkriminalisere homoseksualitet og vedta forbod mot diskriminering i arbeidslivet. Det å ikkje adoptere lhbt-normer vil derfor føre til tapte materielle gode assosiert med det økonomiske og tryggleiksmessige samarbeidet på europeisk nivå. Sjanske for å implementere normer i lov aukar når statar blir utsett for press eller incentiver av internasjonale organisasjoner.

## 2.5 Lov og haldningar

Forholdet mellom lover og holdningar har lenge vært et tema innanfor kriminologi og rettssosiologi. Denne litteraturen fokuserer på at ambisjonen bak lover og andre juridiske reguleringar er å endre statsborgars åtferd. Målet med lova er som regel å redusere eller fremje ulike formar av aktivitet, til dømes bruk av bilbelte eller røyking på offentleg stad. Lover blir handheva gjennom eit rettssystem som sanksjonerer lovbrøytarar, i form av bøter eller fengselsstraff, for å unngå at det skal gjentakast (Bilz og Nadler 2014, 241). Lover har også ein preventiv effekt ved at personar ikkje bryt lover fordi dei fryktar sanksjonar. Lover kan også ha ein indirekte effekt ved at dei endrar haldningar til regulert åtferd. Røykelover er

ein hyppig nytta døme på dette. Røykelover avgrensar mogleiken til å røyke i offentlege rom, og kan dermed tolkast som ei skampålegging av ein åferd som ikkje er ønskjeleg. Nyare i studiar har i tråd med forskar på om og korleis lover kan skape sosiale normer som igjen kan påverke haldningars.

I det siste tiåret, med veksten innanfor empiriske rettsstudiar, med forgreiningar blant anna til åferdsøkonomi og psykologi, har forsking prøvd å meir systematisk påvise kausale effektar av lover (og domstolsavgjerder) på haldningars. Økonomar tar utgangspunkt i rational choice theory når dei forklarar individ sin åferd. Dette tar utgangspunkt i at individ ønskjer å maksimere tilfredsstilheit av sine preferansar, basert på eigne oppfatningar om korleis dette målet kan oppnåast, underlagt avgrensingar av mogleikar. Cooter (1998) hevder at ein rasjonell person tileigner seg ei norm og endrar preferansar når det er fordelaktig (Cooter 1998, 586). Denne tilnærminga baserer deg på *expressive law* teori som tar utgangspunkt i at lover uttrykker verdiar som individ kan tilegne. På denne måten er lov eit middel for å endre sosiale normer ved at den uttrykke verdiar eller haldningars. Svallfors (2010) hevdar at mekanismar for normativ tilbakemelding (feedback) er gjeldande når lov eller policy gir innbyggjarane ei oppfatning og kva som er ønskjeleg (Svallfors 2010, 120). På denne måten kan lov og politikkutforming ha in innverknad på sosiale normer, eller i nokre tilfelle legge eit grunnlag for nye sosiale normer.

I nyare tid har altså normer blitt inkorporert i studiar av individ sin åferd for å forstå sosiale reguleringar. McAdams (2001) argumenterer for at individ bryr seg om kva andre, til og med framande personar, syns om dei og at dette kan vere eit mål i seg sjølv (McAdams 2001, 341). Dette perspektivet tar utgangspunkt i at personar opplever godkjenning som ei nytte, og underkjenning som ein kostnad. Med dette som utgangspunkt vil ein kunne endre personar sine verdiar eller haldningars ved å endre personens oppfatning av kva andre personar godkjenner eller ikkje. McAdams påpeikar at lovgjeving er eit slikt instrument som kan oppdaterer personers oppfatning av kva som vil genererer godkjenning eller aksept. På denne måten kan lovgjeving vere eit middel som signaliserer ”gode” eller ”riktige” verdiar.

Samstundes er har sosial respons teori påpeikt at det ikkje er noko garanti for at lover sine utrykk for verdiar eller haldningars har den tiltenkte effekten. Carbonara, Parsi og Von Wengenheim (2008) understreker at ei lov som reflekterer tidlegare sosiale verdiar har større sjansar for å bli akseptert, tileigna og støtta. Vedtak av ei lov kan også føre til tilbakeslag

(backlash) av haldningar, altså ei sterk negativ haldningseffekt, spesielt om det er store avvik mellom tidlegare verdiar og verdigrunnlaget lova prøver å implementere (Carbonara, Parisi, og Von Wangenheim 2008, 480). Om lova ikkje er i samsvar med generelle verdiar kan den altså vere ein trigger for opposisjon. Kontekst kan også påverke lovas effekt på haldningar. Soss og Schram (2007) undersøkjer kva forhold som kan påverke lov eller politikkutforming sin effekt på haldningar. Dei det er større sjanse for at lover har ein effekt på haldningar om lova regulerer forhold som er synlege og har ein direkte effekt på individ (Soss og Schram 2007). Kotsadam og Jakobssen (2011) sin studie av den norske sexkjøp lova sinn effekt på haldningar underbygger denne argumentasjonen. Resultata deira viste at lova ikkje hadde ein effekt på den generelle haldning til kjøn av sex, men at den hadde ein effekt på personar i Oslo, det prostitusjon var meir synleg før lova vart vedtatt, vart meir negative til kjøp av sex (Kotsadam og Jakobsson 2011, 108). Ein anna faktor som kan påverke lovas effekt på haldningar er tillit til politikarar. Om myndighetene blir oppfatta som legitime og det er høg tillit til at dei kan ta avgjerder om korleis ei lov bør bli implementert vil det vere større sjanse for at lover bli oppfatta som legitime kjelder for kva som er rett og gale (Bilz og Nadler 2014, 247).

Svallfors understreker at det er problematisk å etablere den kausale retninga i analysar av forholdet mellom lov og haldningar (Svallfors 2010, 120). Er det tilfellet at institusjonell endring er ein pådrivar for haldningsendringar, gjennom at personar justerer sine normative forventningar etter institusjonelle forhold, eller er det heller haldningsendringar som er pådrivarar for institusjonell endring gjennom at institusjonar må justerast eller oppdaterast i lys av nye verdimønster og haldningsendring? Eg forsøker eigentleg å illustrere begge årsaksretningane i denne oppgåva. Først undersøkjer eg om normer fremja av internasjonale og nasjonale aktørar er ei drivkraft bak den nye lova ved å overtyde norske myndigheter om at den gamle praksisen var utdatert og måtte justerast i lys av nye verdiar og haldningar til transpersonars rettar. I tillegg har eg ei survey undersøking som gir innsikt i om lova har støtte i den generelle befolkninga, og om nasjonale og internasjonale føresetnadnar har innverknad på norske haldningar til praksis for å endre juridisk kjønn.

### 3 Forskingsdesign og metode

Vitskaplege metodar er eit sett av retningslinjer som skal sikre at vitskapleg verksemd er fagleg forsvarleg, og metoden er dermed ein framgangsmåte for å nå eit bestemt mål. I samfunnsvitskapleg forsking er det eit generelt skilje mellom kvalitative og kvantitative studiar (Creswell 2013). Kvantitative studiar søker statistisk generalisering gjennom analyse av kvantitative talfesta data. Desse studiane baserer seg på mange einingar og færre, ofte få, variablar. Metoden i kvantitative studiar er statistiske analyser av ulike slag og kvantitative design må derfor vere godt strukturerte med standardiserte analyseteknikkar. Studieobjektet i kvantitative studiar er oftast relasjonar mellom ulike variablar til dømes om utdanning, kjønn eller alder har ein effekt på inntekt. Kvalitative studiar er meir opptekne av å oppnå forståing av sosiale fenomen og dra relevante fortolkingar gjennom analytisk skildring av kvalitative data (Grønmo 2004, 338). Kvalitativ forsking kjenneteiknast av mange variablar, og færre einingar. Kvalitative forskingsdesign er prega av fleksibilitet, opplegget og problemstillinga kan bli endra i løpet av datainnsamlinga når forskaren får betre innsikt i temaet, og dei forskjellige fasane i designet kan overlappe. I kvalitative studiar har forskaren eit nærrare forhold til datamaterialet uansett om det er aktørar, dokument eller respondentar sidan forskaren arbeidar direkte med kjeldene. Forskarrolla er dermed meir sentral i kvantitative studiar sidan forskaren må ta mange val i løpet av studien, sidan forskarens tolkingar og val av datamaterialet har innverknad på resultatet. Datagrunnlaget for denne oppgåva er i hovudsak kvalitativt, men eg har òg nytta kvantitative data for å svare på den andre delen av problemstillinga.

I dette kapittelet vil eg gjere greie for den metodiske tilnærminga eg har nytta for å svare på oppgåvas problemstilling. Problemstillinga er todelt: *Kva var bakgrunnen for den nye lova om endring av juridisk kjønn og kan ei slik ny lov få innverknad på folk flest sine haldingar til endring av juridisk kjønn?* Eg vil først sjå på casestudie som forskingsstrategi for å svare på den første delen av problemstillinga og grunngje dette valet. Vidare vil eg sjå på innsamlingsmetodane dokumentanalyse og intervju, og vurdere datagrunnlaget for analysen. Eg vil også foreta ei vurdering av datamaterialets reliabilitet og validitet, og merke sterke og svake sider ved datamaterialet. Deretter vil gjere greie for survey-eksperiment og grunngje kvifor eg har valt denne metoden for å svare på den andre delen av problemstillinga.

### 3.1 Casestudie som forskingsstrategi

Eg har valt å nytte casestudie som forskingsdesign i denne oppgåva. Casestudiar er ein dominant strategi i samfunnsvitskapleg forsking, og det er derfor ein stor litteratur som drøftar definisjonar og bruk av ulike casestudiar. Det er først eit skilje mellom *casestudiar* med ei analyseeining og *komparative casestudiar* som samanliknar fleire einingar. Denne oppgåva baserer seg på ein casestudie med eit analyseobjekt, så eg vil ikkje utdjupe meir om komparative casestudiar. I følgje Grønmo (2004) har casestudiar mål om å utvikle ei heilsakapleg forståing av den eine eininga som undersøkast (Grønmo 2004, 90). Som ei følgje av dette er casestudiar svært intensive studiar som omfattar mykje informasjon om analyseeininga. I likskap med Grønmo, hevder Andersen (1997) at casestudiar siktar på å trekke ut essensen av komplekse samanhengar (Andersen 1997, 22). Han understreker likevel at casestudiars framgangsmåte og hensikt i samfunnsvitskapen er omstridt, og at det er mangel på ei fellesforståing av denne metodiske tilnærminga, og at dette er problematisk. Yin (1989) står for den mest sofistikerte definisjonen og ”brukaranvisning” av casestudiar. Han definerer ein casestudie som ein empirisk forskingsstrategi som undersøker eit moderne fenomen i sin verkelege kontekst, spesielt når grensene mellom fenomenet og kontekst ikkje er tydeleg eller openbar (Yin 1989, 13). Han presenterer også ein definisjonen med meir tekniske karakteristikkar, casestudie-design:

- taklar den tekniske karakteristiske situasjonen der det vil vere mange fleire variablar av interesse enn datapunkter, og er som ei følgje
- avhengig av fleire beviskjelder med data som møtast på ein triangulerande måte,
- og drar føredelar frå tidlegare utvikling av teoretiske forslag for å veileie datainnsamling og analyse.

Det er fleire gode grunner til at eg valte casestudie som forskingsdesign. I denne oppgåva er det bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn som er analyseobjektet, altså den politiske og rettslege prosessen som førte til vedtaket av lova. Målet er å identifisere viktige aktørar eller hendingar som kan forklare lovas opphav. Casestudie er hensiktsmessig strategi for problemstillinga mi sidan den taklar komplekse fenomen med mange variablar, og at føremålet er å få ei djupare forståing av bakgrunnen for forslaget. George og Bennett (2005) påpeiker at casestudiar har ei styrke i å utforske og forklare årsaksmekanismar. Innanfor eit

enkelt case kan ein undersøke eit stort tal på mellomliggende variablar, og induktivt observere uventa aspekt ved drifta av ein bestemt årsaksmekanisme eller bidra til å identifisere kva forhold som finnast i ein case som aktiverer årsaksmekanismen (George og Bennett 2005, 21). Statistiske analyser og testar kan med større sikkerhet fastslå at X påverkar Y, men dei kan ikkje utforske årsaksmekanismane som ligg bak årsaksforholdet, eller identifisere mellomliggende variablar på same måte som ein casestudie. På den andre sida har casestudiar ei avgrensing når det kjem til vurdere påverknaden av ulike forklaringsvariablar. Ei casestudie kan berre dra tentative konklusjonar om kva grad ein bestemt variabel påverkar utfallet i ein bestemt case (George og Bennett 2005, 25). Styrken i casestudiar er å vurdere om eller korleis ein variabel påverkar utfallet, ikkje kor stor denne effekten er.

## **3.2 Datainnsamling**

Val av metode for dataproduksjon vil vere avhengig av emne og studiens problemstilling. Som vist tidlegare er metodetriangulering og datatriangulering eit kjenneteikn ved casestudiar. Dokumentanalyse er den primære metoden for innsamling og analyse av sentral dokumentasjon av generell rettsutvikling og førarbeid til og vedtak av den nye lova. Eg har også gjennomført intervju med sentrale aktørar som har fremja transpersonar sine rettar i Noreg, som sit på innsikt og kjennskap som er verdifull for analysen.

### **3.2.1 Dokumentanalyse**

Dokumentanalyse er eit populært forskingsverktøy som byggjar på systematisk gjennomgang av dokumenter for å finne relevant informasjon og avdekke viktige samanhengar om forholda som studerast (Grønmo 2004: 188). I alle casestudiar er dokument avgjerande for å oppnå djup kunnskap og forståing av fenomenet som undersøkast. Dokumentanalyse er ei form for kvalitativ innhaldsanalyse som tar sikte på å kategorisere innhaldet og registrere data som er relevant for problemstillinga. Eit kjenneteikn for dokumentanalyse er at datainnsamlinga til dels føregår parallelt med dataanalysen. Etter kvart som fleire dokument blir analysert blir problemstillinga betre belyst og forskaren får betre innsikt i kva andre tekstar som er relevante for analysen. Dokumentanalyse er dermed ein fleksibel metode for datainnsamling. I denne samanhengen blir dokument rekna som ulike typar dokumentarriske materiale som kan

analyserast med sikt på å få fram relevant informasjon om det forholdet som undersøkast (Grønmo 2004, 120). Storparten av dokument har ei skrifteleg framstilling, men dokument kan også vere lydopptak med verbalt innhald eller visuelle framsyningar som bilete, grafikk, video eller film. I min analyse er har dokumenta stort sett skriftleg utforming, men eg har også analysert nokre videoklipp av høyringar og behandling av lovforslag på Stortinget.

Dokumentanalysar behandlar tekst som data, og der er derfor viktig å sørge for at forskinga er truverdig. Alle dokumenta i dokumentanalysen min er sekundærdata, som inneberer dokumenta i stor grad er utarbeida med eit anna føremål enn forskaren sinn føremål (Hox og Boeije 2005, 594). I denne samanhengen er det et ein viktig distinksjon mellom meiningsytringar og faktainformasjon som det er viktig å vere klar over når ein analyserer dokumentinnhald (Grønmo 2004, 121). Meiningsytringar er uttrykk for oppfatningar, standpunkt eller vurderingar hos forfattaren av dokumentet. Denne type dokument er verdifull i analysen, men kjeldekritiske vurderingar er nødvendig og det må vere klar over at forfattaren som regel har ein skjult eller open bodskap/agenda. Forskarrolla er svært sentral i dokumentanalyser sidan forskaren må ta fleire val og tolkingar i løpet av innsamlinga og analysen. Først og fremst må forskaren verne autentisiteten eller gyldigheten av forskinga. Dette inneberer at analysen er eit resultat av ei genuin fortolking av verkelegheita eller korrekt lesing og forståing av dokument i analysen. Dette blir ofte referert til som måle-validitet sidan forskarens subjektive evaluering er avgjerande i staden for å baserast mot ein objektiv standard. Ei anna utfordring med dokumentanalyse er at tilgangen til relevante dokument kan vere avgrensa. Det er ikkje for gitt at interne dokument blir delt med forskarar til forskingas beste. Dette kan resultere i ei skeiv dataframsyning som vil ha innverknad på resultatet.

Dokumentanalyse var eit sjølvsagt val for å svare på problemstillinga mi. Analysen er avhengig av relevant informasjon om førearbeidet til lova, og generall kunnskap og informasjon om transpersonar sin rettslege situasjon i Norge for a ta stilling til kva aktørar eller hendingar som var pådrivarar for lova.

### **3.2.2 Intervju**

I tillegg til analyse av relevante dokument, utførte eg intervju med relevante personar som har fremja transpersonar sine interesser. Eg ville sørge for at eg intervju representantar frå dei viktigaste organisasjonane som representer transpersonars interesser. Det var fleire årsaker til

dette. For det første var eg interessert i organisasjonane si rolle som pådrivar av lovforslaget, men eg ville også bruke intervjuet som eit bakteppe for å få informasjon rundt transpersonar si rettslege utvikling og forsikre at eg ikkje hadde oversett viktige hendingar eller aktørar. Som utgjer dokument hovuddelen av analysen, og intervjuet blir nytta som supplement til dette.

Intervju er ei form for datainnsamling som baserer seg på respondentar som kjelder. Forskaren stiller spørsmål til respondentane om dei forholda som undersøkast, og respondentanes svar utgjer datagrunnlaget for studien (Grønmo 2004, 159). Eg gjennomførte semi-strukturerte intervju, som inneberer at eg på førehand hadde utarbeida ein intervjuguide med spørsmål, men at gjennomføringa av intervjuet var fleksibel. I min studie var det ikkje hensiktsmessig med strukturert intervju, der svara til dei ulike respondentane skulle vere samanlikningsbare og analyserast opp mot kvarandre. Det var mest hensiktsmessig at samtalane var organiske og at oppfølgingsspørsmåla kunne variere i dei ulike intervjuet. Utavlet av respondentane var basert på strategisk utveljing.

Føremålet med intervjuet var å få informasjon frå utvalte relevante aktørar med sikte på å få ei betre forståing av mobiliseringa av transpersonars rettar i Norge. Intervjuobjekta vart derfor valt gjennom strategisk utval, der eg vurderte kven som var mest relevante for å belyse problemstillinga mi. Eg ville sikre at ”røystene” til dei viktigaste organisasjonane på dette feltet vart høyrde så eg kontakta Foreininga for kjønns- og seksualitetsmangfold (FRI), Forbundet for transpersonar i Norge (FTPN), Skeiv Ungdom og Harry Benjamin Ressurssenter på e-post med invitasjon til å delta i studien. HBRS svarte ikkje på førespurnaden, til tross for at eg sendte ei purring. Eg antar at dei ikkje var interessert i å delta i studien, men sidan eg ikkje fikk svar er dette uklart. Dette var synd, men HBRS har ikkje vore blant dei organisasjonane som har fremja transpersonar sine interesser sidan dei representerer pasientgruppa som får diagnosen transseksualisme. Eg ville uansett sørge for at eg inviterte dei til å delta i studien sidan dei er ein viktig norsk aktør på dette feltet. Årsaka til at eg sendte den originale invitasjonen til organisasjonen framfor å sjølv velje ut enkeltpersonar var at eg ville ha organisasjonens råd om kven som var mest relevant å intervju. Dei personane organisasjonen nemnde var også dei personane eg i utgangspunktet var interessert i å intervjuet sidan dei alle tre har markert seg i media og i førearbeidet til lova. Frå FRI intervjuet eg Stein Wolff Frydenlund, som har vore leiar i transpolitiske utval i FRI sidan 2010, i tillegg er han styremedlem i Transgender Europe og aktivist i lhbt-nettverket til Amnesty. Frå FTPN intervjuet eg John Jeanette Solstad Remø, som er nestleiar, og en sentral

person prosessen mot lova om endring av juridisk kjønn. Frå Skeiv ungdom intervjuer Luca Dalen Espseth, har satt i sentralstyret i skeiv ungdom og vore leder av transpolitisk utval.

Utalet er lågt og består berre av tre personar, men til gjengjeld har dei stor kunnskap og best innsikt i tematikken for denne oppgåva. Sidan oppgåva i hovudsak baserer seg på datainnsamling i for av dokument, ser eg ikkje på dette som særleg problematisk.

### *Intervjuprosessen*

Det første steget i førearbeidet av studien var å sende eit meldeskjema til Personvernombodet for Forsking (NSD) om behandling av personopplysingar, og etter vurdering tilrådde personvernombodet at prosjektet gjennomførast. Eg nyttar direkte personidentifiserande opplysningar i oppgåva mi sidan eg nyttar det fulle namnet til respondentane mine. For det første ville det vore vanskeleg å fullstendig anonymisere intervjuet sidan den mest essensielle informasjonen var knytt til organisasjonens og i nokre tilfelle deira personlege rolle som pådrivar for å betre transpersonars rettar. Eg hadde ingen personsensitive spørsmål, alle spørsmåla var retta mot den politiske og rettslege utviklinga for transpersonar i Norge og aktivisme knytt til dette. Sidan alle er aktivistar har dei ved fleire anledningar vore talepersonar i offentlegheita, og delt sine historier og standpunkt som hadde gjort det mogleg å indirekte identifisere respondentane. Intervju hadde også hatt minimal verdi om dei vart totalt anonymisert, årsaka til at ville intervju desse personane var deira innsikt og rolle i utvikliga av transpersonar sin juridiske posisjon i Norge. Sidan eg nyttar personidentifiserbar informasjon var det kritisk at eg fikk skriftleg samtykke til dette på førehand, eg gjentok dette i forkant av intervjuet og fikk munnleg samtykke før intervjuet starta.

Det neste steget i førebuingsfasen var å utforme ein intervjuguide. Det første spørsmålet var eit bakgrunns-spørsmål om den aktuelle organisasjonens føremål og respondentens rolle i organisasjonen. Deretter hadde eg nokre nøkkelspørsmål knytt til den rettslege utviklinga for transpersonar i Norge, om lovforslaget og om kva aktørar som hadde fremja eller motverka arbeidet med lovforslaget. Deretter hadde eg nokre spørsmål knytt til internasjonal utvikling, der eg spurde om internasjonal utvikling på feltet eller internasjonale aktørar har hatt ein påverknad for utviklinga i Norge. Det avsluttande spørsmålet var om dei hadde noko å legge til. Eg hadde også ei kort sjekkliste med oppfølgingsspørsmål i tilfelle dei skulle svare kort eller lite utfyllande på nokre av spørsmåla. Etter dette måtte eg invitere respondentane til å delta i studien. Eg sendte eit informasjonsskriv og førespurnad om deltaking i studien og

samtykkeskjema (sjå vedlegg 1). Eg valte å vere open om studiens føremål i informasjonsskrivet, og tilbydde også å sende intervjugiden på førehand. For det første var det ein føredel at dei kunne førebu seg på kva vi skulle snakke om, og i tillegg kunne mindre openheit auka sjansane for at respondentar ikkje ville delta.

Eg utførte intervjeta i byrjinga av mai 2016, og på dette tidspunktet var lovforslaget til behandling, men det var ikkje vedtatt. Det eine intervjuet vart utført i eit møterom, medan dei andre vart gjennomført via skype. Lengda på intervjeta var mellom 30-45 min. I forkant av intervjuet forklarte eg kort om studien og spurte om det var noko som var uklart, eller om dei hadde spørsmål knytt til studien. Eg informerte også om at eg ønskte å ta samtalen opp på lydopptak og fikk samtykke til dette i før og etter at eg starta lydopptaket. Eg gjentok også spørsmål om samtykke til å bruke namnet deira i oppgåva. Sidan det var eit semi-strukturert intervju varierte spørsmåla og rekkefølgja i noko grad, eg syntest ikkje det var høveleg å avbryte samtalen for å følgje intervjugiden. Eg tok notat underveis i samtalen og transkriberte intervjeta i etterkant.

### **3.2.3 Survey-undersøking**

Eg ønskete å måle haldningar til transpersonar og deira rettslege posisjon i Norge. Eg nytta datasettet *Norwegian citizen panel - wave 6* som var ferdigstilt 15. april 2016 , og samla inn av Norsk medborgerpanel. Norsk medborgerpanel er ein plattform for internettbaserte undersøkingar av norske medborgarar sine haldningar og haldningsendringar innanfor viktige saksområde i samfunn og politikk. Eg operasjonaliserte variablane som målte haldningar til transpersonar sine rettar, som vart inkludert i denne runda. Oversikt over operasjonalisering av variablane blir framsynt saman med resultata i kapittel 8, eg synast dette vart mest ryddig.

Føremålet med datamaterialet var på den eine sida måle den norske befolkninga sine haldningar til transpersonar og deira rettslege posisjon. Eg formulerte eit ope assosiasjonsspørsmål der eg spurte kva personar tenkte på eller assosierte med ordet transperson. Eg konstruerte også eit survey-eksperiment som målte preferansar til praksisar for å endre juridisk kjønn, dette vil eg komme tilbake til under. Eg hadde eit siste spørsmål som målte haldningar til ein tredje kjønnskategori. Alle desse variablane målte haldningar til transpersonar og deira rettslege posisjon. Framsyninga av data vil i stor grad vere deskriptiv, i

denne oppgåva er det interessant om haldningar kan forklare den rettslege utviklinga for transpersonar, ikkje kva faktorar som påverkar desse haldningane.

### *Survey-eksperiment*

For å måle handlingar til vilkår for å endre juridisk kjønnsstatus valte eg å nytte eit eksperimentelt design for å undersøke korleis lover og internasjonale forhold påverkar nordmenn sine haldningar til anerkjenning av juridisk kjønn. Kjernen i eksperimentelle studiar er kontroll og samanlikning. Det klassiske designet er at forskaren skil mellom to tilsvarande fenomen, og utsetter det eine fenomenet for ei behandling (behandlingsgruppa), men ikkje den andre (kontrollgruppa) (Moses og Knutsen 2012, 56). Dei to fenomena blir deretter samanlikna, og idelet er at dei var identiske før studien og at forskjellar mellom derfor må vere ei følgje av behandlinga. Kontroll er dermed essensen i eksperiment, og refererer til evna til å operasjonalisere avhengige og uavhengige variablar, samt å måle effekten av behandlinga ved å ekskludere alternative årsakseffektar. Ein viktig føresetnad for eksperiment er *tilfeldig fordeling* som gir forskaren mogleik til å kontrollere alle eksterne faktorar som kan påverke det aktuelle fenomenet.

Survey-eksperiment har i seinare tid blitt adoptert til statsvitenskapen, der dei blir nytta til å identifisere korleis statsborgerar tar val og responderer til reelle politiske faktorar. I likskap med tradisjonelle eksperiment er målet å samanlikne kontrollgruppa med behandlingsgrupper for å identifisere ”behandlingseffektar”. Behandlinga i survey-eksperiment er bevisst manipulering av formulering eller rekjkjefølgje av spørsmål i ei survey-undersøking (Gaines, Kuklinski, og Quirk 2007, 4). Føresetnaden om tilfeldig tildeling er gjeldande i alle eksperiment, det må vere eit tilfeldig utval av respondentar til kontroll- og behandlingsgruppa, men det er samstundes viktig at respondentane i dei ulike utvala er like kvarande med omsyn til bakgrunnsvariablar og er representative (kontroll). Føremålet er å samanlikne vala eller åtferda til respondentane i behandlingsgruppa med dei i kontrollgruppa for å avdekke dei kausale effektane som blir undersøkt.

Totalt vart 1228 respondentar spurt om kva praksis dei meinte bør vere gjeldande i Norge, dei kunne velje blant alternative praksisar. Det same spørsmålet vart altså stilt til fire uavhengige utval, men tilleggsinformasjonen behandlingsutvala fikk var ulik. Det andre utvalet fikk

tilleggsinformasjon om landdøme på dei alternative praksisane, det tredje utvalet fikk også landdøme men fikk også informasjon om Norges nåverande praksis, og det fjerde utvalet fikk dei same landdøma og informasjon om lovforslaget om endring av juridisk kjønn. Utvala har forskjellig storleik, kontrollgruppa, utval 1, har flest respondentar (n= 340), medan behandlingsgruppene utval 2 (n=305), utval 3 (n= 289) og utval 4 (n=294) har litt færre respondentar.

Det eine målet var å måle støtta til lovforslaget om endring av juridisk kjønn, men eg ville også få innsikt i om internasjonal og/eller nasjonal lov kan påverke nordmenn sine haldningars til praksisar for å endre juridisk kjønnsstatus. Ved å måle haldningars til ulike praksisar for å endre juridisk kjønn i staden for å spørje eit enkelt spørsmål om grad av støtte til det nye lovforslaget, måtte respondenten vurdere sin preferanse mellom ulike alternative praksisar. Sidan politisk agenda og lovgjeving kan påverke haldningars ville eg måle støtte til lovforslaget ved å måle haldningars til ulike praksisar. Eit survey-eksperiment kan vege opp for mange ulemper i tradisjonelle eksperiment, men sidan menneske har ulike erfaringar, kunnskapsnivå og innsikt på ulike tema er det umuleg å oppnå perfekt kontroll når faktiske forhold blir undersøkt. Eg kan ikkje garantere at personane i kontrollutvalet, som fikk minst informasjon, ikkje satt på den same informasjonen som vart gitt til nokre av dei i dei andre utvala. Det er mindre sannsynleg at den generelle norske befolkninga har informasjon om praksisar for å endre juridisk kjønn i andre land, men det er truleg at fleire visste kva situasjonen er i Norge. Datamaterialet vart samla inn i november medan forslaget til lov om endring av juridisk kjønn var på høyring, og det var derfor oppslag om dette i diverse media. Det faktum at det er umuleg å kontrollere kva kunnskap dei ulike respondentane hadde om temaet vil påverke resultatet av eksperimentet.

### **3.4 Data og datakvalitet**

I samfunnsvitskaplege studiar går det eit skilje mellom primære og sekundære datakjelder. Primærdata er data som samla inn til eit spesifikt forskingsproblem og nyttar prosedyrar som passar dette motivet best (Hox og Boeije 2005, 593). Datamaterialet er dermed originalt og produsert av forskaren sjølv. Sekundærdata er tidlegare produsert data for eit anna føremål og gjenbrukt til eit anna forskingsspørsmål. Sekundære kjelder er altså eksisterande kjelder.

Analysen min baserer seg i hovudsak på sekundære kjelder som dokumenterer rettsutviklinga for transpersonar i Norge og i viktige internasjonale organisasjonar. I norsk kontekst har eg nytta offentlege dokument frå regjeringa ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)) og stortinget ([www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)) sine heimesider, lover frå Lovdata ([www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)), og relevante informasjon frå interesseorganisasjonar som FRI, FTPN, Skeiv Ungdom og HBRS. I internasjonal kontekst har eg nytta offentlege dokument frå Europarådet ([www.coe.int](http://www.coe.int)), FN ([www.un.org](http://www.un.org)) og EU ([www.europa.eu](http://www.europa.eu)), og frå relevante interesseorganisasjonar som Transgender Europe ([www.tgeu.org](http://www.tgeu.org)), ILGA-Europe ([www.ilga-europe.org](http://www.ilga-europe.org)), Amnesty International ([www.amnesty.org](http://www.amnesty.org)). Eg fann andre relevante kjelder ved å nytte søkemotoren Google ([www.google.no](http://www.google.no)), Google Scholar ([www.scholar.google.no](http://www.scholar.google.no)), Bibliotekbasen Bibsys, og akademiske journalar som SAGE journals ([online.sagepub.com](http://online.sagepub.com)) og Taylor & Francis Journals ([www.tandfonline.com](http://www.tandfonline.com)).

Eg har også produsert primær data i form av intervju med representantar frå relevante interesseorganisasjonar og suvey-data om haldningar til transpersonar og retten til å endre juridisk kjønn. Fordelen med å nytte ulike datakjelder er at vi får ei meir allsidig skildring og forståing av forskingsobjektet. Det viktigaste datagrunnlaget for analysen min min er følgjande kjelder:

**Figur 1 Oversikt over datagrunnlag**

Primærkjelder	Sekundærkjelder
Intervju med representant frå FRI, FTPN og Skeiv Ungdom	Helse- og omsorgsdepartementet (2016) Prop 74L (2015-2016) Lov om endring av juridisk kjønn
Haldningsdata samla inn av Norsk medborgerpanel	Helsedirektoratet (2015) Rett til rett kjønn
Oppfølgingsspørsmål til respondentane via e-post korrespondanse	Barne- og likestillingsdepartementet (2009) NOU 2009:14 Et helhetlig diskrimineringsvern Barne og likestillingsdepartementet (2013) Prop. 88L (2012-2013) Diskrimineringslovgiving
	Barne og likestillingsdepartementet (2008) Regjeringens handlingsplan: Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile og transpersoner
	Amnesty International (2014) The State Decides Who I Am
	FNs høgkommissær for menneskerettar (2011) Discriminatory laws and practices and acts of

---

violence against individuals based on their sexual orientation and gender identity

Europarådets ministerkommitté (2010)  
Recommendation of the Committee of Ministers to member states on measures to combat discrimination on grounds of sexual orientation or gender identity

Likestilling- og diskrimineringsombodet (2014)  
Ombudets sak 14/840 Diskriminering på grunn av grunn av kjønnsidentitet

---

### **3.4.1 Reliabilitet og validitet**

I samfunnsvitskaplege studiar er det ein etablert systematisk framgangsmåte for å vurdere datakvaliteten. Denne framgangsmåten tar utgangspunkt i to overordna kriterier for kvalitetsvurderingar, reliabilitet og validitet. Reliabilitet refererer til datamaterialets pålitelegskap, som er høg om forskingsopplegget og datainnsamlinga produserer pålitelege data (Grønmo 2004, 220). I prinsippet er reliabilitet eit uttrykk for at det er mogleg å etterprøve studien og få dei same resultata ved å bruke same forskingsopplegg og datainnsamling. I praksis vil det vere vanskeleg å etterprøve studien min på presis same måte som eg har gjennomført den sidan undersøkingsopplegget og datainnsamlinga i kvalitative studiar er avhengig av *når* studien gjennomførast og *kven* som gjennomfører den. Det er ikkje sikkert at alle dokumenta eg har nytta i studien er tilgjengelege på seinare tidspunkt, eller at respondentane mine ville gitt akkurat dei same svara om dei vart spurt spørsmåla på eit anna tidspunkt. Forskarrolla har også ein større påverknad for reliabiliteten i kvalitative studiar sidan forskaren si forståing og tolking av datamaterialet er avgjerande og at forskingsopplegget som regel er fleksibelt. I kvalitative studiar refererer truverdighet at dei empiriske funna som presenterast er basert på data om faktiske forhold, altså at dei ikkje byggjer på forskarenes subjektive skjønn eller skuldast tilfeldige omstende under forskingsprosessen (Grønmo 2004, 229). Det er derfor avgjerande at datamaterialet er samla inn på ein systematisk måte i samsvar med etablerte framgangsmåtar for det aktuelle forskingsopplegget. Eg har likevel prøvd å forsikre at forskingsopplegget mitt er pålitelig ved at eg har gjennomført datainnsamlinga på ein systematisk og reieleg måte, og at eg har dokumentert datainnsamlinga og at eg har vist til alle kjeldene eg har nytta i studien.

Validitet refererer til datamaterialets gyldigheit for å svare på den aktuelle problemstillinga, og validiteten er høg dersom det faktiske datamaterialet svarar til forskarens intensjonar med undersøkingsopplegget og datainnsamlinga (Grønmo 2004, 221). Dette reflekterast av at dei empiriske funne i studien er relevante for den aktuelle problemstillinga. Grønmo påpeiker at det i praksis er umuleg å oppnå perfekt validitet i samfunnsvitskaplege studiar, og at det ikkje finnast eit enkle kriterier for kva som betraktast som tilfredsstillande validitet (Grønmo 2004, 237). Eg har likevel gjort mitt beste for at datamaterialet mitt skal ha høg validitet, og eg meiner sjølv at eg har nytta relevante data som belyser oppgåvas problemstilling på ein god måte. Den største svakheten med studien min er et det er ei noko skeiv dataframsyning som følgje av manglande tilgang til visse data. Eg skulle til dømes ønske at eg hadde meir informasjon om dei norske organisasjonane si rolle på eit tidlegare tidspunkt enn i førearbeidet til lova, og eg burde mulegens utført intervju med fleire respondentar får dei ulike organisasjonane. Datatriangulering styrkar likevel validiteten av studien min (KJELDE). Eg har nytta offentlege dokument frå norske myndigheter, dokument frå relevante organisasjonar og institusjonar, haldningsdata og intervju med relevante respondentar for å belyse problemstillinga på best mogleg måte. Ein kombinasjon av ulike datatypar reduserer faren for skeive eller einsidig framsyning av empiriske funn.

### **3.4.2 Grunnlag for generalisering**

Eit omstridt spørsmål i casestudiar er om det er mogleg å generalisere får eit enkelt case. Generalisering frå denne type studiar vil alltid vere risikabelt sidan ein enkelt case har bestemte kjenneteikn som utgjer ein kontekst som påverkar dei empiriske funna. Det er derfor veldig risikabelt å stadfeste at utfallet vil vere det same innanfor ein annan kontekst. Samstundes er ikkje statistisk generalisering ein målsetnad, ein casestudie er ikkje eit utval som skal generaliserast til ein populasjon. Yin påpeikar at casestudiar baserer seg på analytisk generalisering med føremål om å generalisere eit bestemt sett av resultat til ein breiare teori (Yin 1989, 36). Generalisering av resultat i ein casestudie til andre case er dermed ikkje mogleg eller interessant. Det er derimot mogleg å utvide eller generalisere teoriar gjennom analytisk generalisering. Samstundes står det ingenting i vegen for å formulere hypotesar om generelle påstandar basert på djup kjennskap om eit enkelt case, og risikere at påstanden blir avkrefta av anna forsking. Andersen poengterer at: ”det er ved å utlede fantasifulle og empirisk risikable avledninger av generaliseringer at teori utviklest” (Andersen 1997, 134).

Hensikta med denne studien er å få ei betre forståing av bakgrunnen for bakgrunnen for lova om endring av juridisk kjønn ved å undersøkje prosessen av rettsutviklinga for transpersonar i Norge. Målet er dermed ikkje å utvikle ein nye teori, men å få innsikt i det spesifikke fenomenet i caset, og belyse dette opp mot relevante teori.

## 4 Internasjonal rettsutvikling for transpersoner

*It is clear that many transgender persons do not fully enjoy their fundamental rights both at the level of legal guarantees and that of everyday life.*

Thomas Hammarberg 2009

Kjønnsidentitet og til dels kjønnsuttrykk har i aukande grad blitt knytt til menneskerettsproblematikk. LHBT organisasjonar har tradisjonelt forma krava sine rundt likskap og liberalisering, men først tidleg på 1990-talet vart menneskerettsdiskursen sentral i nasjonal og internasjonal debatt om kjønn og seksualitet (Kollman og Waites 2009). I tillegg til Norge har ei rekke andre land nedfelt krav om sterilisering for at personar kan endre sitt juridiske kjønn.<sup>2</sup> Dette steriliseringskravet er kontroversielt og har skapt ein debatt som verkeleg har satt transpersonars menneskerettar på den internasjonale dagsordenen.

Det grunnleggjande menneskerettslege utgangspunktet er fastsett i art. 1 i FNs verdserklæring om menneskerettar frå 1948: «Alle menneske er født frie og med same menneskeverd og

---

<sup>2</sup> (Berlin, 24. april 2015) [http://tgeu.org/wp-content/uploads/2015/05/Trans-map-Side\\_A\\_Map-2015.pdf](http://tgeu.org/wp-content/uploads/2015/05/Trans-map-Side_A_Map-2015.pdf). Oversikt over europeiske land sine praksisar for anerkjenning av juridisk kjønn.

menneskerettigheter» (FN 1948). Verken menneskerettserklæringa eller menneskerettskonvensjonane har noko uttrykkeleg regulering av spørsmål som gjelder kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk, men retten til privatliv, retten til å ikkje utsettast for tortur, og retten til fridom frå diskriminering er verna i dei sentrale menneskerettskonvensjonane: Den Europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP), FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) og FNs barnekonvensjon (BK). Europarådets EMK er den einaste av konvensjonane som har eit effektivt handhevingssystem gjennom at klager kan leggjast fram for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD). I dette kapittelet vil eg gjere greie for den internasjonale rettslege og politiske utviklinga om kjønnsidentitet gjennom analyse av viktige rettsdomar og anna soft-law som anbefalingar eller resolusjonar frå FN, Europarådet og EU. Først vil eg presentere den internasjonale klassifiseringa av kjønnsinkongruens, og deretter gjere greie for den rettslege utviklinga for diskrimineringsvern og juridisk anerkjenning av transpersonar.

## **4.1 Internasjonale aktørar**

Det er fleire internasjonale organisasjonar som legg menneskerettslege føringer som dannar grunnlaget for internasjonal normer om kva som bør vere rett. Her følgjer informasjon om dei organisasjonane som er mest relevante for denne oppgåva. Denne litteraturen fokuserer på at nasjonale politiske, økonomiske og sosiale variablar kan gjere statar meir mottakelege for internasjonale normer.

### **4.1.1 Dei sameinte statar**

Norge identifiserer seg sjølv som og blir internasjonalt sett på som eit føregangslend på menneskerettar. Norge har fleire forpliktingar til internasjonale konvensjonar om vern av menneskerettar. *Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett av 21. mai 1999 nr. 30* (menneskerettslova) har som føremål å styrke menneskerettane si stilling i norsk rett og omfattar fleire konvensjonar som Norge har ratifisert. Ein konvensjon er folkerettsleg bindande, ved ratifisering forpliktar satar seg til å oppfylle konvensjonen og akseptere internasjonal overvaking. Originalt omfatta menneskerettslova Den europeiske menneskerettskonvensjonen med protokollar, Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar og Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar med protokollar, og desse vart dermed inkorporert i norsk lovgjeving, FNs konvensjon om barnets

rettigheter med protokoller og Konvensjonen om avskaffelse av alle former for diskriminering av kvinner med protokoll (menneskerettslova 1999).

Sjølv om transpersonar sitt diskrimineringsvern og rettsstatus lenge har vore mangefull nasjonalt, har Norge gjort ein innsats for å framje lhbt-rettar internasjonalt. Kapittel 13 i regjerings handlingsplan *Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile, bofile og transpersoner* (2009-2012) tar for seg Norge si rolle som ein internasjonal aktør på lhbt-feltet. Det blir hevda at Norge er ein aktiv forkjempar for lhbt-saka først og framst gjennom FNs menneskerettsråd , og at ”regjeringen har forpliktet seg til å føre en utviklingpolitikk som bidrar til å bekjempe alle former for diskriminering og stigmatisering av personer på grunnlag av seksuell orientering eller kjønnsidentitet” (BLD 2008: 44). Det blir også slått fast at Norge støttar Yogyakarta-prinsippa. Norge har vore ein stor bidragsytar til internasjonalt fokus på lhbt-rettar, i 2006 haldt Norge eit innlegg om å setje lhbt-rettar på dagsordenen i FN med støtte frå 54 land (UD 2013). I 2008 fikk eit liknande innlegg støtte frå 66 land og talet auka til 88 i 2010. I 2011 bidrog Norge sterkt til at FNs menneskerettsråd vedtok den første resolusjonen om menneskerettar, seksuell orientering og kjønnsidentitet.

#### **4.1.2 Europarådet**

Europarådet er ein traktatfesta mellomstatleg organisasjon med 47 medlemsstatar som hovudsakleg er europeiske. Organisasjonen vart oppretta i 1949, og Norge var blant dei 10 grannleggjarane (Europarådet 2016). Europarådet abeidar hovudsakleg med å fremje demokrati, menneskerettar og rettsstatsprinsippet i sine medlemsland. Europarådet består av fleire viktige institusjonar. Ministarkomiteen, er rådets høgaste politiske avgjerdssorgan, og består av utanriksministerande i alle medlemsstatane. Parlamentarikarforsamlinga (PACE) si rolle er å undersøke og gi anbefalingar og råd i konkrete sakar, og består av parlamentarikar frå medlemslandas nasjonalforsamlingar. Generalsekretæren er sjef for Europarådets sekretariat og blir valt av Parlamentarikarforsamlinga for ein periode på fem år. Europarådets menneskerettskommissær veljast også av Parlamentarikarforsamlinga og har som oppgåva å vurdere menneskerettssituasjonen i medlemslanda, og å opprette dialog med statlege myndigheter for å utbetre manglar som påpeikast i kommissærrens rapport. I 1950 vedtok Europarådet Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) for å verne menneskerettane og grunnleggjande fridomar i regionen. Norge ratifiserte konvensjonen i 1951, og den trådde i kraft i 1953. Konvensjonen vart inkorporert gjennom menneskerettslova av 21. Mai 1999,

som bestemmer at konvensjonens bestemmingar skal ha forrang dersom dei er i strid med anna norsk lovgjeving. EMK har eit effektivt handhevingsystem gjennom at klager kan leggjast fram for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) (Europarådet 2016). Domstolen vart oppretta i 1959 og behandlar klagar frå enkeltmenneske, grupper av menneske eller starar om brot på EMK gjort av Europarådets medlemsland.

#### **4.1.3 Den europeiske union**

Den europeiske Unionen (EU) er ein mellomstatleg organisasjon av europeiske statar. Domstolen i EU er den høgaste instansen i EUs dømmande makt, og har som oppgåve å verne om lov og rett ved fortolking og bruk av traktat. Den europeiske unions byrå for grunnleggjande rettar Norge er blant dei få landa i Vest- og Sentral-Europa som har valt å stå utanfor EU, men trass dette har Norge hatt eit tett samarbeid med EU (UD 2016). Som ein del av dette samarbeider har Norge ein eigen delegasjon til EU. Den viktigaste avtalen mellom Norge og EU er EØS avtala som vart signert i 1992, og Norge sikra seg tilgang til EUs indre marknad. I tillegg omfattar EØS-avtala samarbeid innan forsking, utdanning, miljøvern, sosiale spørsmål og kultur. I 2001 trødde Schengen-avtala i kraft i Norge, og statsborgarar innanfor Schengen-område kunne krysse landegrenser utan pass.

#### **4.1.4 Internasjonale interesseorganisasjonar**

I Europeisk samanheng er Transgender Europe (TGEU) og ILGA-Europa dei største organisasjonane som fremjar transpersonar sine interesser. Nokre menneskerettsorganisasjonar har også markert seg som ein pådrivar for lhbt-rettar, spesielt Amnesty International.

##### *ILGA-Europe*

ILGA-Europe er den europeiske regionen av International Lesbian, Gay, Bisexual, Trans and Intersex Association. ILGA-Europe vart etablert i 1996 og er ein internasjonal ikkje-statleg paraplyorganisasjon med 490 organisasjonar frå 45 europeiske land, deriblant FRI og Skreiv Ungdom (ILGA-Europe 2016). Organisasjonen fremjar menneskerettar og likskap for lhbt-personar og er ein pådrivar for politisk, juridisk og sosial endring på europeisk nivå.

Organisasjonen har også målsetnad om å styrke den europeiske lhbti rørsla ved å tilby trening og støtte til sine medlemsorganisasjonar og andre likesinna organisasjonar.

### *Transgender Europe*

Transgender Europe vart etablert i 2004 og er ein europeisk paraplyorganisasjon 105 medlemsorganisasjonar frå 42 land, deriblant FTPN. Organisasjonen arbeidar for likskap for alle transpersonar i Europe ved å fremje transpersonar sine menneskerettar og skape medviten om problem transpersonar blir utsett for (TGEU 2016a). Organisasjonen arbeidar også for å sikre ei sterk trans rørsle som gir transpersonar ei røyst i Europa.

### *Amnesty International*

Amnesty International ert stifta i 1961 og ein global menneskerettsorganisasjon med over 7 millionar medlem og støttespelarar rundt i verda (AI 2016). Organisasjonen sin målsetnad er at dei grunnleggjande menneskerettane skal vere oppfylt for alle. Framgangsmåtar som blir nytta for å oppnå dette inkluderer forsking, overvaking, , aktivisme, lobbyverksemd og kampanjar.

## **4.2 Transseksualisme definert som sjukdom**

Eit viktig aspekt i diskusjonar om transpersonars rettar er eksistensen av internasjonale og nasjonale medisinske klassifiseringar som definerer transseksualisme som ei psykisk lidning. Det amerikanske diagnosesystemet, *Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders* (DSM), utgitt av American Psychiatric Association, anerkjente diagnosen transseksualisme som ein legitim medisinsk tilstand i 1980. I DSM-IV versjonen av 1994 vart diagnosens namn endra til kjønnsidentitetsforstyrring (Gender identity disorder) og kom under den nye kategorien ”seksuelle og kjønnsidentitetsforstyrningar” (F. Beek, Cohen-Kettenis, og Kreukels 2016, 7). I den nyaste versjonen DSM-5 (2013) endra diagnosen namn igjen til kjønnsdysfori og kom under den nye kategorien ”kjønnsdysfori”, hovudårsaka til dette var at kjønnsdysfori var eit mindre stigmatiserande namn. Ei anna viktig endring var at terminologien vart mindre

binær. I DSM-IV var kjønnsidentitet og kjønnsrolle vurdert som ein dikotomi (mann/kvinne), men i DSM-5 er desse konsepta skildra som fleirkategori konsept eller spektrum.

Verdshelseorganisasjonen (WHO) sin diagnosemanual, *Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblemer* (ICD), anerkjente diagnosen transseksualisme i ICD-10 versjonen av 1990. Under *forstyrringar av vaksen personlegdom og åtferd* kom ein ny kategori av kjønnsidentitetsforstyrringar (F64), med fem underkategoriar deriblant transseksualisme (Drescher 2014, 142). Ein ny versjon ICD-11 blir no utvikla gjennom kontinuerlig revisjon og vil i følgje WHO sine heimesider vere ferdigstilt i 2018. I 2014 publiserte WHO eit beta utkast med forslag til endringar, deriblant å fjerne F64 ”kjønnsidentitetsforstyrringar” frå seksjonen psykiske lidingar og åtferdsforstyrringar (F) og opprette ein ny kategori ”kjønnsinkongruens” under ein ny seksjon 6: ”Forhold relatert til seksuell helse” (TGEU 2014b). At transpersoner ikkje lenger blir oppfatta og merka som psykisk sjuke er ein stor letnad for transsamfunnet og vil hjelpe til med å redusere stigmatisering.

Ettersom storparten av nasjonale og internasjonale diagnosesystem inkluderer kjønnsinkongruens som ein psykisk sjukdom, står medisinske rettar og gode sentralt i debatten om transpersonars rettar. I denne oppgåva står ikkje medisinske rettar sentralt, men eg vil understreke at transpersonars rett til ein god helsestandard er eit veldig viktig tema. Retten til høgast mogleg helsestandard er garantert i fleire traktat som ØSK konvensjonen og Den europeiske sosialpakta. FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar art.12 «anerkjenner retten til kvar og ein til å ha den høgaste oppnåelege helsestandard både i fysisk og psykisk betydning». Likevel har det blitt rapportert om at transpersonar møter fleire problem for å oppnå denne standarden. Kommissær for menneskerettar hevda ein rapport om menneskerettar og kjønnsidentitet at ”The quality of transgender-related treatment often does not even come close to the ”highest attainable standard of health”, sometimes resulting in life-long bodily harm” (Hammarberg 2009, 28).

Eit viktig aspekt av diskusjonen om helsestandarden til transpersonar er tilgang til helsetilbod, spesielt kjønnsbekreftande behandling. Den medisinske klassifiseringa av kjønnsinkongruens anerkjenner retten til nødvendig medisinsk behandling, men samtidig er det problematisk at kjønnsinkongruens blir definert som ei psykisk liding. Det er altså splitta haldning til klassifiseringssystemet, også i transpersonrørsala. Judith Butler oppsummerer dette: «On the

one hand, the diagnosis continues to be valued because it facilitates an economically feasible way of transitioning. On the other hand, the diagnosis is adamantly opposed to because it continues to pathologize as a mental disorder what ought to be understood instead as one among many possibilities of determining one's gender for oneself" (Buthler 2004: 76). Mange fryktar at fjerning av diagnosen som "rettferdiggjer" naudsynet for medisinsk behandling vil føre til vidare avgrensingar i tilgang til helsetilbod, andre argumenterer for at vilkåret om å bli diagnostisert med ei sinnsliding aukar stigmatisering.

Klassifiseringa vil også vere eit hinder når det blir nytta på ein måte som ekskluderer mange personar frå tilgang til helsetilbod og juridisk kapasitet. Dette er tilfellet i statar som stiller diagnosen transseksualisme som eit absolutt krav for endre juridisk kjønn og/eller tilbod på medisinsk behandling. JD og Keisling (2010) legg vekt på ironien som pregar situasjonen i USA: på den eine sida er det mange transpersonar som ikkje har tilgang til passande medisinsk behandling, men på den andre sida legg rettssystemet stort press på at transpersonar skal gjennomgå medisinsk behandling, spesielt kjønnskorrigende kirurgi ettersom det er eit absolutt krav for å endre juridisk kjønn (JD og Keisling 2010, 149). Denne praksisen skapar eit skilje mellom transseksuelle, personer med diagnosen transseksualisme, som "insiders" med tilgang til medisinske gode og juridisk anerkjenning, og personar med kjønnsinkongruens utan diagnosen, "outsiders" med svært avgrensa eller ingen tilgang. Dette skiljet mellom "insiders" og "outsiders" er også relevant for andre rettar, som er viktig i denne oppgåva.

## **4.3 Diskrimineringsvern**

Diskrimineringsvern er eit sentralt tema for transpersonar, og det har vore internasjonal drøftingar og ein framgang dei siste åra. Skiljet mellom transseksuelle og andre transpersonar er definitivt gjeldane innanfor diskrimineringsvern.

### **4.3.1 Den europeiske union**

EUs diskrimineringslov inneheld ikkje eit eksplisitt forbod mot diskriminering på grunn av ein persons kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. EUs Likestillingsdirektiv (2006/54/EF) om

likebehandling av kvinner og menn er eit viktig internasjonalt lovinstrument. Direktivet inkluderer som sagt ikkje kjønnsidentitet spesifikt, men Domstolen i EU (European Court of Justice) har likevel fått klagar på brot av likestillingsdirektivet i sakar om diskriminering på grunn av kjønnsidentitet. I saka om *P. v. S. and Cornwall County Council* (1996) var klagaren i ein m/k kjønnsskifteprosess då ho vart sagt opp av arbeidsgjevaren sin. EU-domstolen vedtok at avsetjinga utgjorde forskjellsbehandling av P: "[w]here a person is dismissed on the ground that he or she intends to undergo, or has undergone, gender reassignment, he or she is treated unfavourably by comparison with persons of the sex to which he or she was deemed to belong before undergoing gender reassignment" (FRA, EMD, og Europaratet 2011, 28). Denne dommen vedtok at kjønnsomgrepet i likestillingsdirektivet også omfattar diskriminering av eit individ som skal gjennomgå eller har gjennomgått kjønnsbekreftande behandling. Vedtaket har blitt følgd opp i seinare praksis av EU-domstolen om pensjonsrettar etter kjønnsbekreftande operasjon, jf. *KB v. NHS Pensions Agency* (2004) og *Richards v. Secretary of State for Work and Pensions* (2006). Kjønnsidentitet er dermed verna under EU-lov, men i snever forstand sidan er gjeldane for personar som skal eller har gjennomgått kjønnsbekreftande behandling, men ikkje for alle transpersonar.

I 2009 utgav Den europeiske unions byrå for grunnleggjande rettar rapporten *Homophobia and Discrimination on Grounds of Sexual Orientation in the EU member states*. Det vart lagt vekt på at transseksuelle eit har betre diskrimineringsvern enn andre transpersonar, og at det er nødvendig å tydeleggjere vern av kjønnsidentitet framfor transseksualisme som er eit meir ekskluderande omgrep. Kjønn bør ha ei breiare tolking som inkluderer kjønnsidentitet, og det bør inkluderast i all framtidig relevant EU anti-diskrimineringslovgjeving (FRA 2009, 167). Dette vart følgd opp i oktober 2012 i vedtaket av direktiv 2012/29 som etablerte ein minimumsstandard for rettar, støtte og vern av kriminalitetsoffer. Kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk vart inkludert som diskrimineringsgrunnlag i paragraf 9 om behandling av offer for kriminalitet, og i paragraf 17 om kjønnsbasert vald (Europaparlamentet og Den europeiske unions råd 2012). Dette diskrimineringsvernet er dermed ikkje avgrensa til transseksuelle, men til diskriminering på grunnlag av kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. I EU har altså transseksuelle hatt vern i likestillingsdirektivet sidan 1996, men i seinare tid er det teikn på at diskrimineringsvern bør utvidast til å inkludere alle som blir diskriminert på grunnlag av kjønnsidentitet.

#### **4.3.2 Europarådet**

Allereie i 1989 vedtok Europarådets parlamentarikarforsamling ei anbefaling om transseksuelle forhold. anbefalinga oppmoda medlemsland til å vedta føresegns som sikrar transseksuelle sin rett til å endre kjønn og forby diskriminering av transseksuelle (Europarådets parlamentarikerforsamling 1989). Europarådets diskrimineringsforbodet er nedfelt i EMK art. 14. Forbodet inneholder ei opprangsing av fleire diskrimineringsgrunnlag som kjønn, rase og religion. Kjønnsidentitet er ikkje nemnt, men diskrimineringsgrunnlaga er ikkje uttømmande sidan sekkekategorien ”eller anna status” er lagt til. EMD har behandla få klagar om diskriminering av transpersonar, stortalet av klagane er retta mot juridisk anerkjenning av kjønn. I saka *P.V v. Spain* (2010) var klagaren ein m/k transseksuell som hadde ein son med tidlegare kone før kjønnsendringa, ho klaga på avgrensingar i avtalar om kontakt med barnet som hadde blitt vedtatt av domstolane. Klagaren hevda at ho vart diskriminert fordi ho var transseksuell. EMD vedtok at dommen ikkje baserte seg på klagarens transseksualitet, men viste til restriksjonar grunna barnets beste på grunn av klagarens emosjonelle ustabilitet, samt omsyn til at barnet gradvis skulle blir tilvent det nye kjønnsuttrykket. Likevel konstaterde EMD at ”transsexualism was a notion covered by Article 14, which contained a non-exhaustive list of prohibited grounds for discrimination” (Den europeiske menneserettsdomstolen 2010). Kjønnsidentitet er dermed eit diskrimineringsgrunnlag under kjønnsomgrepene i EMK art. 14, men i snever forstand sidan det gjeld for transseksuelle, men ikkje for alle transpersonar.

31. mars 2010 vedtok Europarådets ministerkomité anbefaling (2010)<sup>5</sup> om tiltak mot diskriminering på grunn av seksuell orientering eller kjønnsidentitet. Ministerkomiteen presenterte fem generelle anbefalingar til medlemsstane, deriblant: (1) granske eksisterande lovverk og forskrifter og analysere relevant data for å overvake direkte eller indirekte diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet, (2) sikre at lover og andre tiltak er vedtatt og effektivt sett i verk for å kjempe mot diskriminering på grunn av seksuell orientering eller kjønnsidentitet, sikre respekt for menneskerettane til lhbt-personar og fremje toleranse mot dei (Europarådets ministerkommitté 2010). Det blir også lista ei lang rekke meir spesifikke anbefalingar om tiltak på ulike område der seksuell orientering og kjønnsidentitet er eit aktuelt diskrimineringsgrunnlag som treng vern, mellom anna arbeidsliv, utdanning, hatkriminalitet, sport og helse. 29. April 2010 vedtok Parlamentarikarforsamlinga Resolusjon 1728(2010) om diskriminering basert på seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Det blir understrekt at lhbt-personar blir utsett for fordommar, fiendskap og diskriminering i heile Europa. I likskap med anbefaling (2010)5, oppmodar parlamentarikarforsamlinga medlemsstatane til å vedta og implementere anti-diskrimineringslov som inkluderer seksuell orientering og kjønnsidentitet som diskrimineringsgrunnlag (16.5). Resolusjonen legg i tillegg vekt på at hindringar for å få kjønnsbekreftande behandling eller for å endre juridisk kjønn fører til diskriminering (Parlamentarikarforsamlinga 2010). Medlemsstatar blir derfor også oppmoda til å sikre rett til offisielle dokument som reflekterer individ sin føretrekte kjønnsidentitet utan vilkår om å gjennomgå sterilisering eller andre medisinske prosedyrar (16.11.2).

I 2015 vart ei viktig dom vedtatt av EMD i saka Identoba og andre v. Georgia. Saka omhandla markeringa av den internasjonale dagen mot homo- og transfobi i Georgia. Klagarane gjennomførte ein fredeleg marsj under markeringa, men vart brutalt angripne av mot-demonstrantar. EMD dømde Georgia for nedverdigande og umenneskeleg behandling på ein diskriminerande måte. Domstolen la vekt på omstendet og at Georgiske myndigheter hadde ei "compelling positive obligation" til å verne lhbt-samfunnet mot slike føreutsette hendingar (TGEU 2015a) Domstolen tydeleggjorde dermed at alle transpersonar er verna mot diskriminering på grunnlag av kjønnsidentitet i art. 14 i EMK.

#### **4.3.3 Dei sameinte nasjonane**

Diskriminerings forboda i FN er nedfelt i FNs SP art. 26, FNs ØSK art. 2(2) og FNs BK art. 2(1), og inneholder ei oppramsing av ulike diskrimineringsgrunnlag, som kjønn, rase og religion (Europaratet 1950; FN 1976b; FN 1976a; FN 1989). Kjønnsidentitet er ikkje inkludert som eit diskrimineringsgrunnlag, men det kan argumenterast for at diskriminering av transpersonar kan falle under diskrimineringsgrunnlaget kjønn. Diskrimineringsgrunnlaga er derimot ikkje uttømmande, og etter oppramsinga av diskrimineringsgrunnlag blir det lagt til «eller anna status». I ØSK-komiteens General Comment nr. 20 paragraf 32, blir seksuell orientering og kjønnsidentitet anerkjent under «anna status»: «gender identity is recognized as among the prohibited grounds of discrimination; persons who are transgender, transsexual or intersex often face serious human rights violations, such as harassment in schools or in the workplace» (CESCR 2009). Kjønnsidentitet er dermed eit grunnlag som er verna mot diskriminering i ØSK. I kvinnekomiteens General Recommendation nr. 28 paragraf 18 om art. 2 om FNs kvinnekonvensjon blir det også hevdat at diskriminering av kvinner på grunnlag av kjønn er

direkte knytt til andre faktorar som påverkar kvinner, deriblant kjønnsidentitet (CEDAW 2010).

I 2011 var det eit gjennombrot i FN om vern mot diskriminering av transpersonar. Etter ei oppfordring av Menneskerettsrådets resolusjon 17/19, leverte FNs høgkommissær for menneskerettar rapporten "Discriminatory laws and practices and acts of violence against individuals based on their sexual orientation and gender identity" (A/HRC/19/41) til Rådet. Rapporten viser til statars obligasjonar under internasjonal menneskerettslov til å verne retten til liv, fridom og tryggleik for personar uavhengig av seksuell orientering og kjønnsidentitet. Rapporten konkluderer med høgkommissærens sine åtte anbefalingar (a-h) til medlemsstatar, anbefaling (e) lyder som følgjer: "Enact comprehensive anti-discrimination legislation that includes discrimination on grounds of sexual orientation and gender identity among prohibited grounds and recognizes intersecting forms of discrimination; ensure that combating discrimination on grounds of sexual orientation and gender identity is included in the mandates of national human rights institutions" (FNs høgkommissær for menneskerettar 2011, 25).

I mai 2015 vart dette følgd opp av ein ny rapport "Discrimination and violence against individuals based on their sexual orientation and gender identity" (A/HRS/29/23) som var ei oppdatering av rapport 19/41. Rapporten dokumenterer utviklingar sidan førre rapport, og legg vekt på at vald og diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet framleis er eit aktuelt problem. Anbefalingane til medlemsstatane vart oppdatert, høgkommissæren gir ni anbefalingar (a-i) om korleis statar skal handtere vald, og elleve anbefalingar (a-k) om korleis statar skal handtere diskriminering (FNs høgkommissær for menneskerettar 2015). Både Europarådet og FN har dermed i høvesvis 2010 og 2011 oppmoda medlemsstatane til å få på plass eit lovverk som sikrar at kjønnsidentitet er eit verna diskrimineringsgrunnlag.

#### **4.4 Juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet**

Juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet rører ved fleire menneskerettar i internasjonal lov: rett til anerkjenning føre lova, rett til privatliv, rett til høgast mogleg helsestandard, rett til

familieliv og forbod mot tortur eller nedverdigande behandling. Retten til juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet er kjernen i arbeidet for å betre transpersonar sine levekår og rettslege status.

Storparten av sakar har blitt klag inn til EMD av transpersoner er grunna i brot på retten til privatliv. Dei fleste av klagar for brot på retten til privatliv eller retten til respekt for privatliv som er verna i EMK artikkel 8. Utforminga legg opp til unntaksføresegn om omsyn til andre sine rettar og fridomar, og i denne samanheng må det foretas skjønnsmessige vurderingar av om inngrepet er sakleg, rimeleg og høveleg. Dei to første sakane var *Rees v. UK* (1986) og *Cossey v. UK* (1990), der klagaren i begge sakane hadde fullført kjønnsbekreftande behandling, men fikk avslag på å endre juridisk kjønnsstatus. EMD dømte i begge sakene at det ikkje eit var brot på art. 8. og la vekt på det klagaren sine krav hadde medført fundamentale endringar i systemet for folkeregistrering og store administrative konsekvensar. Likevel viste EMD i *Rees v. UK* dommen bevisstheit over "the seriousness of the problems affecting transsexuals and their distress", og anbefalte å vurdere passande tiltak for å betre situasjonen (ECHR 2015). I saka *B. v. France* (1992) dømte EMD for første gang at det hadde vore eit brot på EMK art. 8 i ei sak om juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet. B. tiltalte franske myndigheter fordi dei nekta å endre hennar juridiske kjønnsstatus frå mann til kvinne til tross for at ho hadde gjennomgått kjønnsbekreftande behandling. EMD dømte brot på art. 8 i denne saka, og la vekt på at det franske folkeregistreringssystemet var mindre rigid enn det britiske.

Domane i *Christine Goodwin v. UK* og *I v. UK* (2002) var ein historisk siger for transpersonars rettar. Goodwin og I sine klager var basert på manglande juridisk anerkjenning av kjønnsendring, samt forskjellsbehandling knytt til arbeid og pensjon (R. K. M. Smith 2003, 659). EMD slo fast at det hadde vore eit brot på art. 8 og la vekt på ein klar og vedvarande internasjonal trend mot auka aksept for transseksuelle og mot rettsleg anerkjenning av den nye kjønnsidentiteten til personer som har utført kjønnsbekreftande kirurgi, samt at det ikkje var nokon vesentlege faktorar av offentleg interesse som kunne vege opp mot omsynet til sokjerane (ECHR 2015, 2). Etter *Christine Goodwin* domen var det ikkje lenger noko som kunne rettferdiggjere det å ikkje anerkjenne juridisk kjønnsendring for transseksuelle som hadde gjennomgått ein kjønnsbekreftande operasjon, jf. *Grant v. UK* (2006) og *L v. Lithuania* (2007). Retten til juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet vart etablert av EMD, men i ein snever forstand sidan det berre gjeld for transseksuelle som har oppfylt dei nasjonale vilkåra

for endring av juridisk kjønnsstatus. EMD dømte også at det hadde vore brot på art. 12 om retten til ekteskap i begge sakene, klagarane fikk medhald i at dei hadde rett til å inngå ekteskap med ein person av eit anna kjønn enn den nye juridiske kjønnet, som dei hadde blitt nekta av staten. I sakene *Parry v. UK* (2006) og *R. and F. v. UK* (2006) var klagarane i begge sakene gift med barn der ein av partane hadde gjennomgått kjønnsbekreftande kirurgi, og dei hadde begge fått avslag på å anerkjenne sitt nye kjønn sidan dei framleis var gift. I desse tilfella erklærte EMD klagene som ugyldige sidan vilkåret om skilsmisse for juridisk anerkjening av nytt kjønn var i tråd med engelsk lov der likekjønna ekteskap ikkje var lovleg. Skilsmissekravet var dermed gyldig i statar som ikkje anerkjenner likekjønna ekteskap, og denne domen har seinare blitt følg opp jf. *Hämäläinen v. Finland* (2014).

I 2003 etablerte altså EMD at statar har ei plikt til å tilby mogleiken til å gjennomgå kjønnsbekreftande kirurgi. I saka *Van Kück v. Germany* (2003) klaga søkeren på urettferdig rettsbehandling av den tyske domstolens i ei sak om refusjon for kjønnsbekreftande behandling mot eit privat helseforsikringsselskap. EMD dømte at det var brot på art. 6 § 1, retten til ein rettferdig rettgang, fordi dei tyske domstolane ikkje kom med ein førespurnad om vidare avklaring frå medisinsk ekspertise. EMD sin dom at det var brot på art. 8 sidan ”gender identity was one of the most intimate aspects of a person’s private life”, og at det ikkje var høveleg å pålegge at søkeren sjølv måtte bevise det medisinske naudsynet for behandlinga (ECHR 2015, 4). Denne dommen var signifikant sidan det vart slått fast at statar bør tilby transpersonar mogleiken til kjønnsbekreftande kirurgi som fører til fullstendig kjønnsendring og at denne tenesta skal finansierast av forsikringsplanar som ”medisinsk nødvendig”.

#### **4.4.1 Vilkår for å endre juridisk kjønn**

Medisinske vilkår for å endre juridisk kjønnsstatus, og spesielt krav om sterilisering eller kastrering, har i akande grad blitt kritisert av fleire menneskerettsorganisasjonar. SP art. 7 slår fast at: ”Ingen må utsettest for tortur eller for grusom, umenneskelig eller nedverdigende behandling eller straff” (menneskerettslova 1999, vedlegg 6). Dette forbodet er også konstantert i EMD art. 3. Problemstillinga som oppstår i lys av menneskerettane er i kva grad eit så stort statleg og fysisk inngrep i individ sine privatliv kan bli rettferdiggjort, og om

sterilisering eller andre medisinske inngrep er naudsynt for å klassifisere nokon som å vere eit kjønn eller eit anna.

Som nemnt tidlegare publiserte Europarådets menneskerettskommissær, Thomas Hammarberg, rapporten *Human Rights and Gender Identity* i 2009. Høgkommissæren stiller seg sterkt kritisk til kravet om kirurgiske inngrep og hevdar at det bryt med respekt for personers fysiske integritet, og understreker at: "It is of great concern that transgender people appear to be the only group in Europe subject to legally prescribed state-enforced sterilisation" (Hammarberg 2009, 19). Rapporten kastar også lys over transpersonar sine därlege levekår i Europa, dei møter stadig store utfordringar i helsevesenet og i arbeidslivet, og er ei gruppe svært utsatt for diskriminering og vald. Rapporten avslutta med tolv anbefalingar til medlemsstatane for å betre transpersonar sin rettslege status. Anbefalingar relatert til juridisk anerkjenning av kjønn omfatta mellom anna å utvikle effektive og transparente prosedyrar for å endre namn og juridisk kjønnsstatus og å fjerne steriliseringskravet. På bakrunn av denne rapporten vedtok Europarådets ministerkomité i 2010 ei anbefaling (recommendation) til medlemslanda om tiltak mot diskriminering grunna seksuell orientert og kjønnsidentitet. I anbefalinga er det fleire punkt som er relevante for endring av juridisk kjønnsstatus, og det visast særleg til punkt 20 og 21:

«**Punkt 20:** Eksisterande krav om juridisk anerkjenning av kjønnsskifte, mellom anna endringar av fysisk art, bør gjennomgåast med jamne mellomrom for å fjerne krav som er urimelige.

**Punkt 21:** Medlemsstane bør setje i verk passande tiltak for å garantere at ein person får eit gjennomført kjønnsskifte fullt juridisk godkjent på alle livsområde, særleg ved å gjere det mogleg å skifte namn og kjønn i offentleg dokument på ein rask, oversiktleg og lett tilgjengeleg måte» (Europarådets ministerkommitté 2010).

Det finnast også kritiske ytringar frå FN-organ, i februar 2013 publiserte Menneskerettsrådet rapport A/HRC/22/53 av *spesialrapportør av tortur og anna grufull, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff*, Juan E. Méndez. Paragraf 78 i denne rapporten blir det vist til ein praksis i fleire land der transpersoner blir pålagt å gjennomgå steriliseringsoperasjonar, som ofte er uønskte, som eit vilkår for å oppnå juridisk anerkjenning av deira føretrekte kjønn. Spesialrappøren oppmodar alle statar til å "outlaw forced or coerced

sterilization in all circumstances and provide special protection to individuals belonging to marginalized groups” i paragraf 88 (Méndez 2013, 23). I januar 2016 publiserte Menneskerettsrådet ein ny rapport av spesialrapportør Mendéz etter oppmøding av Menneskerettsrådets resolusjon 25/13. Den nye rapporten, A/HRC/31/57, vurderer bruken av forbodet mot tortur og anna grufull, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff i internasjonal lov til dei unike erfaringane av kvinner, jenter og lesbiske, homofile, bofile, transpersoner og interkjønn-personer. I paragraf 49 blir det vist til at transpersonar ofte har vanskar med å få tilgang til eit passande helsetilbod, og at fleire statar har nedverdigande krav for å endre juridisk kjønnsstatus, og slått fast at ”These practices (enforced sterilization of individuals seeking gender reassignment) are rooted in discrimination on the basis of sexual orientation and gender identity, violate the rights to physical integrity and self-determination of individuals and amount to ill-treatment or torture” (Méndez 2016, 14).

I juni 2013 vedtok Europarådets parlamentarikarforsamling (Parliamentary Assembly) resolusjon 1945: Putting an end to coerced sterilisations and castrations. I paragraf 4 blir det det vist til at det er veldig få steriliseringar og kastreringar i Europarådets medlemstatar i dag som går under nemninga ”forced”, men at det er små, men signifikante, tilfelle av både sterilisering og kastrering som faller under ulike definisjonar av ”coerced” oftast er retta mot transpersonar, romanifolk eller dømte seksualforbrytarar. Paragrafen avsluttar slagkraftig med: ”Neither forced nor coerced sterilisations or castrations can be legitimated in any way in the 21st century – they must stop” (Europarådets parlamentarikerforsamling 2013). Resolusjonen inneberer også oppmødingar til medlemsstatane om å evaluere nasjonale lover og praksisar for å sikre at ingen kan bli tvinga til sterilisering eller kastering på noko måte.

Når det gjelder vilkår for endring av juridisk kjønnsstatus, har EMD enno ikkje vedtatt ei dom om vilkåret om sterilisering/kastrering i seg sjølv er eit inngrep etter samhøve. I dommen *YY v Turkey* (2015) vart Tyrkia nyleg dømt for brot på art. 8, ved å stille krav om sterilisering før kjønnsbekreftande kirurgi. Dommen er konkret mot ordninga i Tyrkia, men to av dommarane gav ei supplerande ytring der dei beklaga at EMD ikkje hadde angrepet saka prinsipielt i forhold til steriliseringskravet. I særavdomet er det ein grundig gjennomgang av den internasjonale trenden på området, i retning om at slike krav ikkje kan forsvaret opp mot menneskerettane.

Globale aktivistar og menneskerettsorganisasjonar har vore viktig menneskerettar for transpersonar på den internasjonale agendaen. Internasjonale menneskerettsorganisasjonar har også spelt ei rolle for å forme internasjonale trendar for transrettar. To profilerte dokument, *Declaration of Montreal on Lesbian, Gay, Bisexual, and Transgender Human Rights* (Montreal-erklæringa 2006) og Yogyakarta Principles on the application of International Human Rights Law in Relation to Sexual Orientation and Gender Identity (Yogyakarta-prinsippa 2007) vart utarbeida og signert av globale lhbt-aktivistar. Montreal-erklæringa vart utarbeida under den internasjonale konferansen om lhbt menneskerettar i juli 2006, i samband med det første sportsarrangementet World Outgames i Montreal. Erklæringa var i hovudsak forfatta av Joke Swibel, ein erfaren lhbt-aktivist, som skildra erklæringa som ”an attempt – probably the first one – to summarize the main demands of the international LGBT movement in the broadest possible terms (Swiebel 2009, 28). Montreal-erklæringa var det første dokumentet som definerte lhbt sakar som menneskerettssakar, med føremål om å endre menneskerettskonseptet og utfordre heteronormativitet.

Medan Montreal-erklæringa presenterer eit breiare bodskap om sosial endring, er Yogyakarta-prinsippa utforma med utgangspunkt i eksisterande internasjonal mennesrettslov og inneheld retningsliner for korleis ein skal oppnå sosial endring, og har dermed hatt ein større politisk innverknad. Yogyakarta-prinsippa var utarbeida av eit internasjonalt panel av menneskerettsekspertar i 2006 og lansert i FNs menneskerettsråd i 2007. Yogyakarta-prinsippa er ei rekje prinsipp om bruken av internasjonale menneskerettar i relasjon til seksuelle orientering og kjønnsidentitet. Det tredje prinsippet, *The right to recognition before the law*, slår fast at ingen skal bli tvinga til å gjennomgå medisinske prosedyrar, inkludert kjønnsbekreftande operasjonar, sterilisering eller hormonbehandling, som eit krav for juridisk anerkjenning av deira kjønnsidentitet (Yogyakarta Principles 2007). Yogyakarta-prinsippa er den var den mest sofistikerte artikulasjonen av lhbt-rettar og inkluderte ei vurdering av 28 menneskerettar opp mot lhbt-personar. Sjølv om prinsippa ikkje har blitt vedtatt som ein internasjonal standard, har FN-organ og nasjonale domstolar referert til dei, og fleire regjeringar har nytta dei som retningslinjer for å definere sin politikk på området. Europarådets menneskerettskommissær har også støtta Yogyakarta-prinsippa og ser på dei som eit viktig verkty for å identifisere statar si plikt til å respektere, verne og innfri menneskerettane til alle personar uavhengig av seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Amnesty international sin rapport *The state decided who I am* stiller seg også svært kritisk til europeiske praksisar for endring av juridisk kjønn og ber om oppheving av steriliseringskravet (Amnesty International 2014). Denne rapporten vil eg komme tilbake til i kapittelet om juridisk endring av kjønn i Norge, sidan Norge vart inkludert i rapporten. I 2014 også eit samla standpunkt mot tvinga sterilisering utgitt av WHO og ei rekke FN organisasjonar, der transpersonar og intersex-personar vart trekt fram som særleg utsette grupper (WHO mfl. 2014).


Det har altså for stor internasjonal framgang dei siste åra som har bidrige med skape bevisstheit rundt transpersonar sin rettslege posisjon internasjonalt og på eitt europeisk nasjonalt nivå. Det at transpersonar sine rettar har blitt etablert eim grunnleggjande menneskerettar er også svært positivt steg, som vil gjere det lettare for nasjonale aktivistar å overtyde myndigheiter om at endring må skje i lys av grunnleggjande menneskerettar.

#### **4.5 Internasjonal utvikling på nasjonalt nivå**

Det siste tiåret har vi vore vitne ei stor rettsleg utvikling på transfeltet, og i denne delen av oppgåva vil eg gi ei kort skildring av transpersonars rettsposisjon i Europa og elles i verda. Organisasjonen TGEU har i samarbeid med ILGA-Europe årleg publisert ”Trans Right Europe Map and Index” sidan 2013. Dette kartet viser ei oversikt over kva europeiske statar som krevjar sterilisering for å anerkjenne kjønnsidentitet ved å endre juridisk kjønn.

I mange av dei landa som har blitt blå på kartet har domstolar vore eit instrument for endring. I 2004 vedtok Storbritannia lova Gender Recognition Act, som tillét transkjønna personer å endre sitt juridiske kjønn utan krav om medisinsk eller kirurgisk behandling (Jeffreys 2008). Søkjaren må derimot dokumentere diagnosen kjønnsidentitetsforstyrring i form av ein rapport frå ein lege eller ein psykolog som praktiserer innan feltet om kjønnsidentitetsforstyrningar som bekreftar diagnosen

**Figur 2 Trans Right Map 2016**



Kjelde: (TGEU og ILGA-Europe 2015)

I 2007 adopterte Spania ei liknande lov (3/2007) for å endre juridisk kjønn med krav om diagnosen kjønnsidentitetsforstyrring og to år med medisinsk behandling, men utan krav om kjønnsbekreftande kirurgi (Platero 2011, 599). Nabolandet Portugal vedtok i 2011 ei lov (7/2011) som anerkjenner endring av juridisk kjønn etter oppfylt krav om diagnose, men utan andre medisinske krav. I februar 2009 dømte den austerriske administrative høgsterettsdomstolen at påkravd kirurgi ikkje var eit gyldig vilkår kjønnsendring. Saka gjaldt ei kvinne som var transperson og hadde gjennomgått alle endring bortsett frå genitalkirurgi og levde som kvinne i alle sosiale relasjonar. I retten etablerte ho at arbeidssituasjonen hennar ikkje kunne tillate seks månadar sjukefråvær som var naudsynt for operasjonen, og at ho heller ikkje kunne forlate familien utan finansiell støtte (Hammarberg 2009, 20). Domstolen påpeikte at den lovgjevande forsamlinga måtte fjerne kravet om kjønnsbekreftande kirurgi sidan domstolen ikkje kunne etablere eit naudsyn av kravet.

Både Tyskland og Sverige var tidleg ute med å lovfeste prosedyrane for å endre kjønn, Sverige var det første landet i verda i 1972, og Tyskland følgde opp i 1980. Vilkåra for å endre juridisk kjønnsstatus var lik i begge landa, søkeren måtte a) vere ugift, b) vere permanent steril og dermed ikke kunne reproduksjon, og c) ha utført kirurgi som endrar eksterne karakteristikkar som oppnår ei klar tilnærming til fenotypen av det motsette kjønn (Pfäfflin 1981; Wålinder og Thuwe 1976). Den største forskjellen mellom lovene var aldersgrensa, som var 25 år i Tyskland, og 18 år i Sverige. I januar 2011 annonserte Bundesverfassungsgericht, Tysklands høyesterettsdomstol, at kravet om sterilisering eller kjønnsbekreftande kirurgi for å endre sin juridiske kjønnsstatus er konstitusjonsstridig (TGEU 2011). Dommen hadde omgående effekt. I Sverige kom reforma 22 mai 2013, då stemte Riksdagen for å fjerne det obligatoriske steriliseringsvilkåret for å endre juridisk kjønnsstatus. Opphavet til avstemminga var ein dom av Svea hovrätt som fant steriliseringskravet grunnlovsstridig, samt stidig mot den Europeiske menneskerettskonvensjonen (TGEU 2013). 16. mai 2014 vedtok Förvaltningsrätten i Stockholm ei dom som slo fast at kravet om ei psykologisk helsediagnose ikke kan vere obligatorisk for å endre juridisk kjønnsstatus, sidan kravet ikke er lovfesta i den aktuelle lova (TGEU 2014c). Domstolane var dermed viktige aktørar for sosial endring for transpersonar både i Sverige og Tyskland.

11. juni 2014 vedtok det danske Folketinget ei lov om endring av juridisk kjønn som satt ein ny standard for Europa. Lova tillét juridisk kjønnsendring for transpersonar gjennom sjølvbestemming utan nokon medisinske eller kirurgiske vilkår (TGEU 2014a). Det einaste vilkåret er at søkeren må vere fylt 18 år, og bekrefte ønske om kjønnsendring etter ein refleksjonsperiode på seks månadar. Danmark vart dermed det første europeiske landet som ikkje krev ei psykologisk diagnose eller medisinsk vurdering, og det andre i verda etter Argentina.

1. april 2015 vedtok eit samstemmig parlament ei ny lov, Gender Identity, Gender Expression and Sex Characteristics Act, på Malta (Dalli 2015). Lova er veldig liberal, og Malta vart det første landet i verda som kriminaliserer medisinske inngrep på interkjønn spedbarn utan samtykke. Malta vart også det tredje landet som innførar juridisk kjønnsendring basert på eigenerklæring utan krav om diagnose eller store medisinske inngrep som sterilisering. Retten til kjønnsidentitet for alle individ, uavhengig av om dei er transkjønna eller cikjønna vart dermed manifestert i maltesisk lov. 15. juli følgde Irland i Malta sine fotspor og vedtok ei lov som også tillét personer med kjønnsinkongruens å endre sitt juridiske kjønn utan kirurgiske

eller medisinske inngrep (Lavers 2015). Berre fem dagar seinare vedtok italiensk høgsterett at medisinske inngrep og sterilisering ikkje er naudsynt for å endre sitt juridiske kjønn (TGEU 2015b). Desse tre statane er ikkje "usual suspects" for å implementere LHBT-rettar, med sterke katolske røter og konservativ tradisjon.

## 5 Kjønn i den norske staten

I dette kapittelet vil eg først presentere den norske casen ved å skildre forholdet mellom den norske stat og kjønn gjennom å vise til norsk lov, jus og administrativ praksis. Vidare vil eg skildre den tidlegare praksisen for juridisk anerkjenning av kjønn i Norge.

I ein norsk statleg kontekst, kjem kjønn til uttrykk på fleire område. Storparten av offentleg statistikk inkluderer bakgrunnsvariabelen «kjønn» som viser til forskjellar mellom menn og kvinner. Offentlege rom kan også vere inndelt etter kjønn, spesielt toalett eller garderober. Innan norsk jus er rettar og pliktar i noko grad kjønnsbasert. Menn har verneplikt, medan verneplikt var frivillig for kvinner født før 1997 (*Grunnlova § 9, Lov om verneplikt 1953* og *Lov om heimevern 1953*). Kjønnskvotering er eit anna døme der kjønn er regulerande. I 2003 vedtok Stortinget ei regulering om kvotering av kvinner til styreverv. Reglane vedtek at det skal vere 40 prosent kvinner (og menn) i styra. Fråseguna i *lov om allmennaksjeselskaper § 6-11a* om krav om representasjon av begge kjønn i styret gjelder for alle allmennaksjeselskap (ASA) – i praksis alle børsnoterte selskap, statsselskap, og kommunekontrollerte selskap.

Reglane gjelder derimot ikkje for privat eigde aksjeselskap (AS). For statlege selskap trådde lova i kraft 1. januar 2004, og for allmennaksjeselskap trådde lova i kraft 1. januar 2006 med to års overgangstid for allereie etablerte selskap. *Lov om likestilling mellom kjønnene* av 2013 § 13 setter også krav om kjønnsbalanse i offentlege utval, med minst 40 prosents representasjon av begge kjønn i offentlege styre, utval og råd. Norges store politiske parti, med unntak av FrP, har også innført sjølvpålagt kvotering ved nominasjon til val (Lovdata 2013).

Kvotering ved tilsetjing i arbeidslivet er regulert gjennom hovudavtalene for kommunal og statleg sektor, hovudavtala opnar for å gje fortrinnsrett til det underrepresenterte kjønn ved elles like eller tilnærma like kvalifikasjonar. I utdanning kan kjønn også vere regulerande. Samordna opptak gir kjønnsspoeng til nokre få studiar der mannlege eller kvinnelege søkerar er underrepresentert. Kvinner får to kjønnsspoeng om dei søker på bachelorutdanninger i ingeniørfag (unntatt kjemi), landbruksstudiar ved Høgskulen i Hedmark, nokre bachelorutdanninger i maritime fag og nokre femårige integrerte masterprogram i teknologi og ingeniørfag ved NTNU (Samordna opptak 2013). Mannlege studentar får to kjønnsspoeng om dei søker på veterinærstudiet og dyrepleiarutdanning ved NMBU. Alle norske statsborgarar blir registrert med eit fødselsnummer. Norge har eit også eit kjønnsbasert personnummersystem, det tredje siste sifferet i personnummeret er kjønnssifferet som angir om personen er kvinne (partal) eller mann (oddetal). Generelt er det observasjon av ytre kjønnsorgan på nyfødde barn som avgjer juridisk kjønn. Personnummeret blir oppført i gyldig legitimasjon som pass og førarkort. Det er ikkje mogleg å registrere seg i ein annan kjønnskategori enn «mann» eller «kvinne», eller å krysse av begge kategoriane i offentlege skjema.

Det er to formar for juridisk anerkjenning av kjønn. Den første og mildaste forma er mogleiken til å uttrykke kjønn gjennom val av namn, og den en andre forma er endring av juridisk kjønn.

## 5.1 Namnendring

Det er eit tradisjonelt skilje mellom typiske ”gutenamn” og ”jentenamn”, og dei fleste samfunn har lovverk som regulerer val av namn. Norges Lov om personnavn (namnelova) av 2002 gjorde det enklare for personer med kjønnsinkongruens å uttrykke sin kjønnsidentitet. I følgje den tidlegare namnelova av 1964, § 15 tredje ledd, skal fornamn ikkje veljast om «det

kan verta til ulempe for den som har det» (*Lov om personnamn* 1964). I den nye namnelova av 2002 vart ulempeskriteriet endra, § 10 første ledd lyder: «Selv om de øvrige vilkår er oppfylt, skal en melding om å ta, endre eller sløyfe navn ikke godtas dersom vedkommende sitt personnavn ellers kan bli til vesentlig ulempe for vedkommende eller andre sterke grunner tilsier det» (*Lov om personnavn* 2002). Ulempeskriteriet vart dermed mindre omfattande ved å legge til «vesentlig» føre ulempe. I Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv om den nye namnelova står det at det ”ikke kan velges guttenavn for jenter og omvendt” (Justis- og beredskapsdepartementet 2002). Samstundes blir det understreka at endringa av ulempeskriteriet svarer til ein svært liberal praksis, og slått fast at jentenamn for menn eller gutenamn for kvinner tillatast for personer som er i gang med ein kjønnsskifteprosess, og for dei som er ein anna kjønnsidentitet utan ønskje om kjønnsskifteprosess.

Namneendringsprosessen er enkel og effektiv, personar som vil endre namn sender melding om det til skattekontoret som avgjer om meldinga skal godtakast, og dette vedtaket kan klagast inn til fylkesmannen (namnelova §11). Den liberale praktiseringa av namnelova har gitt mogleikar for eit meir mangfaldig kjønnsuttrykk. Det tillatast også å ta manns- og kvinnennamn saman, som til dømes legen og sexologen Esben Ester Pirelli Benestad har gjort, eller å konstruerer nye kjønnsnøytrale fornamn. Marit Vaula Rasmussen (2006) viser i sin studie at den liberale praktiseringa av namnelova ikkje er ubroblematisk, når den kombinerast med ein streng praksis for å endre juridisk kjønn. Ein av informantane hennar hadde endra fornamn, men ikkje juridisk kjønnsstatus, Namnet stemte derfor ikkje overeins med det juridiske kjønnet i passet, og hin var bekymra for at dette kunne føre til problematiske situasjonar på internasjonale flyplassar (Rasmussen 2006, 285). Den meir liberale praktiseringa av namnelova gir mogleik til å uttrykke kjønnsidentitet, medan praksisen for å endre juridisk kjønn framleis var ekskluderande og rigid.

## 5.2 Endring av juridisk kjønn

I dag er det enkelt å endre sitt juridiske kjønn, men før lova om endring av juridisk vart vedteken var denne prosessen lang, krevjande og ekskluderande. I dette avsnittet vil eg skildre den tidlegare praksisen for å endre juridisk kjønn. Folkeregisterforskrifta § 2-2 viser til at fødselsnummer kan endrast når fødselsdato eller kjønnsstatus endrast (*Forskrift om*

*folkeregistrering* 2007). Kva vilkår som må vere oppfylt for å endre juridisk kjønnsstatus var likevel ikkje regulert i lov, forskrift eller andre kjelder. Til tross for dette vart det etablert ein forvaltningspraksis på midten av 1970-talet. I ei utgreiing om endring av juridisk kjønn sendt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1979, skrev Per Anchersen, overlege i psykiatri, følgjande:

”En ufravikelig forutsetning for endring og fastsettelse av kjønnstilhörligheten for transseksualister av begge kjønn må etter min mening være en forutgående gjennemfört sterilisering (...) For menn har mitt krav om kastrasjon ikke budt på noen problemer fordi kastrasjon jo er innebygget i de feminiserende kirurgiske inngrep disse klienter ønsker. For kvinner vedkommende har jeg anfört som begrunnelse for å tilrå kastrasjon at det uten dette vil være en i allfall teoretisk mulighet for å bli konvertert til en menstruerende mann. Og ved kun å gjennemføre en enkel sterilisering (som kan tenkes å slå feil) kan man i værste fall bli en mann som kan bli mor. En slik (nærmest tenkt) kalamitet vilde skape uløselige legale komplikasjoner og bringe hele behandlingsprosedyren ved transseksualisme i miskredit” (Helsedirektoratet 2015, 65).

Det er mykje som tydar på at tidlegare praksis hadde sitt opphav i liknande resonnement. Folkeregistermyndigheten, Skattedirektoratet, er førsteinstans for endring av juridisk kjønn og etter tidlegare forvaltningspraksis kunne fødselnummer berre endrast etter at dei fikk stadfesting frå Nasjonal behandlingsteneste for transseksualisme (NBTS) ved Rikshospitalet om at ei ”endeleg konvertering av kjønn har funnet stad” (Langseth 2015, 49). For å få stadfesting frå NBTS måtte pasienten gjennomgå ei fullstendig kjønnsbekreftande behandling, som inneberer fleire absolutte krav om diagnosen transseksualisme, langvarig hormonbehandling og kjønnsbekreftande kirurgi, inkludert irreversibel sterilisering.

I Norge blir transseksualisme og anna kjønnsinkongruens nemleg definert som sjukdommar, i tråd med WHO sin internasjonale diagnosemanual, International Classification of Diseases (ICD-10). Personar som ønskte å endre sitt juridiske kjønn, måtte gå til fastlegen og bli vist til ein institusjon innan psykisk helsevern. Her vart det føretatt ei vurdering av tilvisinga og eventuelle utgreiingar før det vart vurdert om pasienten skal visast vidare til NBTS, som har det nasjonalt ansvaret for høgspesialisert behandling av pasientar med diagnosen transseksualisme. Når ein pasient blir vist til NBTS skal det først gjennomførast ei utgreiing og vurdering av om personen er kvalifisert til spesialisert behandling av personar med diagnosen transseksualisme (Helsedirektoratet 2015, 64). Endring av juridisk kjønn vart berre mogleg gjennom å få diagnose F64.0 eller F64.2, personar som ikkje oppfylte diagnosekrava eller som ikkje ønskte å gjennomgå heile behandlinga mista automatisk mogleiken til å endre

juridisk kjønnsstatus. Utgreiinga består av sju til tolv konsultasjonar med mål om at det skal vere ein månad mellom konsultasjonane, og diagnosen settast vanlegvis seks månadar inn i utredningsprosessen . Gjennomføring av såkalla ”verkelegheitserfaring” er eit av vilkåra for å byrje med hormonell og kirurgisk behandling ved NBTS, som inneberer det å leve i det kjønnsuttrykket som stemmer overeins med eigen kjønnsidentitet i minimum tolv månadar. Vurdering av ein som ønskjer kjønnsbekreftande kirurgi skjer etter 1-3 år med hormonell behandling. Det er eit absolutt krav om kjønnsbekreftande kirurgi som må vere oppfylt for å få stadfesta endring av juridisk kjønnsstatus. Personar som vil endre juridisk kjønnsstatus må altså gjennomgå ein fullstendig kjønnsbekreftande operasjon der testikler eller eggstokkar blir fjerna (Helsedirektoratet 2015, 64). Med andre ord var det eit eksplisitt krav om irreversibel sterilisering for å endre juridisk kjønn.

Van der Ros (2016) påpeikar NBTS si sentrale rolle som portvakter til helsehjelp når det gjelder kjønnsinkongruens, det er desse legane si helsefaglege vurdering som avgjer pasientanes liv og skjebne. Ho framhevar problematikken knytt til NBTS sitt monopol på tre område: ovanfor pasientar, andre legar og myndighetene. NBTS har altså fortolkingsmonopol på om ein pasient oppfyller diagnosekriterier for transseksualisme, avgjer behandlingsløpet, lengde og omfanget av behandlinga, og avvisar andre legars kompetanse når det gjelder tilvising, behandling eller revurderand av NBTS sine avslag (Ros 2016, 9). Mangel på fungerande klageinstans (second opinion) har ytterlegare styrka NBTS si rolle. I forskrifta om folkeregistrering førekjem det ikkje direkte kva myndigkeit som er førsteinstans og klageinstans for søknadar om endra juridisk kjønn. På bakgrunn av ytringar i Ot.prop. nr. 38 (1991-1992) *Om endringer i lov av 16. Januar 1970 nr. 1 om folkeregistrering* s. 1 leggast det til grunn at Skattedirektoratet framleis er førsteinstans og at Finansdepartementet er klageinstans for vedtak om endring av juridisk kjønn (Helsedirektoratet 2015, 65). Dette har ikkje vore tilfellet i praksis, noko som kjem tydeleg fram under eit intervju Amnesty hadde med Esben Esther Pirelli Benestad: ”If you are not diagnosed as a transsexual by the National Hospital, you have no rights whatsoever, and you don’t have a chance of a second opinion” (Amnesty International 2014, 72). Enkelte som har fått avslag på behandling ved NBTS, eller av andre årsakar ikkje ønskjer å gjennomgå utgreiing eller behandling der, har oppsøkt hormonell og/eller kirurgisk behandling i utlandet. Skattedirektoratet måtte i dette tilfellet også ha ein attest frå NBTS. Dette medfører ein ubehagelig og krenkjande situasjon der tidlegare avviste pasientar igjen må møte opp ved NBTS for å bli undersøkt og få stadfesta at

fullstendig kjønnsbekreftande behandling har blitt gjennomført (Ros 2016, 11). Denne praksisen var dog oppheva av NBTS i 2013, og Helsedirektoratet overtok attestskriving. Dei som ikkje ønskjer kjønnsbekreftande behandling eller som ikkje får diagnosen får ikkje innpass til helsetilbod, i tillegg til dårlegare diskrimineringsvern (før 2014) og ingen mogleik til å endre sitt juridiske kjønn.

## 5.3 Nasjonale aktørar

Her er ei kort oversikt over relevante norske aktørar i den rettslege og politiske utvikling til transpersonar i Norge.

### 5.3.1 Interesseorganisasjonar

Det er fleire norske organisasjonar som arbeidar for å fremje transpersonar sine rettar og betre kvardagen deira, her er ei kort skissering av dei mest relevante organisasjonane.

#### *Forbundet for transpersoner i Norge*

Forbundet for transpersonar i Norge (FTPN) er ein interesseorganisasjon som har røter i organisasjonen Full Personality Expression Northern Europe som vart etablert 1996, men vart ein norsk uavhengig organisasjon i 2000. Foreiningas mål er todelt: å samle transpersonar i ein slagkraftig organisasjon for å ”betre den måten samfunnet tar vare på transpersoner som ei gruppe”, og å bidra med støtte til ”personleg utvikling for at den enkelte skal komme i betre harmoni med seg sjølv og sine omgivnadar” (FTPN 2016). Organisasjonen arbeidar spesielt med å spreie kunnskap og informasjon for å auke samfunnets forståing og hindre diskriminering.

#### *Harry Benjamin Ressurssenter*

Harry Benjamin Ressurssenter (HBRS) er ein pasient- og brukarorganisasjon for personar med diagnosen transseksualisme som vart stifta i 2000. Organisasjonen arbeidar derfor for menneske som sokjer, har eller har hatt diagnosen eller går gjennom kjønnskorrigierande behandling på Rikshospitalet. Målsetnaden er å arbeide politisk og sosialt for denne gruppa

skal kunne leve opent utan frykt for å bli sosialt utstøtt eller diskriminert (HBRS 2016). Med terminologien nytta i denne oppgåva er dette ein organisasjon for transseksuelle, men ikkje for alle under sampleomgrepet transpersonar.

### *Foreininga for kjønns- og seksualitetsmangfald*

Foreininga for kjønns- seksualitetsmangfald (FRI), tidlegare Landsforeininga for lesbiske, homofile, bofile og transpersonar, har røter tilbake til 1950-talet, og er den største lhbt-organisasjonen i Norge. Organisasjon arbeidar ”for likestilling og mot diskriminering av personar som bryter med normer for kjønn eller seksualitet i Norge og i resten av verda” (FRI 2016). Organisasjonens opphav var organisert arbeid for homofiles rettar i Norge, og transpersonar rettar vart ikkje ei tydeleg sak for organisasjonen før i 2008 som vart markert med namneendring frå Landsforeininga for lesbisk og homofil frigjering, til Landsforeininga for lesbiske, homofile, bofile og transpersonar (Skeivt arkiv 2015).

### *Skeiv Ungdom*

Skeiv Ungdom er FRI sin ungdomsorganisasjon og har lik agenda. Organisasjonen arbeidar for å sikre likeverdige juridiske rettar for målgruppa deira, men bidrar også for å skape sosiale tilbod for skeive ungdommar (Skeiv ungdom 2016).

## **5.3.2 Politiske parti**

Retten til å endre juridisk kjønn har ikkje vore ein tydeleg kampsak for nokon av dei norske partia, men nokre parti har i større grad enn andre vore opptekne av lhbt-rettar. Eg har lest dei største partia sine parti-program for perioden 2013-2017 og sett etter forslag eller meininger om transpersonar og deira rettslege status.

Sosialistisk Venstreparti (SV) har ein plan med 10 punkt i sin lhbt-politikk, og for transpersonar spesifikt arbeidde SV for eit diskrimineringsvern for transpersonar, å avvikle diagnosemonopolet ved Nasjonalbehandlingsteneste for transseksualisme, sikre rett til second opinion og etablere regionale senter som skal tilby behandling og rettleiing for alle transpersoner (SV 2013, 35). Arbeidarpartiet (AP) ville at alle transpersonar og personar som opplev utfordringar knytt til kjønnsidentitet skal få tilbod om behandling, og at transpersonar

bør få anledning til å endre sitt juridiske kjønn utan krav om sterilisering (AP 2013, 56) Senterpartiet (SP) nemner ikkje transpersonar eller andre lhbt-sakar i sitt partiprogram. Venstre ville tillate endring av juridisk kjønn utan krav om full behandling, og oppheve monopolet på vurdering av transpersonar (Venstre 2013, 71). Kristelig Folkeparti (Krf) har eit lite avsnitt om seksuelle minoritetar og hevda at lhbt-personer har krav på respekt og ein kvardag utan diskriminering og hatvald, men ingen spesifikke tiltak (Krf 2013, 24). Verken Høyre eller Fremskrittspartiet nemner transpersonar eller lhbt-saker i sitt program. Basert på partiprogramma for 2013-2017 var det SV, AP og Venstre som hadde best lhbt-politikk og var dei einaste partia som foreslo konkrete tiltak for å betre transpersonar sin kvardag.

### **5.3.3 Likestillings- og diskrimineringsombodet**

Likestillings- og diskrimineringsombodet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda er eit handhevingsapparat for diskrimineringsforboda i norsk lov. Dette mandatet er grunna i lov 10. juni 2005 nr. 40 om Likestillings- og diskrimineringsombodets og Likestillings- og diskrimineringsnemnda (diskrimineringsombudslova) som inneholder reglar for handhevingsapparatets organisasjon, funksjon, kompetanse og saksbehandling. Ombodet og nemnda har mandat til å handheve diskrimineringsforboda i lovverket ved å føre tilsyn med og medverke til at fråsegnene i diskrimineringsforboda blir overhalde (Diskrimineringsombudslova § 1). Ombodet skal også føre tilsyn med at norsk rett og forvaltningspraksis er i samsvar med dei forpliktingar Norge har etter FNs konvensjonar. Diskrimineringsombudslova § 3 om ombodets oppgåver slår fast at LDO skal fremje reell likestilling og kjempe mot diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder på alle samfunnsmiljøer (Diskrimineringsombudslova, § 3, 2005). Nemnda er eit klageorgan på diskrimineringsrettens område og skal behandle klagar over LDO sine ytringar og hastevedtak i enkeltsakar.

## **6.0 Diskrimineringsvern**

Diskrimineringslover med forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientring og kjønnsidentitet har lenge vore mangefull i det norske lovverket. Før diskrimineringslova om seksuell orientering vart vedtatt hadde arbeidsmiljølova og bustadlovene forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, og straffeloven hadde reglar om diskriminering på grunn av homofili. Kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk har ikkje vore inkludert, med unntak av transseksuelle som har hatt eit vern på alle samfunnsområde gjennom diskrimineringslovas vern mot kjønnsdiskriminering.

FTP er ein organisasjon med røter tilbake til 1960-talet, men det var ikkje før år 2000 at organisasjonen vart ein aktør for politisk endring. Under intervjuet med John Jeanette, som vart medlem i organisasjonen i 1986, skildra ho organisasjon som hemmeleg også då ho vart medlem. Det var sosialt stigma knytt til homofili og transpersonar på denne tida, og organisasjonen opererte i det skulte, ”det var en veldig hemmelig sak, ingen skulle vite om oss”. John Jeanette var leiar for organisasjonen rundt år 2000 fram til 2007. Då var det på tide at organisasjonen fikk ein politisk agenda, ”då begynte eg å jobbe politisk for eg kjente at vi ikkje kunne holde på med slabbedask lenger og ikkje gjere noko som gagna saka for å seie det sånn”. Det første ho gjorde var å kontakte dåverande likestillingsombod Kristin Mile (2000-2005) for å søkje vern og hjelp til å få transpersonar inn i lovsystemet, sidan fleire transpersonar vart utsett for diskriminering i jobbsamanheng. John Jeanette fortalte at såg på henne som om ”ho skulle vere eit rart dyr frå en annan planet” sidan dette var fjernt for henne og ho ikkje hadde vore i denne tankesituasjonen i det heile tatt. Mile råda Jeanette til å stille opp med ei konkret sak så kunne ho kanskje bidra. Jeanette fortalte at dette var umuleg sidan ingen turte å stå fram som transperson på den tida. Tidleg på 2000-talet var det altså manglande mobilisering rundt transpersonars rettar fordi mange skjulte identiteten sin og var redde for å ”bli avslørt”. Transpersonar sitt behov for diskrimineringsvern var av denne grunn ukjent sidan desse problema ikkje kom ut i offentlegheita. FRI inkluderte transpolitiske spørsmål i 2008, dei oppretta eit transpolitisk utval og utforma ein ny politisk plattform (Ros 2016, 14). At Norges største interesseorganisasjon for lesbiske og homofile inkluderte transpersonar sine interesser var viktig for mobiliseringa av transpersonars rettar. Denne synleggjeringa av transpersonar var viktig for at transpersonar vart inkludert regjerings handlingsplanen for betre livskvalitet for lhbt-personar som eg vil komme tilbake til seinare i kapittelet.

## **6.1 Diskrimineringsvern for transseksuelle**

I spørsmål om rettar og forhold til staten er det ein viktig distinksjon mellom personar med diagnosen transseksualisme (transseksuelle) og personar med kjønnsinkongruens utan diagnosen Transseksuelle har hatt eit diskrimineringsvern i likestillingslova. I mars 2005 svarte Statsråd Erna Solberg på spørsmål frå stortingsrepresentant Karin Andersen om *prop. 33 (2004-2005) Om lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven)*. Solberg fikk spørsmål om eit særskilt vern av transseksuelle og svarar at det ikkje har blitt drøfta, men at det eventuelt må evaluerast nærmare. Ho skriv også at det kan vere aktuelt å ”vurdere om transseksuelle (trans-kjønnede) er en gruppe som kan påberope seg lov om likestilling mellom kjønnene og vernet mot diskriminering på grunn av kjønn som er hjelmet der” (Solberg 2005). I mai 2005 gjorde Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) ei slik vurdering av dåverande *lov om likestilling mellom kjønnene av 9. Juni 1978* (likestillingslova 1978) sitt kjønnsomgrep for å ta stilling til om *transkjønnede* hadde vern mot diskriminering etter likestillingslovas fråsegn. Bakgrunnen for dette var vedtaket av diskrimineringslova 2005, og spørsmål LDO fikk i etterkant om kva diskrimineringsgrunnlag den omfatta. Med transkjønna meintes ”en person som har en annen kjønnsidentitet enn det fysiske kjønnet vedkommende har”, som kan gjennomgå eit kjønnsskifte (LDO 2005). Saka gjeldt altså for transseksuelle, personar som har fått diagnosen transseksualisme og er kvalifisert til kjønnsbekreftande behandling og å endre juridisk kjønn.

Ombodet konkluderte med at transpersonar måtte vere omfatta av kjønnsomgrepet og at dei dermed hadde eit vern i form av likestillingslovas forbod mot forskjellsbehandling på grunn av kjønn. Ombodet grunngav konklusjonen med at ”det å vere transkjønnet er direkte knyttet til kjønn og kjønnsidentitet” (LDO 2005). Det vart utdjupa at under ei generell tilnærming til at all diskriminering som har med kjønn å gjøre omfattast av likestillingslova bør transseksuelle vere omfatta av kjønnsomgrepet. Regjerings handlingsplan *Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner 2009-2012* visar til at LDO i sin praksis har lagt til grunn at vern mot diskriminering av transpersoner må inkluderast i vernet mot kjønnsdiskriminering i likestillingslova, og at dette er i samsvar med den tolkinga EMD har av EMK, samt EF-domstolens tolking av EUs direktiv om likebehandling av menn og kvinner (BLD 2008: 11). I tråd med dette fastslo diskrimineringslovutvalet si utgreiing (NOU 2009:14) at transseksuelle har vern under kjønnsgrunnlaget i likestillingslova. Det vart lagt til

at EØS-avtala forpliktar Norge til å innførtolke EMD sin praksis om at transsekuelle er ei verna gruppe under EMK (NOU 2009:14, 168).

Ombodets konklusjon har også blitt praktisert i sakar behandla av LDO og Likestillings- og diskrimineringsnemnda (LDN). I likestillings- og diskrimineringsnemndas sak nr. 19/2008 sokte ei kvinne, som hadde gjennomført kjønnsbekreftande behandling, forgjevas på ei stilling som prosessteknikar i ei petroleumsverksemd, men nemnda fant ingen samanheng mellom behandlinga og ei eventuell negativ vurdering av kvinnas arbeidssøknad (LDN 2008). Til tross for at kvinna ikkje fekk medhald, vart det slått fast at det var eit relevant diskrimineringsgrunnlag etter likestillingslova. LDO sak nr. 10/1741 (2011) handla om ei kvinne som var tilsett i ei verksemd som skulle gjennomføre eit forskingsprosjekt med intervju med barn og unge. Kvinna fikk ikkje delta som intervjuar på grunnlag av at ho ikkje oppfylte arbeidsgjeverens krav om ”nøytral framtoning” på grunn av hennar fysiske framtoning (LDO 2011). Ombodet kom fram til at arbeidsgjever hadde handla i strid med likestillingslova, sidan stereotypiske førestillingar ikkje var tilstrekkeleg til å grunngje forskjellsbehandling.

## **6.2 Diskrimineringsvern for transpersonar**

Personar som har fullført kjønnsbekreftande behandling hadde altså diskrimineringsvern etter likestillingslovas kjønnsomgrep sidan 2005, men transpersonar hadde ein lang veg fram til fikk diskrimineringsvern i 2014.

### **6.2.1 Betre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner**

Transpersonar vart anerkjent som ei gruppe som er utsatt for diskriminering i 2008 då Stoltenberg II regjeringa la fram handlingsplanen *Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner 2009-2012*. Det overordna målet med planen var å få slutt på diskriminering av lhbt-personer i ulike livsfasar, sosiale samanhengar og i arbeidslivet, og bidra til betre levevilkår og livskvalitet for gruppene. Nemninga transpersonar vart nytta som eit samleomgrep om ”en gruppe av personer som bryter med den rådende to-kjønnsmodellen i samfunnet”, og ”individer hvis kjønnsidentitet og/eller kjønnsuttrykk, tidvis eller alltid, skiller

seg fra samfunnets normer for kjønn” som medreknar transvestittar, transkjønna, crossdressere dragkings/queens med fleire (LBD 2008: 14). Transseksuell vart definert som ein ”person som søker kjønnsbekreftende behandling i tråd med internasjonale diagnosemanualer”, men blir ikkje inkludert i planen sidan pasientorganisasjonen Harry Benjamin Ressurssenter vurderer transseksuelle som kvinner eller menn og identifiserer seg ikkje med omgrepene transperson.

Handlingplanen problematiserer levekåra for lhbt-personar i Norge og presenterer ei rekke tiltak for å oppnå målet om å betre levekåra for lhbt-personar, spesielt satsing på forsking og kunnskapsutvikling på feltet og å forankre lhbt-perspektivet innanfor alle politikkområde og aktuelle departement. Dokumentet nyttar i hovudsak fellesnemninga lhbt, lesbiske homofile, bofile og transpersoner, og særlege forhold for transpersonar blir lite nemnt. I kapittelet om helse- og omsorgstenester blir det likevel vist til undersøkingar som viser at transpersonar gjennomgåande rapporterer om dårligast helse blant lhbt-gruppene (BLD 2008, 35), og handlingsplanen sitt tiltak *51 bedre oppfølging av barn og ungdom med alternativ kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* er spesifikt retta mot kjønnsidentitetsproblematikk blant barn (BLD 2008, 39). Handlingplanen utgjorde eit stort steg i positiv retning for transpersonar sin rettslege status. I motsetnad til tidlegare St.meld. nr. 25 (2000-2001) *Levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Noreg*, vart transpersonar (og bofile) inkludert i lhbt-omgrepet. Handlingsplanen viser også til at ”motarbeidelse av trange kjønnsstereotypier og diskriminering på grunn av overskridende kjønnsuttrykk har lenge vært og er i økende grad en integrert del av ”homokampen” i svært mange land”, og at transpersonar dermed måtte inkluderast i handlingsplanen (BLD 2008, 15). Transpersonar vart anerkjent som ei utsatt gruppe med behov for betre levekår og særskild vern, og dette legitimerer arbeidet til organisasjonar som fremjar transpersonar sine rettar og deira krav. Iverksetting av handlingsplanen sine tiltak har også vore viktig, spesielt oppretting av lhbt-senteret i 2011 eit nasjonalt kunnskapssenter fot seksuell orientering og kjønnsidentitet (lhbt-senteret 2012, 8). Senteret er forankra i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) med føremål om å bidra til å betre livskvalitet for lhbt-gruppene, og bidra til likeverdige offentlege tenester for lhbt-personer gjennom kompetanseheving og kunnskapsformidling.

## 6.2.2 Eit heilskapleg diskrimineringsvern?

I juni 2007 vedtok regjeringa å setje ned eit diskrimineringslovutval for å greie ut om ei samla lov mot diskriminering, grunnlovsvern mot diskriminering og ratifisering av tilleggsprotokoll nr 12 til EMK (NOU 2009: 14, 30). Utvalet skulle mellom anna vurdere om nye diskrimineringsgrunnlag skal inkluderast i lovgjevinga, deriblant om det bør lovfestast eit tydeleg vern mot diskriminering på grunn av transseksualisme eller kjønnsidentitet generelt. For å sikre at gjeldande interesser vart involvert i prosessen vart det oppnemnt ei referansegruppe, der FRI (tidlegare LLH) og Menneskerettsalliansen var representert. Eg fikk dog ikkje eit intrykk av at det var ein inkluderande prosess under intervjuet med Jeanette. Jeanette og TGEU meldte seg inn i menneskerettsalliansen i 2004, og Jeanette spurte om å få snakke med utvalet om manglande diskrimineringsvern for transpersonar. Ho fortel at dette var veldig vanskeleg, og at dei ikkje var så veldig interessert i ein trans, ”men eg fikk innpass og to gongar var eg og prata med alle saman (...) fikk ikkje eit spørsmål, ikkje eit spørsmål frå folka som skulle utrede den lova om trans”.

I juni 2009 var utgreiinga ferdigstilt og NOU 2009: 14 *Et helhetlig diskrimineringsvern – Diskrimineringslovutvalgets utredning om en samlet diskrimineringslov, grunnlovsvern og ratifikasjon av tilleggsprotokoll nr. 12 til EMK* vart overlevert til BLD. Utvalet vurderte kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk som eit diskrimineringsgrunnlag, og grunnlaget vart relatert til gruppa transpersonar. Transpersonar vart definert som eit samleomgrep for ”ulike tilstander der kroppslig og sosialt tilskrevet kjønn ikke stemmer ovens med selvopplevd kropp eller selvopplevd kjønnsidentitet” (NOU 2009:14, 135). I motsetnad til regjeringas handlingsplan frå 2008 inkluderte NOU 2009:14 transseksuelle under fellesnemninga transpersonar. Utvalet bekrefta at transseksuelle allereie hadde eit vern gjennom forbodet mot kjønnsdiskriminering i likestillingslova, men dei måtte vurdere om diskrimineringsvernet burde utvidast til å også omfatte andre transpersonar.

Utvalet føreslo følgjande diskrimineringsgrunnlaga i ei samla diskrimineringslov: kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel og adopsjon, etnisitet, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, religion, livssyn, politisk syn og alder, men ingen nye diskrimineringsgrunnlag vart føreslått. Utvalet hevda at det ikkje var hensiktmessig å formulere transpersoner eller kjønnsidentitet som eit eige diskrimineringsgrunnlag i lova sidan ”det kan være vanskelig å finne frem til en dekkende og klar formulering av et slikt grunnlag”, samt at det gjaldt ei lita gruppe samanlikna med lovas andre diskrimineringsgrunnlag (NOU 2009: 168). Etter utvalets vurdering hadde transseksuelle tilstrekkeleg vern gjennom diskrimineringsgrunnlaget kjønn.

Utvalets fleirtal føreslo at det skulle supplerast med sekkekategorien ”andre liknande vesentlige forhold ved ein person” (NOU 2009:14, 24). Sekkekategorien inneberer at visse formar for diskriminering på grunnlag som ikkje blir medrekna kan visast til i særlege tilfelle. Fleirtalet i utvalet meinte også at transpersonar har eit særleg behov for vern mot usakleg forskjellsbehandling, og at andre transpersonar enn transseksuelle kan vise til diskrimineringsvernet under sekkekategorien (NOU 2009:14, 172). Jeanette hadde dermed ikkje blitt høyrd, sidan ho hadde fremja kjønnsidentitet som eir eige diskrimineringsgrunnlag.

Denne lova vart dog ikkje føreslått, og i staden for å forslå å samle gjeldande diskrimineringslover i ei lov, forslo departementet i prop. 88 L (2012-2013) å vidareføre dagens system med særlover for det enkelte diskrimineringsgrunnlag. Dette er eit kritisk punkt i den rettslege utviklinga for transpersonar, hadde den heilsakelege diskrimineringslova blitt vedtatt hadde truleg ikkje kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk blitt inkludert som diskrimineringsgrunnlag. Denne kjensla hadde også Jeanette som understreker at: ”vi skal vere lykkelige for den heilhetlige lova (NOU:2009) ikkje blei noko lov altså (...) vi skal vere glad for det, for då hadde vi sannsynlig ikkje vert vert inne som diskrimineringsgrunnlag i dag heller”.

### **6.2.3 Diskrimineringslova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk**

I mars 2013 sendte barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet proposisjon 88 L (2012-2013) *Diskrimineringslovgiving (diskrimineringsloven om seksuell orientering, likestillingsloven, diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)* til stortinget. Proposisjonen innebar forslag om ei ny lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, som utvider diskrimineringsvernet for lhbt-personar til alle samfunnsområde, med unntak av personlege forhold. Omgrepsforklaringane i prop. 88L er meir utdjupa og utfyllande enn noko tidlegare statleg dokument dette er dog naturleg sidan det er første gong kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk vart nemnt i ein lovproposisjon. Eit viktig bidrag til omgrepsforklaringa i proposisjonen var tydeleggjering av omgrepet kjønnsidentitet og dets mangfaldet. I NOU 2009:14 blir kjønnsidentitet definert som ”en persons mentale kjønn eller selvopplevde kjønnsbilde, det vil si det som ikke videre er synlig for andre” (NOU 2009:14, 135). I proposisjonen blir kjønnsidentitet skildra som ”hva slags kjønn vi føler og opplever oss selv

som, denne følelsen eller opplevelsen kan være i samsvar eller bryte med ens biologiske kjønn”, det blir også presisert at nokon føler at dei verken er mann eller kvinne (Prop. 88 L, 110). Dette tydeleggjer at alle har ein kjønnsidentitet, ikkje berre transpersonar, og at ikkje alle oppfattar kjønn som ein identitetsmarkør. I omgrevsforklaringa av transperson blir det i motsetnad til definisjonen i NOU 2009:14 lagt vekt på sosialt kjønn, omgrepet transpersonar er ”eit samlebegrep for personer som har en kjønnsidentitet og/eller et kjønnsuttrykk som på ulike måter utfordrer eller overskridar deres biologiske kjønn eller samfunnets forventinger til dem som biologisk mann eller kvinne (sosialt kjønn)”.

Diskrimineringslovutvalet foreslo ikkje at kjønnsidentitet vart eit nytt diskrimineringsgrunnlag, men at det heller fell under ein sekkekategori. Under høyinga av NOU 2009:14 hevda nokre høyringsinstansar<sup>3</sup> at kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk ikkje ville få tilfredsstillande diskrimineringsvern under ein sekkekategori. FRI var tydeleg på at det er ei: *”alvorlig svakhet ved utredningen (...) at hele spekteret av transpersoner med unntak av transseksuelle ikke gis et diskrimineringsvern på linje med kjønn og seksuell orientering. Internasjonalt er dette på vei inn, og land som Sverige og Ungarn har allerede gitt dette et slikt vern. Det vises i denne forbindelse til Europarådets anbefalinger av i år omkring vernet for transpersoner”* (LLH 2009). Departementet føreslo derfor at kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk vart lovfestast som eigne diskrimineringsgrunnlag, og at diskrimineringsforbodet skal gjelde på alle samfunnsområde med unntak for familieliv og andre personlege forhold. Departementet meinte at det er naudsynt å etablere eit tydeleg diskrimineringsvern for transpersonar ut frå eit menneskerettsleg perspektiv, og at eit uttrykkeleg diskrimineringsvern vil gje eit signal om likeverd for transpersonar (prop. 88 L, 117). Det blir også lagt vekt på at det er vanskeleg å forsvare at transseksuelle skal ha eit betre vern enn andre transpersonar sidan alle kan oppleve diskriminering og trakkassering på same måte.

Det vart gjort ei vurdering om diskrimineringsgrunnlaget burde namnast som ”kjønnsidentitet” aleine eller om kjønnsuttrykk også burde nemnast som diskrimineringsgrunnlag. Jeanette fortel under intervjuet at dei sleit litt med å få kjønnsuttrykk som eit diskrimineringsgrunnlag sidan internasjonal lov og politikkutformingar i stor grad nytta kjønnsidentitet framfor kjønnsuttrykk. Departementet valte likevel å

---

<sup>3</sup> Helsedirektoratet, Likestillings- og diskrimineringsombudet, LLH og menneskerettsalliansen.

inkludere kjønnsuttrykk, sidan det som regel er kjønnsuttrykket som møtast med diskriminering, og at vern av kjønnsuttrykk dermed er naudsynt for å sikre eit effektivt vern med omsyn til seksuell orientering og kjønnsidentitet (Prop. 88 L, 119). Samstundes er ikkje kjønnsuttrykk nødvendigvis eit uttrykk for ein persons kjønnsidentitet, eller i det heile tatt i samanheng med korleis personen opplev sin eigen kjønnstilhørsle. Transvestittar kjenneteiknast sjeldan som med at han eller ho har ein bestemt kjønnsidentitet, men snarare sitt kjønnsuttrykk gjennom utsjånad og oppførsel. Det var dermed viktig å inkludere kjønnsuttrykk som diskrimineringsgrunnlag i lova for å sikre vern for personar som blir diskriminert på grunn av kjønnsuttrykk, men som ikkje nødvendigvis har ein bestemt kjønnsidentitet. I likskap med NOU 2009: 14 vart det bekrefta at transseksuelle og interkjønn framleis har vern under likestillingslova i tillegg til den nye lova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

*Loven om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* av 21. Juni 2013 nr. 58 (diskrimineringslova om seksuell orientering) trødde i kraft 1. januar 2014, og seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk vart for første gang rettsleg verna på alle samfunnsområder med unntak av familieliv og private forhold. Lova definerer diskriminering som direkte og indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter unntaksfråsegna i §6 eller fråsegna om positiv særbehandling i § 7 (diskrimineringsloven om seksuell orientering 2013, § 5). Med direkte diskriminering meinast ei handling eller uttale som har som formål eller verknad at ein person blir behandla dårlegare enn andre i tilsvarande situasjon, og at dette skyldast seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk, jf. § 5 andre ledd andre punktum. Med indirekte forskjellsbehandling meinast kvar og ein tilsynelatande nøytral avgjerd, føresetnad, praksis, handling eller uttale som fører til at personer stillast dårlegare enn andre, og at dette skjer på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk, jf. § 5 andre ledd tredje punktum. §12 lovfestar offentlege myndigheter si plikt til aktivt likestillingsarbeid: ”*Offentlige myndigheter skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for likestilling uavhengig av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk*”. Diskrimineringslova om seksuell orientering var ein milepål for transpersonar i Norge som for første gong hadde diskrimineringsvern.

## 7 Anerkjenning av juridisk kjønn

I førearbeidet til diskrimineringslova om seksuell orientering vart praksisen for å endre juridisk kjønn diskutert i liten grad, og diskusjonen var avgrensa til transsekuelle. I prop. 88 L vart det vist til at det er diskriminering av transsekuelle viss ”personens juridiske kjønn ikke blir anerkjent og lagt til grunn i alle sammenhenger” (prop. 88 L, 124). Dette følgjar opp praksis av EMD. Norske organisasjonar har likevel prøvd å bringe steriliseringskravet på den politiske dagsordenen. I mai 2012, på bakgrunn av den svenske dommen om å fjerne steriliseringskravet, vart det oppretta ein underskiftsaksjon ”Stans tvungen sterilisering og kastrasjon av transpersoner” (e-post utveksling med Stein). Kampanjen var initiert av forfattar og aktivist Tarald Stein, og støtta av FRI, Skeiv Ungdom, AI og FTP. Bodskapen i aksjonen var å oppheve steriliseringskravet, sidan den norske praksisen bryt med anbefalingane frå Europarådet, og at den var i strid med grunnleggjande menneskerettar. 29. juni vart det haldt ein demonstrasjon i hovudstaden, og 655 protestunderskrifter vart overlevert til dåverande Barne-, familie- og inkluderingsminister Inga Marte Torkildsen. Det er lite tilgjengeleg informasjon om denne aksjonen, eg fant ingen merknadar om den på regjeringa eller Stortinget sine nettsteder. No vil eg fokuserer på analysen av førearbeidet til den nye lova.

### 7.1 Amnesty Internationals kritikk av Norge

Amnesty International har utpeika seg som ein kritikar av Norge sin praksis for å endre juridisk kjønn. Norge vart inkludert i rapporten *The state decides who I am*, som utforska transpersonar si behandling i Europa, og i ein skriv for liv kampanje som forlanga at den norske praksisen for å endre juridisk kjønn vart endra.

#### 7.1.1 *The state decides who I am*

I februar 2014 utgav Amnesty International rapporten *The state decides who I am* som kritisererte europeisk praksis for juridisk anerkjenning av kjønnsidentitet. Rapporten hadde eit tydeleg standpunkt: *”Transgender people should be able to obtain legal gender recognition through quick, accessible and transparent procedures and in accordance with their own perceptions of gender identity. States must ensure that transgender people can obtain documents reflecting their gender identity without being required to satisfy criteria*

*that in themselves violate their human rights*" (AI 2014, 7). Rapporten inneholder også informasjon om juridisk anerkjennelse av kjønn i ulike land, deriblant Norge, som blir kritisert for praksisar som bryt med menneskerettar. Eg fikk ei morosam bakgrunnshistorie under intervjuet med Stein, I 2012 var han på TGEU sin kongress i Dublin, og Amnesty var for å snakke om at dei ville utføre ei undersøking av transpersonar sine leveforhold i ulike europeiske land, og ville ha innspel til dette. Stein forteljar at: "også spurte jeg hvorfor de ikke hadde tenkt å se på Norge og forklarte hvordan systemet var, og da var det en av de fra Amnesty som sa WHAT?, han hadde ikke trodd at det var sånn at to eller tre personer i praksis hadde monopol på hvem som slapp gjennom og hvem som ikke slapp gjennom". Det er derfor muleg at det er takket vere Stein at Norge vart inkludert i denne rapporten.

Amnesty International gav følgjande anbefalingar til den norske regjeringa (AI 2014, 93):

- "Amend current laws and practices by introducing a legislative proposal that sets out a framework allowing transgender people to obtain legal recognition of their gender through a quick, accessible and transparent procedure;
- Ensure that such framework will abolish the sterilization requirement as well as any other medical requirement currently enforced in instances where transgender people seek legal gender recognition;
- Ensure that legal gender recognition is accessible to everyone without the need to undergo psychiatric assessment and to receive psychiatric diagnosis and that transgender identities are removed from the national classification of mental diseases"

Rapporten var ein vekkjar for norske myndigheiter. På Amnestys landsmøte i oktober 2014 lova statsråd Vidar Helgesen at det skulle bli endringar i den utdaterte praksisen for å endre juridisk kjønn, og understrekar at kjønnsidentitet er eit menneskerettssporstmål. Han påpeikte at regjeringa sette ned ei ekspertgruppe i 2013, men han informerte om at regjeringa i tillegg setter saman ei ny hurtigarbeidande gruppe som skal jobbe parallelt med ekspertgruppa (Christensen og Buick 2014). Han roste også Amnesty sitt arbeid for å sette transpersonar sine rettar på dagsordenen, og viser at dette er eit døme på korleis Amnesty påverkar politiske prosessar i praksis.

### 7.1.2 Skriv for liv

Kvar november/desember arrangerer Amnesty International den årlege menneskerettsaksjonen *Skriv for liv*. Kampanjen består av eit globalt brevmaraton der aktivistar skriv brev i solidaritet til personar som har blitt utsett for menneskeretsbrot, og/eller i protest til det aktuelle landets myndigheiter. I 2014 vart aksjonen for første gong retta mot norske myndigheiter, då John Jeanette sin kamp om å få endre juridisk kjønn utan kirurgiske inngrep vart ein del av aksjonen. Bakgrunnen for kampanjen var at AI vurderte den norske praksisen for å endre juridisk kjønn som i strid med EMK art. 5 om tortur eller grueleg behandling, og art. 12 om retten til privatliv, og AI såg på ”valet mellom kirurgiske inngrep eller dagleg diskriminering som umenneskeleg behandling” (Rønning og Antonov 2014).

I byrjinga av februar 2015 overleverte Amnesty Internationals generalsekretær John Peder Egenæs 15 487 norske underskrifter til helseminister Bent Høie, med krav om at John Jeanette Solstad Remø Solstad skal få mulighet til endre juridisk kjønn utan å gjennomgå medisinsk behandling eller kirurgiske inngrep. Stein fortel under intervjuet at Høie vart synleg rørt av dette. I tillegg vart fleire brev og e-postar sendt direkte til departementet, ei oppteljing viser at det også er sendt 16.580 underskrifter til departementet. Høie bekrefta at han hadde merka det internasjonale engasjementet rundt aksjonen, og presiserte at det var viktig å setje i verk internt arbeid sidan Norge ønskjer å vere eit føregangsland med omsyn til menneskerettar (Engesbak 2015). Då eg spurte Stein om viktig aktørar som har fremja lovforslaget svarte han mellom anna at: ”jeg tror nok at det at Amnesti kom på banen også har gjort at det ble fortgang i det (lovprosessen), det har vertfall ikke vært noen ulempe”.

John Jeanette vart eit ansikt for kampen om å endre juridisk kjønn basert på eiga oppleving av kjønn i Norge. Ho har gjentekne gongar har forsøkt å endre sitt juridiske kjønn utan å måtte gjennomgå kjønnsbekreftande behandling, og ho fikk endeleg gjennomslag i LDO i 2014.

## 7.2 LDO: transpersonar diskriminerast

Likestillings- og diskrimineringsombodet spelte unekteleg ei viktig rolle i abeidet for den nye lova om juridisk kjønnsendring. I april 2014 tok Ombodet i mot ei klage på diskriminering frå John Jeanette Solstad Remø som ønskja å endre sitt juridiske kjønn for at det skulle vere i

samsvar med hennar kjønnsidentitet (Langseth 2015). Problemstillinga som ombodet måtte ta stilling til var om praksisen med å krevje diagnose, hormonell behandling og kjønnsbekreftande kirurgi som vilkår for at transpersonar skal få endre sin juridiske kjønnsstatus er i strid med diskrimineringslova om seksuell orientering. John Jeanette oppmoda 31. mars 2014 Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om å få endra sitt juridiske kjønn sånn at hennar juridiske kjønn vil vere i samsvar med kjønnsidentiteten. John Jeanette har ein kvinneleg kjønnsidentitet, men er registrert som mann i folkeregisteret. Ho har ikkje oppfylt vilkåra for juridisk kjønnsendring: verken fått diagnosen. transseksualisme, gjennomgått hormonell behandling eller gjennomført ein kjønnsbekreftande operasjon. Helse- og omsorgsdepartementet svarte John Jeanette 22. april 2014 at ”dei ikkje kunne gripe inn i enkeltsakar og at ei endring av dagens kriterier for medisinsk og juridisk kjønnsendring fordrer en bred og grundig prosess, både faglig og politisk” (LDO 2014). Departementet viste også oppnemninga av ei ekspertgruppe som skulle gjennomgå ordninga og kriteria for kjønnsendring i Norge. John Jeanette hevda at vilkåra for juridisk kjønnsendring inneberer diskriminering i medhald av diskrimineringslova om seksuell orientering, og ønskjer ikkje å gjennomgå behandlinga det blir stilt krav om. Når det gjelder ekspertutvalet som granskar steriliserings- og kastreringskravet, meiner John Jeanette at ei slik utgreiing ikkje er naudsynt sidan steriliseringskravet er så integritetskrenkande og klart bryt med grunnleggjande menneskeretta. Departementet gjer greie for følgjande når det gjelder grunngjeving for dagens vilkår: ”Det har ikke lykkes helsemyndighetene å finne noen nærmere begrunnelse for praksisen med å stille irreversibel sterilisring som et vilkår for å få endre juridisk kjønn. På 50-, 60- og 70-tallet ga ledende medisinere på feltet redegjørelser for myndighetene hvor det ble fremstilt som en selvfølge at personene det gjaldt ikke skulle reproduksjon” (LDO 2014). Departementet viste også til at den allmenne tenkinga rundt desse spørsmåla har endra seg vesentleg dei seinare åra, og at fleire land i løpet av få år har fått på plass lover og regelverk som skil reguleringa av juridisk kjønnsstatus frå den diagnostiske behandlingsmessige delen.

LDO har mandat til å handheve diskrimineringslova om seksuell orientering som også er nedfelt i denne lova, jf. diskrimineringslova om seksuell orientering § 22. Spørsmålet som reiste seg i denne saka var ikkje omtalt i forarbeidet til diskrimineringslova om seksuell orientering, og ombodet har heller ikkje behandla ei liknande sak tidlegare etter lova om seksuell orientering. Ombodets vurdering og konklusjon i denne saka var at John Jeanette er

utsatt for indirekte forskjellsbehandling på grunn av sin kjønnsidentitet. Grunngjevinga for dette var følgjande: ”Praksisen med å ta utgangspunkt i det biologiske kjønnet er likt for hele befolkningen, men slår ulikt ut for den grunnen der det ikke er samsvar mellom biologisk kjønn og kjønnsideniteten” (LDO 2014). Transpersoner kan nemleg ikkje fullt ut opptre i samsvar med sin kjønnsidentitet sidan kjønnsideniteten ikkje blir juridisk anerkjent før det blir gjennomgått ein kjønnsbekreftande operasjon, samt fått diagnosen transseksualisme og hormonell behandling. Ombodet måtte vidare ta stilling til om forskjellsbehandlinga gjorde John Jeanette därlegare stilt, jf. diskrimineringsloven om seksuell orientering sin definisjon av indirekte forskjellsbehandling: ”med indirekte forskjellsbehandling menes enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnlatelse som fører til at personer stilles dårligere enn andre” (diskrimineringslova om seksuell orientering § 5 andre ledd tredje punktum). Ombodet la vekt på at mange transpersonar som ikkje har skifta sitt juridiske kjønn til stadighet må konfronterast med at det ikkje er samsvar mellom deira biologiske kjønn og deira kjønnsidenititet i samanhengar der personnummer blir oppgitt, og konkluderte dermed at det var forskjellsbehandling som førte til at transpersonar vart därlegare stilt. I tolkinga av diskrimineringsloven om seksuell orientering er ombodets vurdering at: ”kjønnsidenititet ble et vernet grunnlag ved innføring av loven i 2013. Muligheten til å leve denne fullt ut må kunne sies å være i kjernen av hva loven er ment å skulle beskytte” (LDO 2014).

Til sist måtte ombodet vurdere om forskjellsbehandlinga likevel var lovleg ved den har eit sakleg føremål, den er naudsynt for å oppnå formålet og at det er eit rimeleg forhold mellom det ein ønsker å oppnå og kor inngripande forskjellsbehandlinga er for den eller dei som stillast därlegare, jf. diskrimineringslova om seksuell orientering § 6. Helse- og omsorgsdepartementet uttalte at dei ikkje hadde lukkast i å finne ei grunngjeving for at det eksplisitt er krav om kjønnsbekreftande operasjon, diagnose og hormonell behandling, og viser at opphavet til praksisen er oppfatningane som rådde på 50- 60- og 70-talet. Ombodet hevda at departementet ikkje har synleggjort at praksisen har eit sakleg formål: ”Det er etter ombudets mening i seg selv alvorlig at et så vidt inngripende praksis ikke har hjemmel i lov. Det forhold at det heller ikke er mulig for departementet å grunngi praksisen gir grunn til bekymring” (LDO 2014). Ombodet viser også i likskap med Helse- og Omsorgsdepartementet til andre land som har gått vekk frå kravet om sterilisering og åtskilt regulering av juridisk kjønnsstatus frå den diagnostiske og behandlingsmessige delen. Sidan det ikkje er sannsynleggjort at dagens praksis har eit sakleg føremål var det ikkje naudsynt å vurdere dei

andre vilkåra for lovleg forskjellsbehandling i § 6. Ombodet valte likevel avslutningsvis å vise til nokre moment i vurderinga av kor inngripande praksisen er. I tilegg til vesentlege medisinske og kirurgiske inngrep viser dei mellom anna til at å halde dagens praksis ved lag opnar opp for større grad av diskriminering av transpersonar, til dømes i arbeidslivet sidan fødselsnummeret avdekkjer at det er ein person med kjønnsinkongruens. Ombodet oppmoda Helse- og omsorgsdepartementet til å gi tilbakemelding på korleis dei følgjer opp uttala og kva endringar dei kjem til å foreta innan 13. oktober. 2014.

### **7.3 Rett til rett kjønn**

I desember 2013 vart eit ekspertgruppe nemna opp av Helsedirektoratet for å gjennomgå noverande vilkår for å endre juridisk kjønnsstatus i Norge, samt vurdere behov for og foreslå endringar i dagens pasient- og behandlingstilbod for personar som opplev kjønnsdysfori (Helsedirektoratet 2015). Bakgrunnen for dette var eit oppdrag gitt av Helse- og omsorgsdepartementet i oktober 2013, og dette markerte første gang helsetilbodet til menneske med kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori vart eit tema for eit arbeid i regi av ei offentleg nedsett arbeidsgruppe i Norge. I april 2015 vart rapporten *Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn. Utredning av vilkår for endring av juridisk kjønn og organisering av helsetjenester for personer som opplever kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori* publisert. Ekspertgruppa såg på gjeldande forvaltningspraksis for endring av juridisk kjønn som stridande med sentrale menneskerettar, og hevda at personar skal kunne endre kjønn i Norge utan krav om kastrasjon eller anna form for sterilisering. Rapporten nyttar ein ny terminologi, *personar som opplev kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori* erstatta transpersonar og transseksuelle. Kjønnsinkongruens visar til ”en tilstand hvor en person opplever at det ikke er samsvar mellom egen kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk og det kjønnet vedkommende ble tillagt ved fødselen” (Helsedirektoratet 2015, 8). Det blir lagt til at transperson ofte nyttast som eit samleomgrep for ulike grupper av personar med kjønnsinkongruens.

Kjønnsinkongruens kan føre til kjønnsdysfori, som er psykisk smerte, djupt ubehag eller plagar ved det manglande samsvaret mellom kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk og det kroppslege kjønnet. I delar av rapporten om helsetilbod blir kjønnsdysfori nytta om personar som har behov for helsehjelp og bistand frå helsepersonell. Omgrepsbruken blir grunngjeve ved at omgropa kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori skildrar eit breitt mangfold av personar med

ulike opplevingar av kjønnsinkongruens. Rapporten presenterte følgjande anbefalingar om vilkår og prosedyrar for endring av juridisk kjønn:

1. “Ekspertgruppa anbefaler at en egenerklæring til folkeregistermyndigheten skal være tilstrekkelig for endring av juridisk kjønn.
2. Ekspertgruppa anbefaler at den som søker om å endre juridisk kjønn får tilsendt et informasjonsskriv om konsekvensene av juridisk kjønnsendring, for så å måtte bekrefte sin søknad.
3. Flertallet i ekspertgruppa anbefaler at det ikke skal stilles krav om en pålagt refleksjonsperiode for endring av juridisk kjønn.
4. Et mindretall i ekspertgruppa anbefaler at erklæringsmodellen kombineres med et krav om en tidsbestemt refleksjonsperiode.
5. Ekspertgruppa anbefaler at aldersgrensen for retten til å begjære endring av juridisk kjønn kun basert på egenerklæring skal være 18 år.
6. Ekspertgruppa anbefaler at verger gis rett til å fremsette egenerklæring om endring av juridisk kjønn for barn etter godkjenning av Fylkesmannen. Barnet skal høres og dersom barnet har fylt 12 år er det et vilkår for godkjenning at barnet har samtykket.
7. Ekspertgruppa anbefaler at ungdom mellom 16 og 18 år selv skal kunne framsette egenerklæring om endring av juridisk kjønn. Barnets verger skal bli informert, med mindre særlige grunner taler mot det. Dersom en eller begge vergene motsetter seg endring av juridisk kjønn, eller ikke er informert, må det foreligge godkjenning av Fylkesmannen.
8. Ekspertgruppa anbefaler at personer som tidligere har endret juridisk kjønn, gis mulighet til å endre juridisk kjønn på nytt dersom det foreligger særlige grunner.
9. Ekspertgruppa anbefaler at et avslag på begjæring om endring av kjønn skal kunne bringes inn for domstolene for rettslig overprøving.
10. Ekspertgruppa anbefaler at vilkår for endring av juridisk kjønn reguleres i lov.
11. Ekspertgruppa anbefaler at alle som i Det sentrale folkeregister er registrert som bosatt her i riket og har til hensikt å bli boende her varig, skal ha rett til å søke om endring av juridisk kjønn.
12. Ekspertgruppa anbefaler at det snarest skal innføres en praksis der Norge anerkjenner det juridiske kjønn en person har fått fastsatt av kompetent myndighet i utlandet, etter angeldende lands lov.
13. Ekspertgruppa anbefaler at spørsmålet om innføring av en tredje kjønnskategori utredes nærmere” (Helsedirektoratet 2015, 5)

Den nye praksisen ekspertgruppa samråystes anbefalte er basert på eigenerklæringsmodellen, som byggjar på at ei eigenerklæring til folkeregistermyndighetene skal vere tilstrekkeleg for å endre juridisk kjønn. Denne ordninga skiljar juridisk kjønnsendring frå helsevesenet og det er ingen krav om medisinsk behandling eller medisinske inngrep. Modellen respekterer den enkeltes personlege fridom og mogleiken til å sjølv bestemme sitt juridiske kjønn.

Ekspertgruppa hevdar dette viktig for å redusere risikoen for at personer som møter ei forventing om, og dermed føler seg pressa til, å søkje og gjennomgå meir medisinsk behandling enn dei sjølv ønskjer (Helsedirektoratet 2015, 106). Vidare anbefalte ekspertgruppa at personer som søker om endring av juridisk kjønn skal få tilsendt eit informasjonsskriv om kva endringa inneberer, for å sikre at søkeren er tilstrekkeleg informert for å ta ei slik avgjerd. For å bekrefte ønsket om å endre kjønn returnerer søkeren ein svarslipp vedlagt brevet. Danmark nyttar denne modellen, men med ein refleksjonsperiode på seks månadar før søkeren kan stadfeste endringa. Fleirtalet i ekspertgruppa anbefalte at det ikkje skal stillast krav om pålagt refleksjonsperiode, medan eit mindretal anbefalte at erklæringsmodellen skal kombinerast med ein tidsbestemt refleksjonsperiode. I ekspertgruppas vurdering av behov for refleksjonsperiode blir det vist til Europarådets anbefaling som legg vekt på at prosessen skal vere ”rask, oversiktleg og lett tilgjengeleg”. Ekspertgruppa anbefaler at aldersgrensa for retten til å endre juridisk kjønn basert på eigenerklæring skal vere 18 år, men at verjer får rett til å framsetje eigenerklæring om endring av juridisk kjønn for barn fylt 12 år etter godkjenning av Fylkesmannen.

Menneskerettslege forpliktingar blir definert som ei juridisk ramme for rapporten. Verken menneskerettserklæringa eller menneskerettskonvensjonane har noko uttrykking av spørsmål som gjelder kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk, men rapporten fastslår at «det er likevel klart at kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk har menneskerettsleg vern som ein del av diskrimineringsvernet og som ein del av retten til privatliv» (Helsedirektoratet 2015:

## 7.4 Ny lov om endring av juridisk kjønn

Norges strenge forvaltningspraksis om endring av juridisk kjønn var uforandra i nærmare 60 år, men i 2016 plasserte Norge seg i verdstoppen av liberale rettar for transpersonar.

### **7.4.1 Høyring**

25. juni 2015 sendte helse- og omsorgsdepartementet (HOD) ut eit høyringsnotat om forslag til lov om endring av juridisk kjønn. Hovudforslaget var å fjerne sterilisering og medisinsk behandling som vilkår for å endre juridisk kjønn, og dermed skilje prosedyren for å endre juridisk kjønn frå helsevesenet. I tråd med ekspertgruppas anbefaling skal prosedyren for å endre juridisk kjønn baserast på erklæringsmodellen, personar skal sjølv kunne søkje om denne endringa basert på eigen oppleving av kjønnsidentitet (HOD 2015, 15). Søknadar om endring av juridisk endring av kjønn blir sendt til Skattedirektoratet som er ansvarleg for føringa av Folkeregisteret. Sidan den foreslegne praksisen baserar seg på eigenerklæring blir det antatt at det vil vere få klagar på vedtak, men departementet foreslår Fylkesmannen i Oslo og Akershus som felles nasjonal klageinstans. Departementet meinte at det ikkje er nødvendig å innføre ein pålagt refleksjonsperiode, men at søkerar heller skal få tilsendt eit informasjonsskriv, for å sørge for tilstrekkeleg informasjon om konsekvensar for endringa, og deretter bekrefte ønskje om endring av juridisk kjønn.

I motsetnad til ekspertgruppas rådgjeving meiner departementet at det ikkje er nødvendig å avgrense talet på gongar ein person kan endre juridisk kjønn. Sidan kjønnsidentitet formast i tidleg alder og står sentralt i puberteten føreslår departementet ei aldersgrense på 16 år som er lågare enn ekspertgruppas sitt forslag om 18 års aldersgrense. Departementet framheva at ungdom på 16 år blir sett på som tilstrekkeleg modne for å bestemme over eiga helse, og må dermed vere modne nok til å kunne ta avgjerder kring eige kjønn. Departementet foreslår også å senke namnelovas aldersgrense sidan juridisk bytte av kjønn og alder ofte heng saman. Det vart også foreslått at personar mellom 7 og 16 år kan søkje om endring av juridisk kjønn saman med den eller dei med foreldreansvaret. I motsetnad til ekspertgruppas synast departementet at det ikkje er behov for vilkår om godkjenning av fylkesmannen eller andre eksterne myndigheter (utdjup, foreldrerolla). Departementet meiner at barn under 7 år kan endre juridisk kjønn om barnet er fødd med usikker somatisk utvikling.

Det kjem fram i høyringsnotatet at bakgrunnen for forslaget var ekspertgruppas rapport og LDO sitt vedtak om at praksisen for å endre juridisk kjønn var i strid med gjeldande diskrimineringslov. Det blir likevel vist til den internasjonale utviklinga på feltet, og at Norge er ein pådrivar for å vedta ein meir konkret og kraftfull internasjonal lov som sikrar lhbtpersonar sine rettar. Norge deltok mellom anna i utviklinga av anbefalinga frå Europarådets

ministerkomité om tiltak for å kjempe mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsidentitet. Det vart vist til denne anbefalinga og Yogyakarta-prinsippa som internasjonale retningslinjer, sjølv om dei ikkje er juridisk bindande.

Ein stor majoritet av høyringsinstansane var positive til lovforslaget. Organisasjonar som AI, TGEU, FRI, Skeiv Ungdom og FTPN støtta sjølvsagt kjernen i lovforslaget, nemleg å fjerne medisinske behandlingar og inngrep som vilkår for å endre juridisk kjønn. Samstundes vart det lagt vekt på at det er rom for betring, og det var tre punkt som gjennomgåande vart kritisert. Alle desse organisasjonane støtta 16 års aldersgrense for å sjølv kunne endre kjønn, men den nedre aldersgrensa på 7 år vart kritisert. Det vart hevdat at ei nedre aldersgrense ikkje var nødvendig, men at det bør vere mogleg å endre juridisk kjønn før skulestart (FTPN 2015). Det vil vere ei ekstra påkjenning for barnet å måtte vente med å endre juridisk kjønn til etter skulestart. Forslaget fekk også kritikk for manglande klageinstans for barn mellom 7 og 16 år. AI var bekymra over at Barnekonvensjonens bestemmingar ikkje vart ivaretatt, når departementet foreslo å oppheve overprøvingsmuligkeit når ein eller begge av foreldra er ueinig i barnets ønske om å endre juridisk kjønn (AI 2015). Vilkåret om usikker somatisk kjønnsutvikling for barn under sju år vart kritisert sidan målsetnaden for lovforslaget var å fjerne medisinske diagnose og behandling som føresetnad for å endre juridisk kjønn. Det var også brei støtte til ekspertgruppas forslag om utgreiing av eit tredje juridisk kjønnsalternativ. Harry Benjamin Ressurssenter understrekar at dei er opptatt av at situasjonen skal bli lettare for deira pasientgruppe og andre med utfordringar knytt til kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, likevel har HBRS nokre innvendingar mot lovforslaget. Først meinte dei at det bør vere ein refleksjonsperiode på seks månadar før ein kan endre juridisk kjønn, for å sile ut søkjrarar som ikkje er seriøse (HBRS 2015). Dei var også bekymra for manglande konsekvensutgreiing av forslaget.

#### **7.4.2 Prop. 74 L Lov om endring av juridisk kjønn**

Lovforslaget vart ferdigstilt 18. mars 2016 då helse- og omsorgsdepartementet sendte Prop. 74 L *Lov om endring av juridisk kjønn* til behandling på Stortinget. Hovudinnhaldet i Prop. 74 L er stort sett likt på forslaget i høyringsnotatet. Forslaget er basert på ein erklæringsmodell der det kun krevjast ei skriftleg erklæring frå søkeren, og dette medfører at dagens krav om medisinsk diagnose og behandling opphevast. Departementet grunnar dette i at

”kjønnsidentitet er et personlig anliggende som få andre har bedre innsikt i og forutsetninger for å mene noe om enn den enkelte selv” (HOD 2016, 17). Departementet forslår ikkje ein refleksjonsperiode sidan det er høgt sannsynleg at søknadar om endring av juridisk kjønn er grundig gjennomtenkt. Svarslipp! Departementet held fram med ei aldersgrensa på 16 år for å endre juridisk kjønn, sidan unge på 16 år har oppnådd tilstrekkeleg alder og modnad til å sjølv ta stilling til kva som er rett for dei. På bakrunn av uttalar under høyringa vart den nedre aldersgrensa senka frå 7 år til 6 år, departementet er einige i at det kan vere viktig å ha muligkeit til å andre juridisk kjønn før skulestart. Til tross for at ein del barn byrjar på skulen før dei har fylt seks år, meiner departementet at det ikkje er noko grunn til senke aldersgrensa ytterlegare sidan så unge barn ”ikke er tilstrekkelig moden til å ta en beslutning om endring av juridisk kjønn” (HOD 2016, 27).

Departementet opprettheld forslaget om at barn under 16 år i utgangspunktet bør søkje saman med foreldra eller andre med foreldreansvar. Det vart understrekt at ein sentral del av foreldreansvaret er å ivareta barnets beste etter barnelova § 30, og at foreldre både har rett og plikt til å ta avgjerder ut frå barnets interesser og behov. Mange høyringsinstansar kritiserte dette sidan barn ikkje kan endre juridisk kjønn utan foreldra sitt samtykke, og at det kan komme i konflikt med barnets rett til å bevare sin identitet etter Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen artikkel 8. På bakrunn av dette forslao departementet ei opning for å endre juridisk kjønn i dei tilfella der berre ein av foreldra støtta barnets ønskje om å endre juridisk kjønn. I slike tilfelle blir der forslått at Fylkesmannen i Oslo og Akershus kan innvilge endring av juridisk kjønn etter ei konkret vurdering av kva som er barnets beste, samt at nasjonal klageinstans for teletenesta skal vere klageinstans på fylkesmannens vedtak (HOD 2016, 28). Usikker somatisk kjønnsutvikling som krav for å endre juridisk kjønn for barn under 6 år vart kritisert av fleire høyringsinstansar. Departementet vel likevel å oppretthalde dette kravet sidan barn under 6 år ikkje blir rekna som modne nok til å forstå konsekvensane av å endre juridisk kjønn, og at denne avgrensinga gir eit nødvendig vern for dei yngste barna.

Departementet viser igjen til den internasjonale utviklinga på feltet og refererer til Yogyakarta prinsippa og Europarådets ministarkomit  s lhbt-anbefaling, og legg vekt på at Norge er ein p  drivar for   p   plass internasjonal lovgjeving som kan sikre lhbt-personars rettar (HOD 2016, 14). Det viktigaste i forslaget til lov om endring av juridisk kjønn er at retten til   endre juridisk kjønn blir lovfesta i §2: *”Personer som er bosatt i Norge og som opplever   tilh  re det andre kj  nnet enn det vedkommende er registrert med i Folkeregisteret, har rett til   f  *

*endret sitt juridiske kjønn. Departementet kan gi forskrift om at loven skal gjelde for norske statsborgere bosatt i utlandet*” (HOD 2016, 39). Det blir nemnt at nokre høyringsinstansar etterspør utgreiing av om det bør innførast ein tredje kjønnskategori, men at denne problemstillinga ikkje vil vurderast i dette lovforslaget

#### **7.4.3 Lovvedtaket**

24. mai gav helse- og omsorgskomiteen Innst. 315 L (2015-2016). Alle i komiteen, bortsett frå medlemmen frå Krf, var glad for at departementet la fram forslag til lov om endring av juridisk kjønn (Helse- og omsorgskomiteen 2016, 5). Komiteen la vekt på LDO sitt vedtak om at dåverande praksis var forskjellsbehandling og i strid med diskrimineringslova. I tillegg viser komiteen til Europarådets ministerkomités lhbt-anbefaling og Yogyakarta-prinsippa, og merkar seg at fleire land har endra sine vilkår for endring av juridisk kjønn dei seinaste åra. Komiteen anerkjenner også at høyringsinstansane i all hovudsak er positive til forslaget om å fjerne krav om sterilisering, diagnose og medisinsk behandling. Komiteens fleirtal, medlem frå AP, H, Frp og V støtta at den nedre aldersgrensa var senka til 6 år, dei støtta også departementets vurdering av at barn mellom 6 og 16 år må søkje om endring av juridisk kjønn saman med foreldre eller andre med foreldreansvar, samt departementet si vurdering av at barn under 6 år ikkje er tilstrekkeleg modne for å ta stilling til spørsmål om juridisk kjønn. Fleirtalet viser til Barnekonvensjonens etablerte praksis om at barn frå tolv års alder har sjølvstendige partsrettar ifølgje pasient- og brukarrettslova. Medlemmene frå Ap, H og Frp meiner det er viktig å halde fram drøftingar av og på sikt vurdere om barn mellom 12 og 16 år skal ha rett til å søkje til Fylkesmannen om godkjenning om juridisk endring av kjønn dersom ingen av foreldra gir samtykke (Helse- og omsorgskomiteen 2016, 6). Medlemmen frå V fremja derfor *forslag 3* som ber regjeringa legge til rette for at barn som har fylt 12 år og ønskjer å endre sitt juridiske kjønn, men som ikkje får samtykke frå nokon av foreldra, har mulegheit til å til å søkje til Fylkesmannen på eit sjølvstendig grunnlag om å få vurdert sitt ønskje.

Komiteens medlem frå Krf og Sp saknar ei grundig konsekvensutgreiing for å unngå uføresette negative biverknadar, og peikar mellom anna på kva konsekvensar det kan få for eit barn å bli bærret fram av ein mann som er biologisk kvinne. Krf fremja derfor *forslag 1*, som ber regjeringa leggje fram ei heilskapleg konsekvensutgreiing av forslaget til lov om endring av juridisk kjønn (Helse- og omsorgskomiteen 2016, 8). Dei la vekt på HBRS si høringsuttale

som peikte på behovet for konsekvensutgreiing, nødvendigheten for å avklare kva juridiske rettar som følgjer juridisk endring av kjønn og behovet for ein refleksjonsperiode. Sp fremja *forslag 2* som støttar Krf sin førespurnad om ei konsekvensutgreiing før Stortinget tar endeleg stilling til forslaget, samt at regjeringa i større grad må evaluere aldersgrensene i lovforslaget, at ekspertgruppa si anbefaling om at myndigheitsalder skal vere hovudregel, at det vert innført ein refleksjonsperiode på 3-4 månadar og at endring av juridisk kjønn for andre gong berre skal vere mogleg om særlege grunnar tilseier det. Komiteen hadde elles ingen marknadar om lovås overskrift eller lova i sin heilskap og fremjar tilråding av Prop. 74 L sitt forslag til lov om endring av juridisk kjønn.

30 mai var det avrøysting på Stortinget. Ingen av forslaga fremja i Innst. 315 L vart nedstemt med stor margin<sup>4</sup>. *Innstillingas tilråding* vart samtykte av eit stort fleirtal, 80 personar stemte for, medan 12 personar stemte i mot (1 frå Ap, 5 frå Krf og 6 frå Sp) (Stortinget 2016). Som følgjer vart *lovås overskrift og lova i sin heilskap* også samtykte av eit stort fleirtal, 79 stemte for, medan 13 stemte i mot (1 frå Ap, 6 frå Krf og 6 frå Sp). Første behandling i Stortinget resulterte i Lovvedtak 71 (2015-2016) som hadde same innhald som lovforslaget foreslått av HOD i prop. 74 L. Andre behandling av lovvedtaket i Stortinget vart haldt 6. mai, men ingen bad om ordet til sak 7 om Stortings vedtak til lov om endring av juridisk kjønn. 17. juni vart lovås ferdigbehandla og sanksjonert i statsråd, og Lov om endring av juridisk kjønn nr 46 vart vedtatt og trådde i kraft 1. Juli.

## 8 Norske holdninger til transepersoner

Det er gjennomført svært få undersøkingar om haldningar til transpersonar i Norge, men eg vil kort presentere funn frå tidlegare forsking. Anderssen og Slåtten (2008) utførte ei

---

<sup>4</sup> Sjå voteringsoversikt her: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/Voteringsoversikt/?p=64488&dnid=1>

landsomfattande undersøking (n=1246) av norske haldningar til lhbt-personnar, der generell haldning til transpersonar og grad av kontakt med transpersonar vart kartlagt. Resultata viste at eit fleirtal stiller seg nøytral eller positiv på generelle spørsmål om deira haldning til transpersonar, delen med generell negativ haldning varierte mellom 11-33% (Anderssen og Slåtten 2008, 54). Kjønn var definande ved at menn generelt hadde meir negative haldningar enn kvinner. I 2013 kom ein oppfølgjar til studien, rapporten *Seksuell orientering og levekår* av Anderssen og Malterud. Datamaterialet bekrefta at eit mindretal blant befolkninga hadde negative haldningar til transpersonar, og at menn har meir negative haldningar enn kvinner. Den nye datamaterialet inkluderte eit skilje mellom personar som har gjennomgått kjønnsbekreftande behandling og personar som kler og oppfører seg som det motsette kjønn. Det gjorde eit utslag og resultatet viste at menn hadde minst negative haldningar til personar som har gjennomført kjønnsbekreftande behandling, (16%), medan haldningar til personar som kler og oppfører seg som det motsette kjønn var mest negativ (28%) (Anderssen og Malterud 2013, 17). Studien inkluderte også negative og positive utsegn som respondentane skulle uttrykke grad av einigkeit/ueinigkeit til.

Eg ønskte å måle haldningar til transpersonar og deira rettslege posisjon i Norge. Eg nytta data frå datasettet *Norwegian citizen panel - wave 6* som var ferdigstilt 15. april 2016, og samla inn av Norsk medborgerpanel i november 2015. Eg formulerte spørsmåla om haldningar til transpersonar sine rettar som vart inkludert i denne runda. Føremålet med datamaterialet var å måle den norske befolkninga sine haldningar til transpersonar og deira rettslege posisjon. Analysen av datamaterialet vil i stor grad vere deskriptiv, i denne oppgåva er det sjølve haldningane som er interessant, ikkje kva faktorar som påverkar desse haldningane.

## 8.1 Haldningar til transpersonar

Den første variabelen er eit ope assosiasjonsspørsmål (n= 1052):

**Variabel 1:** Hva tenker du på når du leser eller hører ordet "transperson"?

*Venligst skriv ned det første du kommer på. Vi ønsker alle typer svar, helst et par setninger, eller bare noen få ord om det passer bedre for deg.*

Eg kunne stilt eit spørsmål om generell haldning til transpersonar som kunne jamførast med tidlegare forsking. Likevel valte eg eit ope spørsmål sidan eg ville få ei djupare innsikt i kva folk tenkjer om transpersonar. Opne spørsmål i survey kan vere utfordrande, spesielt om det inkluderer eit omgrep som kan vere ukjent for mange. Eg vurderte om eg skulle inkludere ein definisjon av omgrepet "transperson" i spørsmålet for å redusere tvil om respondentane si forståing av omgrepet, og dermed auke gyldigheten til informasjonen. På den andre sida er det interessant i seg sjølv om respondentar ikkje kjenner til omgrepet, på denne måten kan eg også få ei antyding til kunnskaps- og informasjonsnivået blant befolkninga..

### 8.1.1 Resultat

Tolking og framstilling av resultat av opne spørsmål er også meir utfordrande enn spørsmål med svaralternativ. Eg valte å illustrere resultat i form av ei ordsky:

### Figur 3 Ordsky



Eg valte også å kode respondentane sine svar som ”nøytral”, ”negativ”, ”positiv”, ”misforsto” og ”veit ikkje”. Majoriteten av svara (684 stk) uttrykte ingen spesielle haldningar, men var deskriptive skildringar av kva omgrepet transperson tydar eller omfattar. Typiske svar var: ”personer som velger å bytte kjønn”, ”menn i kvinnekjær”, ”personer som er født med elementer fra begge kjønn”, ”født i feil kropp” og ”en person som verken er kvinne eller

mann”. På dette feltet er det ein kompleks terminologi og eit flust av definisjonar så det var som venta stor variasjon i korleis respondentane forsto og tolka omgrepene. Det var også fleire svar som uttrykte nøytrale assosiasjonar utan å ”definere” omgrepene, som ”vansklig for de det gjelder”, ”lgbt”, ”liberal”, ”fortvilelse” og ”det er slik enkelte mennesker er skapt”.

Det var 113 respondentar som uttrykte positive haldningar til transpersonar, blant anna: ”alle bør anerkjennes for den personen de er, uansett”, ”alle må respekteres for den man er”, ”(....) vi bør jobbe med holdninger slik at vi kan se på de som vanlige folk”, ”rettferdighet og toleranse”, og ”fint at mennesker er forskjellige og det skal være plass til alle”.

Som sagt var dei aller fleste svara nøytrale, men det var 79 svar som var koda som negative, deriblant: ”æsj”, ”stakkars uheldige menneske”, ”tull”, ”unormalt, bør ikke få for mye oppmerksamhet, kan vere ”smittsomt”, ”ekle typer” og ”sykdom”. Det var ikkje mange som uttrykte negative haldningar, og dei var i ulik grad. Svar som vart koda som misforståingar inkluderte personar som har misforstått omgrepene, og personar som svarte at dei ikkje forstår/veit kva transperson betyr eller kun svarte med eit spørjeteikn. 99 svar vart koda som misforståingar, som ”personer som beveger seg til ett eller flere land. flyktninger?”, ”biseksuelle personer”, ”personer med avvikende seksuell legning”, ”personer som har en ambivalent kjønnslig seksualitet”, ”personer som på en måte har 2 personligheter” og ”homofil”. Dei fleste av svara som vart koda som ei misforståing knytta omgrepene til seksuell orientering. Den siste kategorien var ”vet ikke”, og 78 svar kom under denne. Den skiljar seg fra misforståingar ved at det ikkje var tydeleg at personen ikkje hadde kjennskap til omgrepene, men at dei ikkje visste kva assosiasjonar dei hadde eller at dei ikkje hadde nokon.

Ein føredel med å formulere eit ope spørsmål at det var interessant å få innsikt i kunnskapsnivået og mangfoldige tolkingar av omgrepene. Det var også mange som oppfatta transperson som eit samleomgrep for lhbt-personar, som ”menn i kvinnekjær. og motsatt. født i feil kropp. Lesbisk homofil”. Fleire tolka det også som homofile menn som kler seg ut som kvinner (transvestittar), men det var også mange som skildra det som transseksualisme, ”født i feil kropp” var ein gjengangar.

## 8.2 Haldningar til endring av juridisk kjønn

Totalt vart 1228 respondentar spurt om kva praksis dei meinte bør vere gjeldande i Norge, dei kunne velje blant alternative praksisar. Det same spørsmålet vart altså stilt til fire uavhengige utval, men tilleggsinformasjonen behandlingsutvala fikk var ulik. Det andre utvalet fikk tilleggsinformasjon om landdøme på dei alternative praksisane, det tredje utvalet fikk også landdøme men fikk også informasjon om Norges dåverande praksis, og det fjerde utvalet fikk dei same landdøma og informasjon om lovforslaget om endring av juridisk kjønn.

### **Operasjonalisering av variablar:**

Variabel 2a ber respondenten om å velje mellom ulike praksisar som er vanlege (n= 340).

<b>Variabel 2a:</b> Hvilken av disse reglene synes du bør gjelde i Norge?
---

*Noen mennesker har en kjønnsidentitet eller et kjønnsuttrykk som avviker fra det som er normen for deres biologiske kjønn. Disse kalles gjerne transpersoner. Mange transpersoner ønsker å skifte juridisk kjønn slik at deres offentlige papirer (pass, førerkort etc.) er i samsvar med deres opplevde kjønnsidentitet. Hva som kreves for at en person skal få lov til å skifte juridisk kjønn varierer mellom land. Listen nedenfor viser de vanligste reglene.*

1	Krav om sterilisering, diagnosen transseksuell og medisinsk behandling
2	Krav om diagnosen transseksuell og medisinsk behandling
3	Krav om diagnosen transseksuell
4	Ingen absolute krav, personen bestemmer selv etter fylte 16 år
5	Det bør ikke være mulig å skifte juridisk kjønn

Variabel 2b ber respondenten velje mellom ulike praksisar som er vanlege, men dei får omgå døme på land som har dei ulike praksisane som blir lista opp (n = 305).

<b>Variabel 2b:</b> Hvilken av disse reglene synes du bør gjelde i Norge?
---

*Noen mennesker har en kjønnsidentitet eller et kjønnsuttrykk som avviker fra det som er normen for deres biologiske kjønn. Disse kalles gjerne transpersoner. Mange transpersoner ønsker å skifte juridisk kjønn slik at deres offentlige papirer (pass, førerkort etc.) er i samsvar med deres opplevde kjønnsidentitet. Hva som kreves for at en person skal få lov til å skifte juridisk kjønn varierer mellom land. Listen nedenfor viser de vanligste reglene.*

1	Krav om sterilisering, diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (praktiseres for eksempel i Romania og Slovenia)
2	Krav om diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (praktiseres for eksempel i Sverige, Spania og Estland)

3	Krav om diagnosen transseksuell (praktiseres for eksempel i Østerrike, Tyskland og Nederland)
4	Ingen absolutte krav, personen bestemmer selv etter fylte 16 år (praktiseres for eksempel i Danmark, Argentina og Malta)
5	Det bør ikke være mulig å skifte juridisk kjønn

Variabel 2c ber respondenten velje mellom ulike praksisar med landdøme, men i denne variabelen blir Norge nytta som landdøme i kategori 1, og respondenten veit dermed kva praksis som blir nytta i Norge (n= 289).

**Variabel 2c:** Hvilken av disse reglene synes du bør gjelde i Norge?

*Noen mennesker har en kjønnsidentitet eller et kjønnsuttrykk som avviker fra det som er normen for deres biologiske kjønn. Disse kalles gjerne transpersoner. Mange transpersoner ønsker å skifte juridisk kjønn slik at deres offentlige papirer (pass, førerkort etc.) er i samsvar med deres opplevde kjønnsidentitet. Hva som kreves for at en person skal få lov til å skifte juridisk kjønn varierer mellom land. Listen nedenfor viser de vanligste reglene.*

1	Krav om sterilisering, diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (dagens praksis i Norge)
2	Krav om diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (praktiseres for eksempel i Sverige, Spania og Estland)
3	Krav om diagnosen transseksuell (praktiseres for eksempel i Østerrike, Tyskland og Nederland)
4	Ingen absolutte krav, personen bestemmer selv etter fylte 16 år (praktiseres for eksempel i Danmark, Argentina og Malta)
5	Det bør ikke være mulig å skifte juridisk kjønn

Variabel 2d ber respondenten velje mellom ulike praksisar med landdøme inkludert Norge, men det blir også informasjon om det nye lovforslaget som er under behandling (n = 294).

**Variabel 2d:** Hvilken av disse reglene synes du bør gjelde i Norge?

*Noen mennesker har en kjønnsidentitet eller et kjønnsuttrykk som avviker fra det som er normen for deres biologiske kjønn. Disse kalles gjerne transpersoner. Mange transpersoner ønsker å skifte juridisk kjønn slik at deres offentlige papirer (pass, førerkort etc.) er i samsvar med deres opplevde kjønnsidentitet. Hva som kreves for at en person skal få lov til å skifte juridisk kjønn varierer mellom land. Listen nedenfor viser de vanligste reglene. I Norge pågår det nå en prosess for å endre reglene. Lovforslaget innebærer at personer over 16 år skal bestemme juridisk kjønn selv.*

1	Krav om sterilisering, diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (praktiseres for eksempel i Romania, Slovenia og Norge)
2	Krav om diagnosen transseksuell og medisinsk behandling (praktiseres for eksempel i Sverige, Spania og Estland)
3	Krav om diagnosen transseksuell (praktiseres for eksempel i Østerrike, Tyskland

	og Nederland)
4	Ingen absolutte krav, personen bestemmer selv etter fylte 16 år (praktiseres for eksempel i Danmark, Argentina og Malta)
5	Det bør ikke være mulig å skifte juridisk kjønn

Ein føresetnad for survey-eksperiment er at utvala skal vere så like som mogleg. Eg har sjekke relevante bakgrunnsvariablar som kjønn, utdanning og alder i dei ulike utvala.


Kjønnsfordelinga er relativt lik i all utvala, med omtrent lik fordeling mellom kjønna i dei ulike utvala. Utdanningsnivå, og alder var også relativt likt fordelt i dei ulike utvala.

Det mest vanlege testen som nyttast til å undersøkje om forskjellen mellom to gjennomsnittsverdiar er signifikante er to utvals t-test. T-testar skal i utgangspunktet berre nyttast på (omtrentleg) normalfordelte populasjonar. Ei fordeling som er veldig skeiv vil betrakteleg redusere testens kraft, men i moderate eller store utval kan brot på normalitetsfordeling framleis gi nøyaktige p-verdiar (Coladarci mfl. 2010, 290). Fordelingane på dei ulike variablane er ikkje normale, men dei er heller ikkje veldig skeive så eg vurderte testen som passande for dette datamaterialet. T-testen testar  $H_0 (M_1 - M_2 = 0)$ , at gjennomsnittsdifferansen er lik 0, og  $H_a (M_1 - M_2 \neq 0)$  at gjennomsnittsdifferansen ikkje er lik 0. Signifikansnivået er fem prosent så ein p-verdi under 0.05 vil konkludere med at gjennomsnittsdifferansen er signifikant.

### 8.2.1 Resultat

Eg har framstilt distribusjonen av variablane i sektordiagram med prosentdel for dei ulike kategoriane. Sidan utvalsstorleiken er varierande er framsyninga i form av prosent sidan vi vil samanlikne dei ulike utvala. Eg vil også vise resultatet av to-utval t-test som samanliknar gjennomsnittet i kontrollutvalet (variabel2a) med gjennomsnittet i behandlingsutvala. Resultata framstillast også samla i eit gruppert stolpediagram, som gir eit meir heilskapleg framsyning av resultata.

## 2a. Vikår for endre juridisk kjønn



Figur 4 sektordiagram av variabel 2a

Variabel 2a, kontrollutvalet, viser at heile 55% føretrekk endring av juridisk kjønn basert på erklæringsmodellen. 19 % valte krav om diagnose, og 13% valte krav om diagnose og medisinsk behandling. 8 % meinte at det ikke bør vere lov å endre kjønn, medan 2% støtta krav om diagnose, behandling og sterilisering.

## 2b. Vilkår for å endre juridisk kjønn



Figur 5 Sektordiagram av variabel 2b

Variabel 2b, med døme på land som praktiserer dei ulike praksisane, hadde liknande resultat som variabel 2a. Støtta til erklæringsmodellen er framleis høgst på 47%, medan støtte til krav om diagnose auka med fem prosentpoeng. Val av steriliseringskravet vart redusert til 1%, og 9% meinte at det ikkje bør vere lov å endre juridisk kjønn. I likskap med den førre variabelen var det 13% som meinte at diagnose og medisinsk behandling bør vere krav for endring av juridisk kjønn.

**Tabell 2 To utvals t-test for 2a og 2b**

	n	Gjennomsnitt	Gjennomsnittsdifferanse	p-verdi
Variabel2a	340	3.647059	- .0250723	0.7552
Variabel2b	305	3.672131		

Resultatet av t-testen viser at p-verdien for Ha ( $\text{diff} \neq 0$ ) er 0.7552. Eg kan derfor ikkje avvise H<sub>0</sub>, og det er dermed ikkje ein signifikant forskjell mellom gjennomsnitta. Informasjonen om andre land sine praksisar hadde dermed ikkje ein signifikant effekt på preferansane.

## 2c. Vilkår for å endre juridisk kjønn



Figur 6 Sektordiagram av variabel 2c

Variabel 2c skil seg betrakteleg frå dei andre variablane. Her fikk respondentane vite at dåverande praksis for endring av juridisk kjønn stilte krav om diagnosen transseksuell, medisinsk behandling og sterilisering. Det var heile 17% som støtta steriliseringskravet i dette utvalet. Fleirtalet på 44% støtta likevel sjølverklæringsmodellen. 14% støtta vilkåret om diagnose og behandling, medan 13% støtta vilkåret om diagnose. I samsvar med dei andre utvala, mente 8% at endring av juridisk kjønn ikkje burde vere lov.

Tabell 3 To utvals t-test for 2a og 2c

	n	Gjennomsnitt	Gjennomsnittsdifferanse	p-verdi
Variabel2a	340	3.647059	.4117647	0.0001
Variabel2c	289	3.235294		

Resultatet av t-testen viser at p-verdien for Ha ( $\text{diff} \neq 0$ ) er 0.000. Det er derfor nok bevis til å avvise H0, og det er ein signifikant forskjell mellom gjennomsnitta. Informasjonen om Norge sin praksis hadde dermed ein effekt på preferansane.

## 2d. Vilkår for å endre juridisk kjønn




Figur 7 Sektordiagram av variabel 2d

Variabel 2d viser ei overveldande støtte til sjølverklæringsmodellen, 66% føretrakk dette alternativet. Dette utvalet fikk vite at regjeringa hadde foreslått eit lovforslag basert på erklæringsmodellen, som kan forklare dette. Andelen som meinte det ikkje bør vere mogleg å endre juridisk kjønn var stabil i alle utvala, som i dette utvalet var 9%. Støtta til steriliseringskravet, krav om diagnose og medisinsk behandling og krav om diagnose var høvesvis på 4%, 6% og 10%.

**Tabell 4 to utvals t-test for 2a og 2d**

	n	Gjennomsnitt	Gjennomsnittsdifferanse	p-verdi
Kjønnend2a	340	3.647059	- .210084	0.0078
Kjønnend2d	294	3.857143		

Resultatet av t-testen viser at p-verdien for Ha ( $\text{diff} \neq 0$ ) er 0.0078. Det er tilstrekkelig til å avvise H0, og det er dermed ein signifikant forskjell mellom gjennomsnitta. Informasjonen om lovforslaget hadde dermed ikkje ein signifikant effekt på preferansane.



Figur 8 Samla stolpediagram av survey-eksperimentet

Det første som er merknadsverdig bår vi ser på dei samla resultata er at støtta til sjølverklæringsmodellen er klart størst i alle utvala. Dette var litt uventa, eg hadde kanskje truudd det skulle vere litt større skepsis til dette. Vi ser at støtta til steriliseringskravet er lågast i det andre utvalet der Romania og Slovenia blir nytta som døme på denne praksisen, så H1 vart bekrefta. Denne forskjellen mellom kontrollutvalet (2%) og behandlingsutvalet (1%) er dog veldig marginal, og gjennomsnittsdifferansen var ikkje signifikant. Det er ganske tydeleg at støtta til steriliseringskravet var størst i det tredje utvalet som fikk informasjon om at det var dåverande praksis i Noreg, så H2 vart bekrefta. Denne forskjellen var ganske markant mellom kontrollutvalet (2%) og behandlingsutvalet (13%). Støtta til sjølverklæringsmodellen var som venta størst i det fjerde utvalet som fikk informasjon om lovforslaget om endring av juridisk kjønn, så H3 var også bekrefta. Til tross for at støtta til dette alternativet også var høg i kontrollutvalet (55%), var det ei tydeleg auke i behandlingsutvalet (66%).

### 8.3 Haldningar til ein tredje kjønnskategori

Innføring av ein tredje juridisk kjønnskategori har ikkje vore diskutert i like stor grad som retten til å endre juridisk kjønn, men eg ville likevel inkludere haldningar til ein tredje

kjønnskategori i datasettet. Fleire organisasjonar som representerer transpersonar sine interesser har fremja dette, og det vart tatt opp i førrearbeidet til lova om endring av juridisk kjønn. Det har også blitt innført i andre land.

Her er oversikta over variabelen (n= 426):

Variabel 3: Hvor enig eller uenig er du i at Norge bør innføre muligheten for å sette «A» (for annet) som et tredje alternativ for kjønn i passet, i tillegg til «M» (mann) og «K» (kvinnne)?	
1	Svært enig
2	Enig
3	Noe enig
4	Verken enig eller uenig
5	Noe uenig
6	Uenig
7	Svært uenig

### 7.3.1 Resultat

